

# Evaluering av Kvalitetsreformen

DELRAPPORT 8

## Internasjonalisering

Tor Halvorsen og Reidun Faye



**Evaluering av Kvalitetsreformen**  
**Delrapport 8**

**Internasjonalisering**  
Tor Halvorsen og Reidun Faye

**Dette er Delrapport 8 fra Evalueringen av Kvalitetsreformen. Tidligere er utgitt:**

Delrapport 1: Svein Michelsen og Per Olaf Aamodt (red.): *Kvalitetsreformen møter virkeligheten* (februar 2006)

Delrapport 2: Bjørn Stensaker: *Institusjonelle kvalitetssystemer i høyere utdanning – vil de bidra til bedre kvalitet?* (mai 2006)

Delrapport 3: Elisabeth Hovdhaugen og Per Olaf Aamodt: *Studiefrfall og studiestabilitet* (mai 2006)

Delrapport 4: Nicoline Frølich og Antje Klitkou: *Resultatbasert forskningsfinansiering. Vitenskapelig publisering 1991/96-2004* (juli 2006)

Delrapport 5: Bjørn Stensaker: *Kvalitet som forhandling: NOKUT i norsk høyere utdanning 2003-2006* (oktober 2006)

Delrapport 6: Per Olaf Aamodt, Elisabeth Hovdhaugen og Vibeke Opheim: *Den nye studiehverdagen* (desember 2006)

Delrapport 7: Olga Dysthe, Arild Raaheim, Ivar Lima og Arne Bygstad: *Undervisnings- og vurderingsformer. Pedagogiske konsekvenser av Kvalitetsreformen* (desember 2006)

Rapportene kan bestilles gjennom:

Rokkansenteret Telefon: Sentralbord 55589710

Telefax: 55589711

v. Svein Michelsen

Telefon: 555 82161 | Telefax: 555 89890

e-post: [svein.michelsen@aorg.uib.no](mailto:svein.michelsen@aorg.uib.no)

Adresse: Nygårdsgaten 5, 5015 Bergen

Eller:

NIFU STEP

Telefon sentralbord: 22 59 51 00

Telefax: 22 59 51 01

v. Per O. Aamodt

tlf 22 59 51 18

e-post: [per.o.aamodt@nifustep.no](mailto:per.o.aamodt@nifustep.no)

Wergelandsveien 7

0167 Oslo

## Forord

Denne delrapporten tek føre seg internasjonalisering etter Kvalitetsreforma, og ser på korleis Kvalitetsreforma representerer ei ny type internasjonalisering og korleis gamle internasjonaliseringspraksisar blir trekt inn i dei nye. Rapporten ser i hovudsak på organisasjonane i sektoren og på måten det internasjonale arbeidet er drive innan desse. Fokus ligg særleg på dei som har ansvaret for det internasjonale arbeidet innan den enkelte organisasjon, og hovudvekta av datamaterialet er frå intervju med dei internasjonalt ansvarlege ved organisasjonane, utført hausten 2006. Desse data blir og kontrastert med data frå strategiar og dokument frå dei ulike organisasjonane, ei spørjegransking blant vitskapleg tilsette gjennomført av Rokkansenteret og NIFU STEP i 2005, Levekårsundersøkinga blant studentar utført av SSB i 2005, samt kassstudium ved utvalte organisasjonar.

Vi rettar ein takk til dei internasjonalt ansvarlege som tok seg tid til å bli intervjuja og skaffe oss dokument og materiale om internasjonalisering ved organisasjonane. Rapporten er skriven av Reidun Faye og Tor Halvorsen ved Rokkansenteret.

Oslo – Bergen, desember 2006

Svein Michelsen

Per Olaf Aamodt



# Innhold

<b>1</b>	<b>Introduksjon .....</b>	<b>7</b>
1.1	Den offentlege diskursen.....	8
1.2	Gammal og ny internasjonalisering.....	13
1.3	Tema og tilnærming .....	16
1.4	Data og kjelder .....	17
<b>2</b>	<b>Organisasjonar i eit utdanningssystem – nasjonal tilpassing og strategiske organisasjonar.....</b>	<b>20</b>
2.1	Kvalitetsreforma sin generelle innverknad på det internasjonale arbeidet.....	22
2.2	Strategidokument for internasjonalisering – ein ekskurs .....	22
2.2.1	Målsettingar og motiv for å internasjonalisere .....	23
2.2.2	Utdanning og forskning .....	24
2.2.3	Satsingsområde .....	25
2.2.4	Mobilitet.....	26
2.3	Den legitimerande rolla til reforma .....	28
2.4	Internasjonalisering og kvalitet? .....	30
2.5	Tilhøvet til myndigheitene .....	33
2.6	Organisering, kvalifikasjonar og tiltak: kontorisering eller profesjonalisering?..	37
2.6.1	Dei internasjonalt ansvarlege.....	38
2.6.2	Plassering av det internasjonale kontoret i organisasjonen.....	39
2.6.3	Rapportering om internasjonalisering i eigen organisasjonen.....	39
2.6.4	Prioriteringar i det internasjonale arbeidet.....	40
2.7	Fag og/eller administrasjon? Forskar og/eller studentutveksling? .....	42
2.8	Tilhøvet mellom internasjonalt ansvarleg og leiinga .....	45
2.9	Internasjonalisering heime .....	46
2.10	Haldningar og verdiar.....	50
2.11	Oppsummering .....	54
<b>3</b>	<b>Aktørar i sektoren .....</b>	<b>56</b>
3.1	Organisasjon .....	56
3.2	Leiing.....	57
3.3	Studentar.....	58
3.3.1	Rett eller plikt til utveksling .....	59
3.3.2	Grad av utveksling .....	60
3.3.3	Romlege orienteringar .....	62
3.3.4	Finansiering.....	65
3.3.5	Program og avtalar.....	66
3.4	Forskarar og fagfolk .....	68
3.4.1	Studentutvekslinga og den akademiske fridomen.....	71
3.4.2	Internasjonalisering ute og heime .....	73

3.4.3 Inga internasjonalisering utan engelsk? .....	78
3.5 Marknaden og det nye kontraktstilhøvet? .....	80
3.6 Kvalitet.....	80
3.7 Symbolproduksjon, ære, rykte og rankingar .....	81
3.8 Oppsummering.....	81
<b>4 Nokre hovudtrekk .....</b>	<b>83</b>
4.1 Studentutveksling og avtalar .....	83
4.2 Leiaransvar.....	85
4.3 Dei internasjonalt ansvarlege .....	85
4.4 Tilhøvet mellom fagleg og administrativt tilsette .....	86
4.5 Internasjonalisering heime .....	86
4.6 Marknaden .....	87
4.7 Språk .....	89
4.8 Strategiar og prioriteringar i rommet .....	90
4.9 Gammal og ny internasjonalisering?.....	91
4.10Sluttord.....	93
<b>Litteraturliste.....</b>	<b>95</b>
<b>Vedlegg 1: Kategorisering av institusjonane .....</b>	<b>99</b>
<b>Vedlegg 2: Intervjuguide for internasjonalt ansvarleg.....</b>	<b>101</b>

# 1 Introduksjon

I løpet av 1990 kjem eit nytt tema på den utdaningspolitiske dagsorden. Dei fleste land verda over opplever no at internasjonalisering påverkar deira nasjonale utdanningssystem. Grenser blir kryssa på måtar og i eit omfang vi tidlegare ikkje har sett. Vi opplever særleg eit nytt fokus på mobilitet av studentar og forskarar. Men vi har og fått ein debatt om formidling av utdanningstenester i ein global marknad, ein vekst i talet på studentar som blir rekruttert frå land i sør til utdanningssystemet i nord (brain-gain), og vi ser at utdanningsorganisasjonar etablerer seg med bransjar i andre land. Nettverk av universitet på tvers av landegrenser er blitt vanleg, anten for samarbeid eller for konkurranse i ein utdanningsmarknad eller begge deler. I tillegg formidlar IKT utdanningstenester på tvers av og på tross av alle tidlegare grenser.

Alle desse endringane gjer at internasjonalisering blir ein viktig del av utdanningspolitikken. Måten ein internasjonaliserer på, eller lar internasjonale krefter virke innan den nasjonale ramma, vil ligge til grunn for utviklinga av det høgre utdanningssystemet som eit heile. Denne utviklinga vil påverke kva form det nasjonale utdanningssystemet skal ha, og kva styring staten kan eller vil utøve overfor sektoren. Men det vil og påverke det globale kunnskapsamfunnet, korleis kunnskapsressursane blir fordelt, og korleis vi utviklar og deler kunnskap om dei globale problem.

Noreg blir som andre land påverka av denne nye utviklinga, men har og ei særleg interesse for dette temaet. Vi har i lang tid har hatt mange studentar i utlandet som har tatt heile grader og vi har lange tradisjonar for samarbeid med land i sør. Vi har ein open økonomi og tradisjonar for samarbeid og utveksling med mange deler av verda. Samstundes har vi eit høgre utdanningssystem som er offentleg, styrt av staten, med god studentfinansiering og rett til utdanning. Vi er del av ein ”nordisk modell” som no får merksemd langt ut over Norden. Eit slikt system kan vere vanskeleg å sameine med ein politikk for nedbygging av nasjonale grenser.

Trongen for ein politikk på dette området blir grundig drøfta i NOU: 2000:14 (Mjøsutvalet) i lys av andre politiske endringar som det blei gjort framlegg om for den høgre utdanningssektoren. Internasjonalisering skal både ta vare på tidlegare former for grensekryssande utdanning, men og opne opp for nye. Og den skal tilpassast nye styreformar, samstundes som det er viktig at den er del av den overordna offentlege politikken.

I denne delrapporten frå evalueringa av Kvalitetsreforma presenterar vi analysar av internasjonalisering etter Kvalitetsreforma. Kvalitetsreforma i seg sjølv er eit uttrykk for utdanningspolitikken si internasjonalisering. Den fell saman med iverksettinga av Bolognaprosessen, og blir på mange måtar lik denne. Den fører vidare i sine framlegg til internasjonalisering mange av ideane utvikla innan EU, til dømes i tilknytning til Erasmus



programmet, og den framhever kor viktig det er å bygge på dei solidaritetstradisjonar vi har opparbeida gjennom kunnskapssamarbeid med land i sør.

Men Kvalitetsreforma er ikkje berre ein del av ein internasjonal trend. Den står også fram som unik i si samla satsing på grensekryssande aktivitetar. Særleg viljen til å finansiere utvekslingsopphald for alle studentar som ønskjer det, har vekt oppsikt. No, om lag tre år etter at reforma vart iversett, ser vi og at Kvalitetsreforma har representert eit vendepunkt for internasjonaliseringa innan sektoren.

Målet for Kvalitetsreforma er internasjonalisering av heile sektoren i Noreg. I den nasjonale strategien for internasjonalisering er likevel forventningane at det er dei enkelte organisasjonane som må forme ut strategiar og mål for dette arbeidet. I denne rapporten ser vi difor i hovudsak på organisasjonane i sektoren og på måten det internasjonale arbeidet er drive innan desse. Vi fokuserer særleg på dei som har ansvaret for det internasjonale arbeidet innan den enkelte organisasjon. Det internasjonale arbeidet, og dei vilkåra det blir til under, blir og kontrastert med data om korleis dei fagleg tilsette og leiinga på lågare nivå vurderer internasjonalisering under Kvalitetsreforma, samt utfylt med data frå hovudmålgruppa for Kvalitetsreforma; studentane.

## **1.1 Den offentlege diskursen**

Den offentlege politiske debatten rundt avgjerslene om å sette Kvalitetsreforma ut i livet skapte og mange av rammene for den internasjonaliseringsaktiviteten som vi vil drøfte i det følgjande. Samla vil denne analysen av organisasjonane i sektoren og variasjonane innan denne beskrive korleis ulike deler av intensjonane i reformdebatten er tekne vare på. Dei viktigaste dokumenta for analysen er NOU 2000:14 (Mjøsutvalet), St.meld. 27 (2000-2001), samt rapporten som Utdannings - og Forskingsdepartementet (UFD) arbeidde ut i samarbeid med andre departement med tittelen *Internasjonaliseringsstrategi for høgere utdanning– rapport fra prosjektgruppen* (UFD 2002).

Kvalitetsreforma har som generell føresetnad at kvalitet og internasjonalisering heng saman. Internasjonalisering fører til samanlikningar, som igjen fører til læring. Denne læringa kan omsettast til idear og tiltak som kan gjere organisasjonane betre. Forskaren, studenten, leiaren, vil alle lære gjennom internasjonalisering og dermed søke å heve kvaliteten på studiane, forskinga og organisasjonen. Det er og ein generell føresetnad at utdanningssystemet i Noreg er utsett for internasjonal konkurranse. Fordi konkurransen er internasjonal må og kvaliteten på det ein gjer vere av internasjonal standard. Slike standardar vil utvikle seg gjennom grensekryssande samanlikningar, helst i tilknytning til egne erfaringar. For å konkurrere må ein lære gjennom samanlikningar. Kvalitetsreforma

kan såleis sjåast på som den reforma som førte det norske utdanningssystemet inn i den internasjonale konkurransen om kvalitet og (dermed) akademisk ære<sup>1</sup>.

Men Kvalitetsreforma styrer denne konkurransen i bestemte retningar. Denne styringa formar og vilkåra for internasjonalisering. For det første er det internasjonalisering *i sektoren*. Det er ikkje internasjonalisering *av sektoren*. Den skal framleis vere offentleg og eigd i hovudsak av staten. Dei enkelte organisasjonane skal vere del av ein høgere utdanningssektor som er under statleg styre og kontroll. Det er heile denne sektoren som skal internasjonaliserast. Til skilnad frå mange andre land er det såleis ikkje internasjonalisering av deler av sektoren, anten som etableringar av søsterorganisasjonar i andre land, eller som ei teneste ein kan konkurrere om i den internasjonale marknaden.

*En liberalisert internasjonal utdanningssektor der markedskreftene legger føringer, vil være i strid med målene for vår utdanningspolitikk (St.meld. nr.27, 2000-2001:17).*

Men sjølv om heile sektoren skal internasjonaliserast skal denne i hovudsak skje *i den enkelte organisasjonen*. Målet med denne internasjonaliseringa er å eksponere for konkurranse, og denne er no, også innan høgere utdanning, global. Internasjonalisering er potensielt eit middel til kvalitetsheving for den enkelte organisasjonen i ein stadig meir overnasjonal konkurranse. Men for å bli eit middel til kvalitetsheving må organisasjonane sette arbeidet med internasjonalisering inn i ein strategisk samanheng. For det første må dei ulike organisasjonane ha ulike formål avhengig av om dei primært er breiddeuniversitet, vitskaplege høgskular, profesjonshøgskular eller ulike kombinasjonar av dette. For det andre; internasjonalisering som middel til kvalitetsauke føreset og at ein klarer å gjere val innerter i organisasjonen for å styrke den enkelte organisasjonen sin eigenart eller sterke sider. Gjennom internasjonale samanlikningar kan ein lære å prioritere dei områda ein er god på, styrke seg på nokre områder, eller redusere innsatsen der ein er mindre god. Internasjonalisering kan føre til sterkare spesialisering, ikkje berre gjennom komparasjonen, men og gjennom dei samarbeidsformer som internasjonalisering gjer mogleg. Men dette fordrar og at ein har evner til intern omfordeling:

*Internasjonalisering innebærer at forskning, utdanning og kompetanse i større grad blir målt i forhold til forskningsmiljøene og forskningsfronten internasjonalt, og at utdanningstilbud som ikke møter internasjonale kompetansekrav kan komme til å bli marginalisert. Det er derfor viktig at institusjonene utvikler en klar faglig profil og satses på å hevde seg internasjonalt på utvalgte området. (St.meld. nr.27, 2000-2001:17).*

Men dette fokuset på konkurranse, med sine konsekvensar for strategiske val innan organisasjonen, skal ikkje føre til at sektoren prioriterer ned eller vekk samarbeid med utdanning og forskarorganisasjonar i sør. Tvert om, gitt den globale utviklinga innan det høgere utdanningsområdet, er det viktig med auka samarbeid. Medan det er den generelle haldninga at ein i utgangspunktet skal kunne søke samarbeid med alle deler av verda, skal

---

<sup>1</sup> St.meld. nr. 27, 2000-2001:10: ”Det er kvaliteten på våre beste universiteter som i stor grad vil bestemme Norges plass og anseelse i det globale forskersamfunnet”.

ein likevel, i høve til utviklingsland, framleis ta eit særleg ansvar for å styrke kunnskapsutvekslinga med land som har svake rammevilkår for kvalitetsutvikling.

*Utdanningsinstitusjonene spiller en viktig rolle i utviklingslandenes langsiktige økonomiske, sosiale og kulturelle utvikling. Det er derfor viktig å arbeide for økt samarbeid og kunnskapsutvikling med lærestedene i utviklingsland. (St.meld. nr.27, 2000-2001:38).*

Den politiske diskursen gir få klargjerande svar på korleis samarbeid med sør kan heve kvaliteten ved eigne organisasjonar. Eventuelle konflikhtar mellom deltaking i ein konkurranse internasjonalt versus det å søke samarbeid i sør, vil den enkelte organisasjon måtte løyse gjennom sine prioriteringar og strategiske val. Men nokre føringar på slike val eller avvegingar blei likevel nedfelt i dei framlegga til den interdepartementale prosjektgruppa, med tittelen ”Internasjonaliseringsstrategi for høyere utdanning– rapport fra prosjektgruppen” (UFD 2002, vår utheving).

For det første la denne interdepartementale prosjektgruppa i tolkinga si av St.meld. nr.27 vekt på behovet for ein ny nasjonal satsing og for ein nasjonal strategi for heile sektoren, til tross for dei store variasjonane innan denne, og til tross for at internasjonaliseringsaktivitetane burde legge grunnen for ulike individuelle konkurransestrategiar (UFD 2002). Det blir og vist til at sektoren sjølv bad om ein nasjonal politikk og sterkare politiske signal kopla til strategisk handlekraft. Det er mellom anna i denne prosessen at Senter for Internasjonalt Universitetssamarbeid (SIU) blir overført frå Universitetsrådet (no Universitets- og Høgskolerådet) til Staten, og reorganisert som eit statsorgan med tittelen og imperativet ”Senter for internasjonalisering av høgere utdanning” (SIU). Saman med NOKUT og ”Avdeling for internasjonalisering og analyse”<sup>2</sup>, representerer SIU den nye styrings - og støtteordninga for internasjonalisering innan heile sektoren.

Dei ”bærande elementa” i den nye nasjonale strategien skulle likevel vere fagmiljøa. Staten kan lage gode rammevilkår, og no betre enn før, men det er fagmiljøa som må gjere seg nytte av desse gjennom sitt engasjement og i tråd med sine kunnskapsinteresser. Dette var ein føresetnad for nær kontakt og samvirke mellom utdanning og forskning, og for mobilitet både inn og ut på alle faglege så vel som administrative nivå.

Den nasjonale satsinga måtte ta omsyn både til spissing og til bredde. På den eine sida burde sektoren bruke dei nye storsatsingane på spisskompetansemiljø, dei såkalla Sentre for framifrå forskning (SFF) til å internasjonalisere dei utdanningsorganisasjonane som har lukkast i konkurransen om desse. Dei kunne tene til å marknadsføre dei enkelte organisasjonane, og dermed og – indirekte – betre det internasjonale ryktet til heile sektoren; eller ”brukes som blikkfang og forankring for institusjonenes internasjonaliseringssatsing”. Men til tross for denne spissinga, måtte ein og ta omsyn til at internasjonalisering skulle skje i breidda, dvs., gjelde alle aktørane innan sektoren. Det

---

<sup>2</sup> Denne avdelinga blei seinare reorganisert med nytt namn; Avdeling for analyse, internasjonalt arbeid og kompetansepolitikk (AIK).

tyder at strategien må ta omsyn til skilja mellom høgskolar og universitet, profesjonsutdanningar og allmenne (eller frie) fag på måtar som skapte likeverd i internasjonaliseringa. Internasjonalisering skal med andre ord ikkje berre støttast om den fremmer organisasjonane i konkurransen, men og sikre at sektoren samla kjem opp på eit høgt internasjonalisering nivå.

Og kvalitet i internasjonaliseringa, og internasjonalisering som middel til kvalitetsheving gjennom samanlikningar og konkurranse måtte, som framheva både i Mjøsutvalet<sup>3</sup> og i St.meld. nr.27, ikkje føre til at dei mange gode nettverk bygd opp mot sør blei skadelidande.

*Kvalitetssatsingen må heller ikke forstås slik at den ekskluderer samarbeidet med institusjoner i Sør. Den rollen de norske utdanningsinstitusjonene har pleiet og spesialisert i flere tiår, hvor utdannings- og forskningssamarbeidet inngår i norsk innsats for global omfordeling og bistand til oppbygging, er ikke bare et politisk ansvar. Den gir også klare bidrag til kvalitet av både utdanning og forskning ved norske institusjoner, og må sees som del av en kvalitetsstrategi (St.meld. nr.27 s.2)*

Solidaritet, brubygging og samarbeid mellom rike og fattige land må vere målet for forminga av det framtidige globale kunnskapssamfunnet, også innan dei enkelte norske utdanningsorganisasjonane. Fokus på spisskompetanse, eller internasjonalisering som bygging av nettverk med dei beste måtte ikkje fortrenge kvaliteten som kunne tilførast undervising og forskning gjennom samarbeid med dei som var mindre gode målt etter ”normalvitskaplege” kvalitetskriterium.

*Satsingen på samarbeid mellom universiteter og høgskoler i Norge og i utviklingsland bør forsterkes (...) (NOU 2000:14, s.29).*

Og vidare blir dette utdjupa av Mjøsutvalet:

*Prinsippet om internasjonalt samarbeid basert på solidaritet, anerkjennelse og gjensidig støtte, ekte partnerskap som tjener partnernes interesser på en rettferdig måte, samt verdien av å dele kunnskap og knowhow på tvers av landegrensene, bør være ledetråden i forbindelsene mellom de høgre utdanningsinstitusjonene både i utviklede land og i utviklingsland, og bør spesielt komme de minst utviklede land til gode (NOU 2000:14, s.99).*

Når den nye lova for sektoren (Ot.Prp. nr. (2003-2004)) framhever at ein skal samarbeide med dei beste for sjølv å bli betre, og søke å nå ”forskningsfronten”, er dette eit krav som må lempast på om internasjonaliseringsstrategiar skal ta omsyn til sør og internasjonalisering skal stå fram som eit solidaritetsprosjekt.

---

<sup>3</sup> ”Satsingen på samarbeid mellom universiteter og høgskoler i Norge og i utviklingsland bør forsterkes (...)” (NOU 2000:14, s.29). Og ”Prinsippet om internasjonalt samarbeid basert på solidaritet, anerkjennelse og gjensidig støtte, ekte partnerskap som tjener partnernes interesser på en rettferdig måte, samt verdien av å dele kunnskap og knowhow på tvers av landegrensene, bør være ledetråden i forbindelsene mellom de høgre utdanningsinstitusjonene både i utviklede land og i utviklingsland, og bør spesielt komme de minst utviklede land til gode” (NOU 2000:14, s.99).

Og internasjonalisering i organisasjonane fordrar kopling mellom det som blir erfart ute og det vi gjer heime. ”Internasjonalisering heime” må i følge strateginotatet til den interdepartementale prosjektgruppa bli tatt alvorleg; dvs. at dei impulsane kontaktar på tvers av kulturar gir, blir omsett til kvalitet i undervisning og forskning. Internasjonalisering er ein fleirkulturell interaksjon og kulturell læring blir nødvendig ikkje berre for å klare seg i nye miljø, men og for å meistre kultur møte innan ein kvar dominerande nasjonal kultur.

Norsk er framleis det viktigaste språket iallfall i undervisinga, men utan engelsk vil vi ikkje kunne få til internasjonalt samarbeid. Det er og eit viktig imperativ å internasjonalisere norsk og nordisk kultur. Det siste føreset vedlikehald og styrking av eige kulturspråk. Språk er kultur, men språk er og eit middel til kommunikasjon på tvers av kulturelle identitetar. Engelsk er nødvendig både for overnasjonal kommunikasjon og krysskulturell læring. Det nye fokuset på korte opphald og kurs som kan tilpassast utdanninga i eige heimland, framhever engelsk. Det same gjer bruken av engelsk som globalt forskarspråk og publiseringsnorm.

I den offentlege diskursen rundt iversettinga av Kvalitetsreforma og internasjonalisering kjem det såleis til syne ei rekke dilemma, som kan føre til målkonfliktar eller strategiske avvegingar både innan dei enkelte organisasjonane og mellom ulike nivå, dvs. sektoren og den enkelte organisasjonen. Det er for å kunne diskutere moglege målkonflikter at vi i særleg grad fokuserer på dei internasjonalt ansvarlege innan dei enkelte organisasjonane. Nasjonale mål for sektoren og statlege rammevilkår for den enkelte organisasjonen er utvikla, men samstundes er internasjonalisering aktivitetar som den enkelte organisasjonen sjølv må drive fram. Organisasjonane skal både følgje nasjonale mål knytt til breidda av aktivitetar, multilaterale avtalar, ulike måltal for utveksling av studentar og styrke seg i konkurransen med dei ein likar å samanlikne seg med.

Dei ulike prioriteringane og måla skal kome til uttrykk i strategiane til den enkelte organisasjonen og fremme eigenarten til denne. Dette forholdet mellom nivå, eller politiske rammevilkår og organisasjonsstrategi, heng saman med forholdet mellom spissing og breidde. På den eine sida er det nødvendig å bruke det beste for å nå fram til forskingsfronten og bli vurdert i lys av denne. På den andre sida skal heile sektoren internasjonaliserast og såleis samla heve kvaliteten gjennom erfaringar, læring og komparasjon. For heile sektoren er internasjonalisering eit mål i seg sjølv, ettersom internasjonalisering gir eksponering og læring. Men for den enkelte organisasjon kan og bør denne aktiviteten og vere eit middel til å fremme organisasjonen.

St.meld. nr.27 antyder at dei ulike organisasjonane konkurrerer i ulike segment; høgskolane har regionalt ansvar, universiteta er globale fyrtårn. Internasjonalisering kan fremme denne arbeidsdelinga, men samstundes kan nettopp internasjonaliseringsstrategiar også tene til å bryte ned denne romlege arbeidsdelinga, mellom anna som vi alt har erfart i Noreg ved hjelp av grensekryssande nettverk.

Den interdepartementale prosjektgruppa (UFD 2002) konkretiserte ei rekke mål for det strategiske arbeidet, eit arbeid som i hovudsak var tiltenkt internasjonalt ansvarlege. Som vi ser er desse måla formulert som ei forventning om auke i aktiviteten, men og som eit svar på nokre av dei dilemma vi har diskutert ovanfor. Ifølgje denne rapporten skal det arbeidast mot ein situasjon der:

- ”deltakelse i internasjonale programmer og institusjonsforankrede utvekslingsavtaler øker”<sup>4</sup>
- ”alle høgere utdanningsinstitusjoner tilbyr studenter som ønsker det, et studieopphold i utlandet som del av et gradsstudium”
- ”flere utenlandske studenter enn i dag tar høgere utdanning i Norge – studenter både frå industrialiserte land og frå utviklingsland”<sup>5</sup>
- ”institusjonene og de tilsatte utnytter muligheter til å delta i internasjonalt utdannings- og forskningsamarbeid, herunder internasjonal utveksling for lærere og forskere”
- ”norske utdannings- og forskningsinstitusjoner inngår gjensidige faglige samarbeids- og utvekslingsavtaler med tilsvarende offentlige institusjoner i utviklingsland”
- ”norske utdannings- og forskningsinstitusjoner er attraktive arbeidsplasser for utenlandske vitenskapelige ansatte”
- ”samarbeid og utveksling med land utenfor engelskspråklige områder har en bred plass”
- ”universitetene og høyskolene har mange fagtilbud på engelsk som er åpne både for utenlandske og norske studenter, og som kan inngå som del av en norsk grad”
- ”institusjonene samtidig ivaretar rollen som norske kulturinstitusjoner”

(UFD 2002:3)

Det samla inntrykket er at tiltaka retter seg mot sektoren som eit heile; det er avtalar, (kvantitativ) utveksling, samarbeid med sør med vekt på offentlege organisasjonar, og ivaretaking av den kulturelle eigenarten, til tross for større satsing på engelsk, som blir sett på som viktig.

## 1.2 Gammal og ny internasjonalisering

Kvalitetsreforma si satsing på internasjonalisering er karakterisert som eit vendepunkt og eit regimeskifte. Det er potensielt ei ny form for internasjonalisering som grip inn i studentanes og forskarane sine mobilitetsmønster, samt forskarane og utdanningsorganisasjonane sine nettverk. Forventningane i St.meld. nr.27 er at

---

<sup>4</sup> Utanriksdepartementet rapporterer til Stortinget (UD-St.meld. nr. 19 (2002-2003, kapittel 5.2) og framhever at det var meir enn ”500 bilaterale avtaler mellom norske og utenlandske institusjoner som åpnet for et formalisert samarbeid mellom høgere utdannings – og forskningsinstitusjoner”. Og, vidare ”I tillegg til tradisjonelt forskersamarbeid, samarbeid med utviklingsland og utveksling gjennom bilaterale avtaler, satser institusjonene i økende grad på deltakelse i blandt annet EUs forsknings- og utdanningsprogrammer, nordiske programer, nettverkssamarbeid, nærrområdeprogrammer (...)” Dette er ei utvikling som UD vil gi si støtte til.

<sup>5</sup> I 2003 var talet på studentar som reiser på utveksling 2778 (St.prp. nr. 1 (2006-2007), vedlegg 2), og var ei dobling sidan 1990.

internasjonaliseringa skal drivast fram gjennom fagmiljøa. Men det er og forventa at organisasjonane skal bruke den større organisatoriske autonomien og det sterkare sentrale leiarskapet til å fremme aktivitetar på vegne av fagfellesskapet, kanskje til fordel for nokre fagmiljø, kanskje på kostnad av andre. Kvalitetsreforma inviterer til ei flytting av innverknaden bort frå fakultet og fag over til organisasjonsleiinga. Internasjonalisering er og potensielt slik ein strategisk aktivitet som leiinga kan bruke til å fremme kvalitet slik dei sjølve har valt å definere denne (sjølv om internasjonalisering, truleg ved ein inkurie, ikkje er lista som virkemiddel for Kvalitetsreforma)<sup>6</sup>. Internasjonalisering er såleis – i tråd med den politiske diskursen – på den eine sida del av strategiske vurderingar, på den andre sida også avhengig av fagmiljøet for å lukkast. Kva slags koplingar som skjer mellom fag, fakultet og det sterkare leiarskapet vil såleis prege internasjonaliseringsaktivitetane ved den enkelte organisasjonen innan det nye Kvalitetsreform-regimet.

Kvalitetsreform-regimet er først og fremst konkretisert av Den interdepartementale prosjektgruppa (UFD 2002). Denne skapte sterke strategiske forventningar. For det første burde alle organisasjonane i sektoren utvikle *internasjonaliseringsplanar*. Medan tidlegare internasjonalisering har vore del av forskarane sine val av nettverk, studentane sine initiativ, eller heiltidsstudium i utlandet som i liten grad har ført til ”internasjonalisering i sektoren”, skal internasjonalisering no forankrast i *det nye handlingsrommet til leiinga* for organisasjonen og sikre at erfaringar og andre gevinstar av internasjonalisering vart ført tilbake til organisasjonen. På den måten kunne internasjonalisering bli del av kvalitetsauken.

Ei rekke forfattarar har dei siste ti åra karakterisert dette som skiljet mellom ”*gammal*” og ”*ny*” internasjonalisering, eller ”old and emerging” (SIU 2001, Gornitzka m.fl. 2003). Ein av dei fremste aktørane på området; Bernd Wächter, direktør for Academic Cooperation Association, ACA, kallar gammal internasjonalisering for ”samarbeid” omkring ”mobilitet” (Wächter, Bernd 2004:8)<sup>7</sup>. Seinare har mellom anna spørsmål om pensum (curriculum), nettverk<sup>8</sup>, IKT, livslang læring, standardsetting og rankinglister, marknadstilgang (WTO/GATS) kome til.

---

<sup>6</sup> Sjå St.meld. 27, 2000-2001, figur s.21

<sup>7</sup> Men Wächter, som Gornitzka og andre ekspertar på feltet, ser og ut til å meine at framtida er usikker, det er framleis uklart kva denne nye ”internasjonaliseringa” vil bli: ”Clearly changes are under way – but they do not all lead into one and the same direction. They are complex. So complex perhaps that we will need a few more years to identify the pattern in the carpet”. (Wächter, Bernd 2004:12). Også vår tese om ei eventuell framtidig utvikling er prega av denne leitinga etter ”tendensar”, og som vi skal sjå, av at ”gammal internasjonalisering” stadig styrker seg. Sjå og Massen og Uppstrøm (2004), ref. note 9, som ser ut til å vere mindre usikre, men då truleg meir med støtte i retorikken enn i endra praksisar. ”The traditional core of internationalisation consists of mobility of student and academic staff, in the first place at their own initiative. While the new forms of internationalisation has become more important, the traditional forms continue to exist parallel to the “new internationalisation”. This implies that a large part of the current internationalisation in higher education still takes place outside programmes, national or international actors or bodies.”

<sup>8</sup> Studier av nettverk a ymse slag er det framleis få av. Ein pionerstudie er Berkens (2004).

Alt dette gjer at ”ny” internasjonalisering no heng saman med, og difor handlar om, utdanningspolitiske spørsmål generelt, eller til og med rykker opp til å bli det overordna utdanningspolitiske tema (Halvorsen 2005). Rektorar og direktørar planlegg ikkje neste ferie når dei snakkar om Bologna, Lisboa, København, Graz, Berlin, Studentmobilitet, London, etc. men fortolkar nye rammevilkår som har avgjerande tyding for deira daglege drift av organisasjonen. Ny internasjonalisering er såleis ikkje berre nye praksisar, men samla sett ei underordning av desse praksisane til ein utdanningspolitikk som også må ta utanrikspolitiske omsyn<sup>9</sup>.

I dag – som følgje av Kvalitetsreforma – blir det hevda at vi står overfor ein ny situasjon som og set internasjonalisering i sentrum for utvikinga. Frå den første utgreinga om ”Grenseløs læring” på slutten av 1980 – talet (NOU: 1989: 13), via ERASMUS programmet<sup>10</sup> til Kvalitetsreforma, har internasjonalisering gått frå å vere primært studentutveksling til å omfatte heile organisasjonen og dei ulike aktørgruppene innan denne<sup>11</sup>. Rammevilkåra krev strategiske handlingar innan internasjonalisering for å fremje eigenart og dermed konkurransevne. Samarbeid og konkurranse føreset kvarandre meir enn nokon gong før (Rosnes 2006<sup>12</sup>). Ikkje berre studenten eller forskaren, men og administrasjonen skal lære gjennom utveksling og kulturmøte. Og alt dette skal helst skje

---

<sup>9</sup> Med referanse til ei rekke forfattarar innan studier av utdanning framhever Massen og Uppstrøm (2004:12) følgjande nye praksisar eller årsaker til mogleg endring av desse. Desse utgjer, i tråd med det vi har framheva ovanfor, eit slags standardformular:” a) new student and staff mobility patterns funded and regulated through specific international or national programmes, b) new geographical destinations for student and staff, c) new forms of cooperation as part of formal institutional agreements d) new providers coming on the scene, many of them dependent on ICT, many of them for-profit oriented in their international teaching activities, e) new conditions for internationalisation for example formulated by the EU, by the Bologna, Declaration, by the WTO/Gats negotiations. Also new motives for internationalisation can be observed, emphasising economic arguments instead of cultural and academics ones, f) New realities for universities and colleges in their national context as a consequence of the greater national emphasis on internationalisation, including the public funding mechanism and the quality assessment structure” (Maassen og Uppstrøm 2004).

<sup>10</sup> St.prp. nr. 62 (1990 -1991) UD: ”Som et tiltak for å øke mobiliteten blant studentene innen høgre utdanning i Europa, og for å fremme den europeiske dimensjonen i utdanningen opprettet Fellesskapet ERASMUS programmet i 1987 (European community Action Scheme for the Mobility of Students) (...) Slike avtaler fordrer, for å kvalifisere til å inngå i ERASMUS, at norske universitet/høyskoler har en samarbeidsavtale med to universiteter i EF land. Programmet gir også mulighet for utveksling av lærere og annet faglig universitetspersonale” (s.1).

<sup>11</sup> ”With the introduction of the Quality Reform the issue of internationalisation was for the first time pushed to the forefront of the national HE policy agenda, underlining the international dimension of research, teaching and learning” (Gornitzka and Stensaker 2004:86).

<sup>12</sup> Rosnes (2006) kallar Kvalitetsreforma for Frihetsreform: ”Kvalitetsreformen er en frihetsreform for institusjonene. Den plattformen ny lov om universiteter og høyskoler legger for de høyere utdanningsinstitusjonene, gir dem høy grad av valgfrihet i viktige spørsmål: valgt eller tilsatt rektor – det siste forutsetter ekstern styreleder, tilsatt eller valgt faglig ledelse og prinsipper for intern organisering. Dette skal sikre at de selv kan stake ut kurs, at de ikke møter unødige hindre når det gjelder adgangen til å gjøre strategiske og faglige veivalg. Derfor er det ved den enkelte institusjon avgjørelser fattes, og hvor eventuelle kamper må føres.” (Rosnes 2006). Effekten av denne ”fridomen” kan vere variasjon, større skiller i systemet og kanskje ei differensiering som gjer at vi på sikt ikkje kan snakke om eitt utdanningssystem. Det langsiktige spørsmålet - som er lite drøfta av noverande regime - er korleis internasjonaliseringa kjem til å prege ei slik differensiering. Det er og i denne situasjonen forskarane kjenner seg så svake at dei ber om lovfesting av retten til fri forskning, jamfør Underdal-utvalet si innstilling (NOU 2006: 14).



innanfor avtaler med organisasjonar som ein har strategiske og langsiktige interesser av å samarbeide med.

Den nye internasjonaliseringa representerer ei flytting av ansvaret over til leiing. Leiinga skal ikkje berre signere avtalar. Dei skal og ta ansvar for at desse blir brukt i tråd med organisasjonen sine interesser og mål. Deltaking i forskarnettverk, som ein og knytter studentutvekslinga til, bør bli styrt av det enkelte universitet eller høgskule sine ønskjer om å bli ein node i nettverk der ein kan lære å bli betre, og såleis styrke seg i den globale konkurransen. Målet er å styrke det som er den fremste internasjonale verdien til ein utdannings- og forskingsorganisasjon; *rykte om god kvalitet*. Det som får internasjonalisering og kvalitet til å henge saman er at den enkelte utdannings- og forskingsorganisasjon ser internasjonalisering som ein måte å betre rykte på. Rykte til den enkelte tel, om vi tolkar desse signala rett, meir enn deltakinga i eit utdanningssystem; eller kvaliteten på systemet er eit produkt av kvaliteten til dei enkelte utdanningsorganisasjonane, slik det til dømes er formulert innan dei ”neoliberale prosjekt”<sup>13</sup>. Eit godt rykte kan settast om til ressursar. For fristilte organisasjonar som konkurrerer med andre om merksemd og støtte kan rykte vere avgjerande. Det er i val av internasjonale rom ein bygger sitt rykte, og blir ryktet godt blir og kravet om sterkare autonomi velgrunna.

### 1.3 Tema og tilnærming

Spørsmålet om Kvalitetsreforma representerer ei ny form for internasjonalisering er og eit spørsmål om i kva grad den vil representere eit brot med tidlegare praksisar, eller om gamle og nye praksisar vil gå saman og forsterke kvarandre, og eventuelt korleis dei gamle formene vil bli trekt inn i dei nye.

Medan gammal internasjonalisering var eit mål i seg sjølv for den enkelte, er ny internasjonalisering eit middel for utvikling og for kvalitetsauke. Sett frå forskarane og studentane kan dette også tolkast slik at fridomen til å røre seg i rommet møter strategiske krav og avgrensingar knytt til utdanningspolitiske og dermed utanrikspolitiske omsyn. Organisasjon og fag møter kvarandre på nye måtar i overgangen mellom gammal og ny internasjonalisering. Vi har ovanfor skisserte nokre av dei dilemma eller målkonfliktar i den politiske diskursen. Desse må vi og sjå i lys av måten dei faglege og organisatoriske omsyn møtes. I studentmobilitet står den faglege fridomen sterkt. Faglege nettverk og faglege forskingsprioriteringar styrer aktiviteten. På den andre sida føyer Kvalitetsreforma seg inn i rekka av reformer – som del av ein internasjonal trend,

---

<sup>13</sup> Ei beskriving av dei liberale ”tenketankane” sin utdanningspolitikk og deira innverknad på utdanningspolitikken fins i Plehwe m.fl (2006), mellom anna i artikkelen til Schöller m.fl ”The education of neoliberalism”. Jambør det typiske ”The liberated university will be an autonomous service company, pursuing high-powered knowledge production for national and international educational markets, in competition with other suppliers. To that end the former political control mechanisms are to be replaced by economic self-regulation (Schöller 2006:182).

eller utdanningspolitikken si internasjonalisering. Denne søker å styrke leiinga sin rett og evne til å styre dei fagleg tilsette mot prioriterte mål. St.meld. nr.27 uttrykker dette som eit spørsmål om å nytte internasjonalisering som tiltak for å spisse organisasjonen. Det grunnleggande spørsmålet også for den norske utdanningssektoren er på kva måte dei faglege interessene skal styre internasjonaliseringa, eller i kva grad det skal vere ei organisasjonsleiing som fremmer denne i tråd med dei overordna interessene til fag og fakultet? Eller i kva grad ein skal delegere dette til kontor for sær oppgåver, dvs. til internasjonale kontor og internasjonalt ansvarlege?

Sentrale kategoriar når vi skal drøfte relasjonen mellom gammal og ny internasjonalisering er, jamfør diskusjonen ovanfor, såleis tilhøvet mellom fag og organisasjonsstrategi, avvegingar mellom ”heime og ute”, mellom spissing og breidde, mellom mengde og konsentrasjon, mellom norsk kultur og engelsk.

Vi vil legge vekt både på generelle tendensar og variasjonen i sektoren. Målet er å seie noko om på kva måte organiseringa av det internasjonale arbeidet påverkar måten vi internasjonaliserer på. Det overordna spørsmålet frå Kvalitetsreforma er korleis internasjonaliseringsaktivitetane møter dei organisasjonsstrategiske vurderingane av denne aktiviteten. Denne variasjonen av synspunkt og haldningar vil vi kontrastere med synspunkta til dei fagleg tilsette, studentar og andre aktørar som former organisasjonane i sektoren før vi til slutt diskuterer ”vegen mot ny internasjonalisering” i lys av dei forventningar Kvalitetsreforma har skapt.

Til slutt vil vi prøve å trekke saman nokon trådar om i kva grad vi går mot ”ny internasjonalisering”, eventuelt kva form den har i Noreg, og korleis den påverkar trekk ved det høgre utdanningssystemet. Dette vil vi så igjen vurdere i høve til endringstrekk ved sektoren som eit heile, uttrykt gjennom diskursen om internasjonalisering av utdanningspolitikken.

## **1.4 Data og kjelder**

Rapporten byggjer på intervju og spørjegranskingar av aktørar i sektoren, og på skrifteleg materiale frå organisasjonane i sektoren. Ei vurdering av internasjonalisering innan Kvalitetsreforma krev data om korleis val blir tekne i situasjonar der desse prioriteringane står på spel. Vi har difor valt å basere hovudtyngda av denne rapporten på data frå og om dei internasjonale ansvarlege innan dei enkelte organisasjonane i sektoren.

Hovudmaterialet er intervju med dei internasjonalt ansvarlege ved 37 akkrediterte organisasjonar i Noreg<sup>14</sup>. Utveljinga blei gjort ved å kontakte internasjonalt kontor ved dei utvalte organisasjonane og avtale intervjutidspunkt med den internasjonalt ansvarlege. Ikkje alle organisasjonane hadde internasjonalt kontor, og i desse tilfella vart personen med mest ansvar for internasjonalisering ved organisasjonen intervjuet. Intervjua vart utført over

telefon, der det blei brukt eit standardisert spørjeskjema<sup>15</sup>. Dei private høgskulane, Kunsthøgskulane i Bergen og Oslo, Krigsskulane og den Samiske Høgskulen blei teke ut av utvalet. Intervju med internasjonalt ansvarleg ved desse organisasjonane blei ikkje sett på som relevante for å kartlegge det internasjonale arbeidet og vilkåra dette arbeidet blir konstruert under, då omfanget av internasjonalisering er relativt liten ved desse organisasjonane.

I tillegg har det blitt utført intervju med representantar frå NOKUT, Norad og Kunnskapsdepartementet for å få ein offentleg uttaling konkret om internasjonalisering, då dette kan vere mangelfullt i generelle plandokument frå desse institusjonane. Intervjua blei tatt opp på band og skrive ut. Dei intervjua fekk moglegheit til å kommentere utskrifta, og alle kommentarane blei tatt til følge.

Av spørjegranskingar står ein nasjonal survey med representativt utval av vitskapelege tilsette som den mest sentrale. Eit utval på til saman 3416 professorar, førsteamanuensar, førstelektorar og høgskulelektorar vart trekte ut frå NIFU STEP sitt Forskarpersonalregister, og eit spørjeskjema vart sendt ut til eit utval fast tilsette ved landets universitet og statlege høgskular. Svarprosenten var 60,3prosent, dvs. 2060 respondentar. I tillegg har vi konsultert Levekårsundersøkinga blant studentar 2005, utført av Statistisk Sentralbyrå (SSB). Datamaterialet er tilrettelagt for forfattarane av NIFU STEP. Delar av denne surveyen omhandlar studentmobilitet og det er data frå desse delane som er teke med i rapporten.

Det skriftelege materialet omfattar utdanningsorganisasjonane sine generelle strategiplanar, strategiar for internasjonalisering, budsjettokument, årsrapportar og elles informasjon som er tilgjengeleg på organisasjonane sine heimesider. Vi har hovudsakleg konsentrert oss om skrifteleg materiale av nyare dato (2003-2006) for å kunne måle aktivitetar og planar som er sett i verk etter Kvalitetsreforma.

Det har og blitt utført kasustudiar ved åtte organisasjonar. Forskargruppa i Kvalitetsreformprosjektet har utført intervju med organisasjonsleiing på lågare nivå og et utval av vitskapelig tilsette, administrativt personell og studentar ved åtte utvalte organisasjonar: Universitetet i Oslo, Universitetet i Bergen, Universitetet for Miljø- og Biovitskap, Universitetet i Stavanger (dåverande Høgskulen i Stavanger), Høgskulen i Bodø, Høgskulen Lillehammer, Høgskulen Sogn- og Fjordane og Handelshøgskulen BI. Desse kasusstudia vil i hovudsak blir brukt for å supplere spørjegranskingane med dei fagleg tilsette samt i avsnitta om leiing.

Vi nyttar i denne rapporten ein underliggende typologi som skil mellom universitet og høgskule, og mellom mindre og større høgskular. I nokre tilfeller skil vi og mellom

---

<sup>14</sup> Vedlegg 1

<sup>15</sup> Vedlegg 2

universitet og vitenskaplege høgskular. Det viser seg likevel at variasjonen i sektoren er så stor at det er vanskeleg å tolke organisasjonsform etter denne typologien. I denne omgang er det viktigare å få fram variasjonen i sektoren enn å verifisere denne typologien. Sjå vedlegg 1 for kategorisering av organisasjonane.

## 2 Organisasjonar i eit utdanningssystem – nasjonal tilpassing og strategiske organisasjonar

Internasjonalisering av høgre utdanning i Noreg er prega av at motoren i prosessen er styresmaktene. Det er EU, Bologna og Kvalitetsreforma som del av ein statleg reformpolitikk som har gitt innhald og ressursar til internasjonaliseringsarbeidet, sjølv om nokre organisasjonar har drive dette arbeidet i lang tid og representerer pionerar på området. På det nasjonale politiske nivået er SIU blitt både eit statsorgan som skal fremje internasjonalisering og eit tilsynsorgan som skal sikre at internasjonalisering gir kvalitet i utdanninga. Mykje av den aktiviteten SIU forvaltar gir arbeid til dei internasjonalt ansvarlege lokalt. Men også NOKUT søker å inkludere internasjonalisering som kriterium på kvalitet (Haugland 2006). Internasjonalisering er og eit tema i dei ”styringssamtalane” som årleg finn stad mellom departement og den enkelte organisasjon. Dei ulike årsrapportane og strategirapportane dannar grunnlag for departementale korrigeringsignal. Denne rapporteringa, saman med rapporteringa om internasjonaliseringa til NOKUT, blir igjen ein viktig markør for dei internasjonale kontora eller internasjonal ansvarleg.

Utviklinga på organisasjonsnivå ser ut til å vere ein kombinasjon av ”profesjonalisering” og ”byråkratisering”, som gjev seg utslag i ei satsing på å bygge rom for internasjonalt ansvarlege innan den enkelte organisasjonen, med sterke band til det politisk skapte hjelpeapparatet. Med støtte i SIU har internasjonalt ansvarlege og internasjonale kontor etablert seg ved dei fleste høgre utdanningsorganisasjonane, for ”å sette i verk internasjonaliseringa”. Det er skapt eit rammeverk som formidlar mellom det politisk/administrative nivået og det strategiske handlingsrommet i organisasjonane.

Medan altså myndigheitspolitikken i hovudsak går ut på å fremme internasjonalisering for heile sektoren<sup>16</sup>, vil graden av autonomi og evna til å gjere seg nytte av handlingsrommet denne autonomien skapar, henge saman med allereie gitte ressursar, inkludert evne til prioritering og strategisk handling innan den enkelte organisasjon. Internasjonalisering som strategisk aktivitet vil såleis ikkje berre vere prega av dei skilja som er i sektoren, men vil og kunne forsterke desse (noko det enno er for tidleg å beskrive). Men sett frå den autonome organisasjonen, er internasjonalisering og eit middel til å oppnå større eigenart, gjerne som ein node i eit nettverk som kryssar fleire land<sup>17</sup>, og dermed og ein veg ut av det nasjonale kategorisystemet.

---

<sup>16</sup> Om vi ser bort frå Forskningsrådet og SFF-løyvingane som representerer det norske forsøket på spissing.

<sup>17</sup> Beerkens (2004:238) konkluderer, etter å ha studert og samanlikna ulike nettverkskasus: Coimbra groupa som eit av fleire kasus (mellom dei også såkalla “networks of innovation”): ”For now (...) it is clear that cooperation in fields where it is seen as an inherent part of academia is more likely to be the standard than when cooperation is moulded on a business-like model. The cooperation that places emphasis on cross-cultural exchange and intercultural learning for student and staff is still more successful, at least in the higher education consortia in this study”.

Vi har ovanfor handsama *ny internasjonalisering* som synonymt med ei organisasjonsendring der internasjonalisering blir eit strategisk virkemiddel. I tillegg til at internasjonalisering har ein verdi i seg sjølv, er den og middel til organisasjonsutvikling. Nokre trekk ved denne organisasjonsutviklinga, er gitt av den offentlege debatten, til dømes ønskje om meir spissing, sterkare prioritering av fagfelt, men og internasjonalisering heime og omsynet til den globale solidariteten. Ny internasjonalisering handlar og om tillitt og kontroll. I kor stor grad skal ein ha tillit til at professorane klarer å organisere sine kunnskapsrelasjonar, eller i kor stor grad må desse etterprøvast til dømes av organ som NOKUT, eller styrast av avlønningssystem. Det norske systemet har i hovudsak vore basert på tillit. I dag tenderer det kanskje meir mot mistillit<sup>18</sup>. Kva konsekvensar har dette for ei eventuell styring av forskarane og/eller studentstraumen på tvers av grenser?

I skiljet mellom ny og gammal internasjonalisering har vi og framheva at det siste vanlegvis ser på internasjonalisering som eit mål i seg sjølv, og såleis knytt til bestemte kriterium på kvalitet, til dømes talet på utvekslingsstudentar. Ny internasjonalisering har ikkje slike kvalitetsmål, ettersom den er, eller kan vere, eit verkemiddel for å fremme organisasjonen sin eigenart, og dermed kvalitet slik den er definert av dei måla denne har sett seg. Dei same aktivitetane kan fremme begge formene for kvalitet, men ikkje alltid og ikkje på same måten.

I debatten om ny internasjonalisering er spørsmålet og i kva grad dei ulike formene for internasjonalisering er blitt målretta, dvs. i kva grad dei fremmer organisasjonen sine strategiske vurderingar, eller i kva grad dei oppfyller generelle, gjerne nasjonalt skapte mål for internasjonalisering. Dersom vi er på veg mot ny internasjonalisering vil dette spegle seg i det daglege arbeidet til dei internasjonalt ansvarlege og måten arbeidet deira blir styrt og prioritert innan dei enkelte organisasjonane. Endringane i sektoren vil vere eit produkt av samspelet mellom dei lokale tiltak og dei nasjonale eller generelle. Dei som arbeider med internasjonale saker vil bli prega av avvegingane mellom lokale initiativ og sentrale tiltak.

I gjennomgangen nedanfor vil vi søke å sjå dei ulike aktivitetane i lys diskusjonen om internasjonalisering som mål og som middel, og i kva grad internasjonalisering er eit middel for strategiutvikling, korleis slike strategiske avvegingar eventuelt leier mot former for ny internasjonalisering. Vi vil legge vekt både på generelle tendensar og variasjonen i sektoren. Målet er å seie noko om på kva måte organiseringa av det internasjonale arbeidet påverkar måten vi internasjonaliserer på.

---

<sup>18</sup> Torstein Nybom (2005): The relation between the national governments and the universities, in present day Europe, are characterised by mutual and deep distrust, which, in turn, have led to what adequately must be characterised as an accelerating process of institutional implosion and/or dissolution". Sjå og Haakstad 2005 og Surssock 2005.

## 2.1 Kvalitetsreforma sin generelle innverknad på det internasjonale arbeidet

Kvalitetsreforma blir sett på av dei fleste av dei som er involvert i iversettinga av internasjonalseringsdelen av denne som ei pådrivarkraft og ein ny start. Kvalitetsreforma har fått leiingane ved dei enkelte organisasjonane til å prioritere internasjonalsisering høgare. Denne prioriteringa har så store konsekvensar for organisering av internasjonalseringa at vi vel å legge eit særleg fokus på dette. Denne prioriteringa har ført til auka finansiering, men og stillingar for internasjonalt ansvarlege og internasjonale kontor. Følgjande utsegn frå ein av dei mindre høgskulane er representativt for ei rekke høgskular, men uttrykker og ein generell tendens:

*Det er vel riktig å sei at det først byrja å skje ting på institusjonsnivå med Kvalitetsreforma sine krav om utveksling. Det var det som "trigga" at leiinga og styret begynte å sjå nødvendigheita av å jobbe meir systematisk og strategisk med slike problemstillingar. Når vi jobbar med avdelingane prøvar vi å presisere kva betydning internasjonalsisering kan ha for både innhaldet i programma og kvaliteten på kandidatane. Men det var nok dei krava og det "pushet" vi fekk, og krav frå departementet om resultat på studentutveksling, som gjorde at det byrja å skje noko.*

Og dei som arbeider innan desse kontora føler at dei er verdsett. Dei forvaltar ein reform som gjer at dei kan stille krav overfor leiarane av høgskulane og universiteta. Som det stadig blir argument med: "leiinga har møtt heilt andre krav til resultat" etter at reforma vart lansert. Særleg dei internasjonale kontora som stod svakast før, oftast ved dei mindre høgskulane men og ved større organisasjonar som ikkje hadde prioritert dette arbeidet, uttrykte "ei stor lette" over at leiinga er pålagt å prioritere internasjonalsisering, eller at "no må leiinga gjere det som vi som jobbar med internasjonalsisering har jobba for lenge".

Denne prioriteringa kjem mellom anna til syne i dei *planane* dei no er forventa å produsere, sjølv om desse også bekreftar det vi skal drøfte nedanfor; at leiinga har eit relativt allment forhold til dette tema, og at innhaldet i denne aktiviteten blir skapt av relasjonen mellom internasjonalt kontor og omgjevnadane, til dømes SIU. Nedanfor presenterer vi ein avgrensa diskurs av dette planarbeidet.

## 2.2 Strategidokument for internasjonalsisering – ein ekskurs

Ekskursen er basert på strategidokumenta for internasjonalsisering og på dei strategiske planane ved utvalte organisasjonar<sup>19</sup>.

---

<sup>19</sup> Vi valt ut UiTø, UiO, UiB, Universitet for miljø- og biovitenskap (UMB), Høgskulen i Bodø, Høgskulen i Lillehammer/Gjøvik, Høgskulen i Volda og Høgskulen i Østfold som døme til denne gjennomgangen av strategidokumenta.

### 2.2.1 Målsettingar og motiv for å internasjonalisere

Det er to allmenne mål som går igjen i alle strategidokumenta: internasjonalisering vil føre til *kvalitet*, og internasjonalisering vil vere eit *konkurransefortrinn* for organisasjonen. Kvalitet blir brukt som ei grunngeving for at ein skal drive med internasjonalisering, samstundes som kvalitet og er eit produkt av internasjonaliseringa. I UiB sin ”Handlingsplan for internasjonal virksomhet 2007-2009” er

*Det overordnede mål med økt internasjonalisering (...) å fremme kvalitet i gjennomføringen av UiBs hovedoppgaver innen forskning, utdanning og formidling, og å gjøre UiB til et velrenommert Universitetet og en attraktiv samarbeidspartner (Handlingsplan for internasjonal virksomhet 2007-2009, UiB)*

Den same argumentasjonen finn vi og ved UMB:

*Undervisningen er forskningsbasert, og med en kvalitet som styrkes gjennom de ansattes deltagelse i internasjonal forskning og i pedagogiske utviklingstiltak. (Internasjonal strategi 2005-2010, UMB)*

Eller ved Høgskulen i Bodø:

*Internationalisation is a sign of quality. To truly internationalise Bodø University College, a fundamental process is necessary to enhance quality and to provide benchmarks for both teaching and research, thereby strengthening our institution's core mission. To achieve international excellence we must operate internationally, and take an international perspective in all our activities. (Strategy for internationalisation 2005-2008, Høgskulen i Bodø)*

Men sjølv om så mange har kvalitetsauke som sitt hovudmål, er det ingen som problematiserar korleis kvaliteten skal aukast og kva slags kvalitet internasjonalisering vil føre til, til dømes om det er som ”danningsreise” eller som middel for å fremme organisasjonens sterke sider. Det ser, som vi skal kome tilbake til, ut til å bli tatt for gitt at internasjonalisering og kvalitet heng saman utan at ein treng å grunngje dette.

Forventningar skapt av Kvalitetsreforma om auka *konkurrans*e får stor merksemd i strategiane. Til dømes ved universitetet i Tromsø :

*Internasjonalisering har blitt et stadig viktigere aspekt ved universitetspolitikken i inn- og utland. Høgre utdanning har blitt en vare i et globalisert marked hvor samarbeid mellom institusjoner er viktig men der konkurransen er skarp, ikke minst for de små og perifere høgre utdanningsinstitusjonene. (Strategi for internasjonalisering av studier og studentmobilitet, UITØ)*

Retorikken om konkurranse har særleg tatt seg opp i den siste perioden av Kvalitetsreforma. I *nasjonal* samanheng viser dei ulike planane til konkurransen om studentane med andre høgskular eller universitet. Men denne konkurranseevna blir både i planar og av dei internasjonalt ansvarlege sett i samanheng med den eksterne og *internasjonale* konkurransen. Grensene mellom den nasjonale og den internasjonale konkurransen ser, på det retoriske planet og også i medvitnet til dei internasjonalt ansvarlege, ut til å bli løyst opp. Dei internasjonalt ansvarleg brukar argumenta om å *hevde seg* i den nasjonale konkurransen. Dette blir eit viktig argument for å styrke det internasjonale kontoret også fordi internasjonalisering er eit internt komparativt fortrinn: ”det vil rykte seg om vi har eit godt tilbod om utveksling” og ”studentar ser på kva



utvekslingsprogram institusjonane har før dei vel utdanningsstad". I Universitetet i Bergen sin "Strategiske plan 2005-2010" heiter det til dømes at

*UiB skal på grunnlag av kvalitet i forskningen være en attraktiv samarbeidspartner for internasjonale forskere og forsknings-institusjoner. Vitenskapelig personale og studenter skal ha opphold ved anerkjente utenlandske læresteder som en integrert del av deres forskning og studier ved UiB. (Strategisk plan 2005-2010, UiB)*

Men medan universiteta legg vekt på å hevde seg i den internasjonale konkurransen og synleggjere eigen organisasjon, er det viktigaste for dei mindre høgskulane å auke mengda av samarbeidsavtalar. Jo mindre høgskulane blir, jo viktigare blir det at ein må samarbeide med dei som er *betre* enn ein sjølv, for sjølv å bli *betre*. For små høgskular vil det betale seg at ein samarbeidar med flest mogleg på eit høgt nivå.

## 2.2.2 Utdanning og forskning

Ein av hovudmålsetjingane for internasjonalisering ved UiB er at utdanning og forskning blir sett i samanheng<sup>20</sup>.

*Det overordnede målet med økt internasjonalisering er å fremme kvalitet (...). For å nå dette målet er det nødvendig at internasjonalisering av forskning og utdanning sees i sammenheng (Handlingsplan for internasjonal virksomhet 2007-2009, UiB).*

Og vidare kan ein lese at

*internasjonalt forskingssamarbeid er avgjørende for at universitetet skal kunne opprettholde sin posisjon på etablerte områder og nå fram til forskningsfronten på nye områder (Handlingsplan for internasjonal virksomhet 2007-2009, UiB).*

Men handlingsplanen er vag i omtalen sin av korleis dette skal skje. Oppbygginga av handlingsplanen bekreftar og denne oppdelinga, då forskarutveksling og studentutveksling er omtala i to separate kapittel.

Ved mange av dei mindre høgskulane har ein som mål å fokusere på internasjonalisering både i utdanning og forskning, men ein ser ikkje nødvendigvis dette i samanheng. Ved Høgskulen i Volda femnar hovudmålsetjinga for internasjonalisering om alle delar av organisasjonen:

*Det internasjonale elementet skal styrkjast i utdanningane, mellom anna gjennom utveksling av lærekrefter, studentutveksling, ved internasjonalt orientert forskingsverksemd og ved å tilby undervisning og pensum på engelsk i utvalte studium. (Strategisk plan for Høgskulen i Volda 2006-2010)*

Likevel omhandlar målsetjingane i "Handlingsplan for internasjonalisering 2006-2008" ved Høgskulen i Volda korleis ein skal "auke mobiliteten blant studentar og tilsette", utan at utdanning og forskning ser ut til å bli tenkt i samanheng.

---

<sup>20</sup> Men ikkje alle var einig i at denne koplinga skulle vere for tett, i høyringsrunda til dette framlegget var det fleire, særleg realfag, som ikkje ville ha for tett kopling mellom utdanning og forskning.

I dei strategiane vi har undersøkt kan dei internasjonaliseringsaktivitetane som skal skje på *heimebane* tolkast som ein mogleg måte å sveise saman forskning og utdanning i eit internasjonalt perspektiv, utan at dette er nemnt eksplisitt. Dei aller fleste har med ein passasje som kan plasserast under kategorien ”internasjonalisering heime”, sjølv om få brukar dette omgrepet aktivt sjølve. Her er Høgskulen i Bodø sitt forslag til korleis internasjonalisering av pensum og undervisning skal bidra til å heve kvaliteten ved organisasjonen.

*Bodø University College is committed to the development of inclusive and international curricula to ensure that our graduates have the skills and cultural understanding to operate in an international environment. These curricula should acknowledge, respect and respond appropriately to student diversity and incorporate an international dimension appropriate to each discipline. For those units not thought in English there should be an international dimension to the teaching. Moreover, this international dimension should constitute an integral part of each programme of study. Hence, an overhaul of study plans and curricula in order to reinforce internationally-oriented contributions and international perspectives are needed.*

Det var interessant å merke seg at ingen av dei undersøkte organisasjonane i særleg grad presiserte korleis ein skulle sette i gang desse tiltaka, utover at ein ”bør sette i gang fleire kurs på engelsk” eller at ”pensum bør ha ein internasjonal dimensjon”. I Høgskulen i Volda sin ”Handlingsplan for internasjonalisering 2006-2008” presiserar ein til dømes at ”Internasjonalisering skal vere ein integrert del av alle studieplanar, og malen for fag- og studieplanar skal endrast i tråd med dette”, utan at det blir oppgitt korleis dette skulle gjennomførast. Dette blir også bekrefta i intervjuet med dei internasjonalt ansvarleg, som jamt over meinte at internasjonaliseringstiltak ”heime” hadde komme for kort.

### **2.2.3 Satsingsområde**

Når det gjeld kva dei ulike organisasjonane definerar som sine satsingsområde er dette påverka av *region* og *tradisjon*. I nord ser vi til dømes at organisasjonane prioriterer samarbeid med andre i nord, til dømes i Barentsregionen, Russland, Balkan og Aust-Europa, gjennom eigne avtalar som til dømes Barentsprogrammet, University of the Arctic og North2North. Ved UMB ser ein derimot at samarbeid med sør står sentralt, noko vi og finn igjen ved organisasjonar som bygger på eit tradisjonelt kristent verdigrunnlag. Andre vel å samarbeide med institusjonar i områder ein allereie er etablert. I Universitetet i Bergen sin ”Handlingsplan for internasjonal virksomhet 2007-2009” kan ein til dømes lese at ”[d]et er naturleg at UiB vidareutvikler relasjonar med Norden, Europa og Nord-Amerika i tråd med etablerte tradisjonar og nasjonale prioriteringar”.

I tillegg ser vi at *nasjonale internasjonaliseringsstrategiar* i ein aukande grad legg direkte føringar på utforminga av strategiar, slik dei har gjort etter publiseringa av St.meld. nr.27 Universitetet i Tromsø legg St.meld. nr.27 til grunn for sine prioriteringar, og brukar bevisst nasjonal strategi i argumentasjonen for kva dei skal satse på.

*St.meld.nr. 27 (2000-2001), kapittel 7, bebuder økt internasjonalisering ved de norske utdanningsinstitusjonene. Dette betyr økt deltakelse i programmer og i institusjonsforankrede utvekslingsavtaler. Det er et nasjonalt mål at alle norske*

*studenter skal ha reell mulighet for å ta et studieopphold i utlandet som del av et gradsstudium. Det er også et mål at en del av studentene skal kunne ta hele gradsutdanningen i utlandet, men hovedfokuset for studentmobiliteten vil være rettet mot andelen studenter som tar delstudier i utlandet. (...) For universitetet betyr dette at arbeidet med å øke studentmobiliteten må fortsette. Hovedinnsatsen må rettes mot å stimulere og legge til rette for å ta delstudier i utlandet. En nøkkelfaktor blir å kunne tilby et tilstrekkelig antall faglig attraktive avtaler og som samtidig er mer i tråd med de ønskene studentene har når det gjelder studiesteder. Samtidig må universitetet bli mer global i sin internasjonalisering og stimulere til studier i ikke-engelskspråklige land og spesielt til utviklingsland. Studentene må få tilbud om språkkurs i forkant av studiet. Universitetet bør utnytte mulighetene bedre i de europeiske utdanningsprogrammene, samt innenfor andre ordninger der universitetet har få søkere. (Strategi for internasjonalisering av studier og studentmobilitet, UiTø)*

Mange av dei strategiane vi har gjennomgått har preg av den offentlege internasjonaliseringsdiskursen slik vi har framstilt denne innleiingsvis, med dei same formuleringane som er gjort i nasjonale strategiar. Dette er særleg vanleg ved dei mindre høgskulane. Ikkje alle organisasjonar grunnjev internasjonalisering med kvalitetsauke, men har sett internasjonalisering på agendaen fordi dette er ei nasjonalt prioritering. Til dømes brukar Høgskulen i Østfold Kvalitetsreforma som argument for at deira høgskule skal internasjonalisere.

*I juni 2001 vedtok Stortinget en omfattende kvalitetsreform. Rammer og mål for reformen er nedfelt i St. meld 27 og stortingets behandling av denne. Ett av målene i reformen er økt internasjonalisering. Høgskolen i Østfold er i ferd med å gjennomføre reformen, og denne planen er en del av dette arbeidet. Planen har som mål å styrke den internasjonale dimensjonen ved høgskolen, og bidra til at høgskolen når de mål som er satt for internasjonalisering i kvalitetsreformen. (Strategi for internasjonalisering ved Høgskolen i Østfold, 2003-2005)*

Dermed ser ein og konturane av ei prioritering av internasjonalisering som eit mål i seg sjølv ved mange av dei undersøkte organisasjonane.

#### **2.2.4 Mobilitet**

Sjølv om strategiane vi har undersøkt gir inntrykk av å vere del av ein generell strategi for å auke kompetanse og kvalitet, er det framleis studentmobilitet som er det mest omtalte emnet i dei fleste strategiane. Universiteta har, som vi skal drøfte nærare nedanfor, lagt ned sine internasjonale kontor og integrert aktiviteten i undervisningsadministrasjonen. Dette blir til dømes spegla i internasjonaliseringsstrategien til Universitetet i Tromsø, som har tittelen ”strategi for internasjonalisering av studium og studentmobilitet”.

Ved UiO heiter det ”Strategi for studentmobilitet”. UiO har satsa sterkt på å auke studentmobiliteten etter innføringa av Kvalitetsreforma, og har lukkast med å lage eit administrativt apparat som har effektivisert studentutveksling i stor grad. Frå nettsidene til UiO, desember 2006:

*I henhold til offisielle DBH-tall for 2005 har antallet innreisende utvekslingsstudenter økt med 35,6 prosent og antallet utreisende med hele 19,7 prosent siden innføringen av reformen. Dette henger både sammen med en kraftig vekst i UiOs undervisningstilbud på engelsk samt økt engasjement i program og utvekslingsavtaler.*

Ved dei mindre høgskulane blir ofte tittelen ”handlingsplan for internasjonalisering” brukt på internasjonaliseringsstrategien, men i praksis omhandlar dei fleste strategiane korleis ein skal auke studentmobiliteten. Til dømes er internasjonaliseringsstrategien for Gjøvik/Lillehammer<sup>21</sup> prega av at internasjonalt kontor er oppretta etter Kvalitetsreforma som ein katalysator i arbeidet med å auke studentmobiliteten. Av dei fem delmåla som ”Prosjektplan for felles internasjonalt kontor for Høgskulen i Gjøvik og Høgskulen i Lillehammer” føreslår, omhandlar alle av dei studentmobilitet. Dette understrekar at studentmobilitet blir sett på som ei særskilt viktig prioritering.

I universitetet i Tromsø sin ”Handlingsplan for internasjonalisering” legg ein vekt på studentane sine ønskjer når ein skal vurdere framtidige satsingsområde.

*Det må tas behørig hensyn til studentenes ønsker, og det opprettes et kritisk minimum av avtaler med de bedre rankede studiestedene i engelskspråklige land, særlig Australia og USA, land universitetet knapt har noen utvekslingsavtaler med. (Handlingsplan for internasjonalisering, UiTø)*

Og vidare blir dette sett i samanheng med kva den nye konkurransesituasjonen Universitetet no er i:

*Det er ikke gjort noen undersøkelse som viser studiestedpreferanser konkret blant studentene ved UiTø, men det er ingen grunn til å tro at studentene ved UiTø eller vordende studenter fra Nord-Norge velger så annerledes. (Handlingsplan for internasjonalisering, UiTø)*

Vi ser og at organisasjonane i større grad enn før ønskjer å kanalisere studentstraumen gjennom etablerte avtalar og program. UiB vil til dømes ”sikre at mobiliteten i hovedsak foregår gjennom bilateralt samarbeid med institusjoner i utlandet og gjennom internasjonale program og nettverk”, og for UiTø vil dette føre til ”økt deltakelse i program og i institusjonsforankrede utvekslingsavtaler”. Vi ser den same trenden ved alle organisasjonane vi har undersøkt, men særskilt dei organisasjonane der studentmobilitet er stor.

Fleire og fleire organisasjonar legg vekt på at tilbod om utveksling må bakast inn i dei ordinære studielaupe ved organisasjonane. Særskilt universiteta og dei store høgskulane ser ut til å meine dette. Ved UiB legg ein vekt på at

*Studentene skal få klare råd fra sine studieprogram om forhåndsgodkjente, anbefalte og særlig tilrettelagte utvekslingstilbud. Det skal være enkelt og naturlig for studentene å gjennomføre et delstudium i utlandet. Planleggingen av slike tilrettelagte tilbud er kommet for kort på mange studieprogrammer, og dette er til hinder for økt kvalitet og kvantitet på studentutvekslingen. (Handlingsplan for internasjonal virksomhet 2007-2009, UiB)*

For mange av dei mindre høgskulane er dette noko som ikkje er sett på dagsorden enda, og mange slit framleis med å tilby eit utvekslingsopplegg som oppfyller krava om utveksling frå departementet. Dette blir og bekrefta av intervjuet med dei internasjonalt ansvarleg.

---

<sup>21</sup> Høgskulen i Gjøvik og Høgskulen på Lillehammer har felles internasjonalt kontor og internasjonal strategi.

Kva målsettingar ein har sett seg for studentmobilitet varierar frå dei ulike organisasjonane. Ved Universitetet i Tromsø er til dømes målsetjinga at 10prosent av studentmassen skal ta ein del av studiane i utlandet, ved UiB er målet 20prosent, ved Høgskulen i Bodø, Gjøvik/Lillehammer og Volda er målet 10prosent. Ved Høgskulen i Østfold er målet satt til 5prosent. Felles for alle organisasjonane er at ingen har nådd dette målet.

Fleire av dei internasjonalt ansvarlege vi har intervjuja fortel at det er laga ein eigen strategisk plan som er vedtatt av leiinga, men ikkje av styret. Dette blir av internasjonalt ansvarleg grunnlagt med at styret ikkje prioriterar internasjonalisering høgt nok. Ved ein av organisasjonane som blei undersøkt, var den internasjonale strategien ferdig skrevet, men hadde lege på rektor sitt kontor i fleire månadar utan at saka hadde blitt tatt vidare.

Elles merker vi oss at internasjonalisering som regel ikkje er nemnt under økonomi i internasjonaliseringsstrategiane. Dette svekker inntrykket av at internasjonalisering er del av den samla strategien for organisasjonen. Og til slutt, som eit døme på internasjonaliseringa sine paradoks: Bodø og Akershus er dei einaste organisasjonane (av 37 organisasjonar) der internasjonaliseringsstrategien er skriven på engelsk.

## **2.3 Den legitimerande rolla til reforma**

Kvalitetsreforma skaffa arbeidet med internasjonalisering ein *legitimitet*. Dei internasjonalt ansvarlege hadde no ein offentleg reform i ryggen. Leiinga kunne gjerast ansvarleg av denne reforma, og vart såleis avhengige av å prioritere opp dette arbeidet, og måten ein kunne klare dette på ser ut til i hovudsak å vere gjennom etableringa av internasjonalt kontor og eigne stillingar som skal jobbe med internasjonalisering. Generelt kan vi hevde at Kvalitetsreforma markerar byrjinga på ein ny epoke, både for dei som alt var i gang med slikt arbeid, og for det fleirtalet av organisasjonar som no oppretta administrative ordningar. Nye stillingar er blitt oppretta, arbeidet med internasjonalisering blitt sentralisert og effektivisert.

Når Kvalitetsreforma skapte forventningar om at organisasjonane skulle arbeide ut planar for internasjonaliseringa, ser vi og at dette ofte gav dei internasjonalt ansvarlege og kontora deira høve å styrke seg fagpolitisk. Dei står fram som ei relativt sjølvstendig eining ved organisasjonen. Kvalitetsreforma skapte eit kontor og posisjonar innan eit organisasjons-hierarki, og gjorde dermed internasjonalisering til del av eit byråkrati med delegert autoritet frå leiinga av organisasjonen. Men Kvalitetsreforma gir og inntrykk av at det internasjonale arbeidet skulle profesjonaliserast. Dei internasjonale kontora og deira ansvarlege fikk eit sterkt mandat av Kvalitetsreforma. Dei fekk eit fagområde å forvalte, og utvikla snart, i nært samarbeid med SIU, ein eigen kompetanse for å fremme politiske vedtak og mål som blei sett. Måten byråkratisering og profesjonalisering går saman på, påverkar korleis organisasjonen driv det internasjonale arbeidet.

Kvalitetsreforma møtte ein sektor som i ulik grad over tid har arbeidd med internasjonale spørsmål. Og på ulik måte. For desse kan Kvalitetsreforma meir ha tatt form av ei politisk korrigering og ei sterkare forskyving mot bestemte aktivitetar. Særleg mot studentutveksling for å ta deler av gradar i utlandet, som Kvalitetsreforma la vekt på, men og som mellom anna Erasmusprogrammet lenge hadde skapt eit fokus på. Andre hadde opparbeida ein annan type kompetanse gjennom arbeid med sør. Og for nokre få var forventningane om studentutveksling og fokuset på dette berre ei stadfesting på det dei alt gjorde. NHH, til dømes sendte over 50prosent av sine studentar på utveksling allereie før Kvalitetsreforma. Følgjande sitat er frå eit av universiteta, og viser korleis Kvalitetsreforma likevel har gitt aktivitetar med ei lang forhistorie ny styrke innerter i organisasjonen, særleg når det gjeld studentarbeidet, sjølv om den ikkje i seg sjølv har skapt denne aktiviteten:

*Eg syns ikkje at internasjonalisering i seg sjølv har blitt styrka. Men Kvalitetsreforma har ført til at det er meir legitimt å diskutere undervisning og pedagogikk, og ikkje berre forskning, når ein snakkar saman. Departementet har fremma internasjonalisering ganske mykje som ein del av Kvalitetsreforma, og universitetet har alltid fylgt desse retningslinjene – til dømes om å legge til rette for at alle studentar skal ha rett til å reise ut. Men slik det er no har vi fleire tilrettelagde plassar enn studentar som har lyst å reise ut. Og vi har valt ein strategi der vi, sidan vi har helde på med internasjonalisering så lenge, ønskjer vi å integrere det meir. Men det har vore vanskeleg å få til på grunn av departementet. Vi trur at det hadde vore lettare å nå enda fleire internasjonaliseringsmål dersom det hadde vore mogleg å integrere det enda meir enn det vi har gjort. Så eg trur ikkje at Kvalitetsreforma har styrka mitt arbeid for internasjonalisering.*

Vi kan likevel hevde at Kvalitetsreforma fremma ei sektororientert utvikling som fokuserte på gruppa av internasjonale ansvarlege i ein grad som ikkje tidlegare hadde vore tilfelle. Dette gav eit potensiale for profesjonalisering av denne yrkesrolla. Spørsmålet er om den forventninga til organisatorisk oppfølging, og ansvarleggjering som Kvalitetsreforma legg opp til av den enkelte organisasjonen, gir rom for ei vidare profesjonalisering av dette arbeidet innanfor rammene av den enkelte organisasjonen.

Det samla inntrykket er såleis at Kvalitetsreforma har tydd mykje for alle organisasjonane i sektoren, men i varierende grad avhengig av kva aktivitetar som før var til stades. Kvalitetsreforma skapte eit grunnlag for internasjonalisering, og eit fokus mot dei aktivitetar organisasjonane sjølv burde og kunne trekke i gang, men med bakgrunn i ei ein offentleg reform med eit sterkt internasjonaliseringsmandat. Dette hadde ein standardiserande effekt for heile sektoren og særleg for dei internasjonalt ansvarlege. Dei som låg etter blir dradd med, og dei som alt var godt i gang blir no sterkare fokuserte på dei fellestiltaka som Kvalitetsreforma framhever, særleg studentutvekslinga.

Om vi ser Kvalitetsreforma i samanheng med arbeidet til SIU, som vi skal drøfte nedanfor, blir inntrykket at Kvalitetsreforma leier til ei heving av sektoren, ikkje til meir spissing eller større hierarki, til dømes med forskning som rangeringskriterium. Inntrykket er og at denne veksten i breidda leier til ei profesjonalisering av dette arbeidet rundt relativt

autonome yrkesroller, som regel innan egne kontor. Men og, som vi skal sjå, som ein integrert del av organisasjonen og dermed som del av det interne hierarkiet.

## 2.4 Internasjonalisering og kvalitet?

Vi har ovanfor skissert ein mogleg verdikonflikt mellom internasjonalisering som eit mål i seg sjølv, og internasjonalisering som eit middel til å nå andre mål. Internasjonalisering kan såleis verdsettast som ein aktivitet i seg sjølv på den eine sida, eller som ein aktivitet for andre formål organisasjon har prioritert. Om eit universitet vil bli del av eit internasjonalt nettverk av toppuniversitet, eller om det er ein høgskule som vil bli gode på lærarutveksling med land i sør, forventar vi ulike måtar å rangere verdiar knytt til internasjonalisering. Ein vil såleis gi internasjonalisering som kvalitetstiltak ulik tyding etter kva type organisasjon ein er del av og etter kva mål organisasjonen prioriterer.

Det finst få studiar av relasjonen mellom kvalitet, eller ulike tydingar av kvalitet, og internasjonalisering. St.meld. nr.27 tar det for gitt at det generelt sett er ein slik samanheng, og framhevar både ei intern kvalitetsforståing (til dømes studenten si kulturreise) og organisasjonsstrategiar med kvalitet som eit implisitt element.

Det ser ut til at det i hovudsak er denne allmenne forståinga av forholdet mellom kvalitet og internasjonalisering som og har felt seg ned på organisasjonsnivået. Alle leiarane ved dei internasjonale kontora gav uttrykk for at internasjonalisering og kvalitet går hand i hand, og internasjonalisering vil auke kvaliteten ved organisasjonen og generelt gjere at den betre kan konkurrere med andre – i den grad ein slik konkurranse fins. Dei fleste organisasjonane har og internasjonalisering som del av kvalitetssikringssystemet.

Sjølv om internasjonalisering blir sett i samanheng med kvalitet av alle internasjonalt ansvarlege og i mange internasjonale strategiar, er det svært få som ser ut til å klare å konkretisere korleis kvaliteten skal komme til syne, og ikkje minst korleis denne skal målast, og eventuelt når og korleis den bør knytast til andre strategiske mål. Denne manglande ekspliseringa gir ikkje inntrykk av at ei eventuell profesjonalisering har kome langt, til dømes i retning ein kunnskapsautonomi. Mange av svara er eit ekko frå den offentlege diskursen, til dømes ”internasjonalisering ligg i utdanninga og forskinga sin natur”, eller ”det er viktig å samanlikne seg med andre for å sjå kva nivå ein er på sjølv”. Typiske utsegner frå dei internasjonalt ansvarlege viser til den allmenne læringseffekten av møte med andre, samstundes som det blir lagt vekt på at forskinga pr definisjon er internasjonal. Det å ”få eit internasjonalt perspektiv” på utdanninga gjer at studentane ”blir meir velutdanna og får litt perspektiv på ting når dei har ein internasjonal dimensjon i utdanninga si”. Dette sitatet er frå eit av universiteta:

*Studentane får ei tilleggslæring ved å sjå sitt fag frå andre synsvinklar, enten ved at dei drar på utveksling eller ved at dei møter innkomande studentar. Møtet mellom norske og utanlandske studentar, enten her eller ute, fører til nye faglege perspektiv og det blir ei tilleggslæring i ein allmennmenneskeleg og sosial samanheng. Når det gjeld forskning, ligg det i forskinga sin natur at fagfellesskapet må vere internasjonalt, for å få nok respons på eige arbeid og utvikle eige arbeid. Fagmiljøet i Noreg er alt for smalt til å berre satse på nasjonale kollegaer.*

Det same argumentet kjem og til syne i fleire av dei andre intervju, her frå ein av dei større høgskulane:

*Internasjonalisering er viktig fordi studentane skal få ein breiare horisont, og vi vil gjerne at dei skal reise ut og høyre kva fagfolk seier på andre institusjonar. Det er viktig å stimulere til diskusjon og nytenking. Dette vil føre til at studentar og lærarar kjem tilbake med nye impulsar som beriker fagmiljøet. Ein får lære nye ting og gje dette vidare. Ein kan og samanlikne kva som er bra og dårleg, og med det gje nye impulsar til andre ting enn det faglege.*

Det at ein får ”kritiske blikk” frå andre bekreftar verdien av internasjonalisering som eit sjølvstendig mål, og det er mykje som tyder på at det er denne ”mål i seg sjølv” logikken som pregar dei internasjonalt ansvarlege. Dette gjer at dei kan opptre med ein sjølvstendig misjon, men på den andre sida blir dei kanskje mindre viktige for utviklinga av ein organisasjonsstrategi, som søker å styre utvekslinga mot bestemte nettverk eller etter prioriterte samarbeidsformål.

*Eg trur at det viktigaste er korleis ein stiller spørsmål ved korleis ein gjer ting sjølv her heime. Det som ein har ein tendens til å tenke på som naturleg finn ein gjerne ut at er kulturlig – for å bruke eit ord som ikkje finns. Og då må ein tenke nytt om sitt eige. Eg trur at det finns frykteleg mange fleire måtar å tenke på enn det vi gjer her i Noreg. Og det er fint å utsette våre studentar for fleire måtar å tenke på.*

Felles for sitata ovanfor er at dei fokuserer på volumet av *studentutveksling* som målet på om ein har kvalitet i internasjonaliseringa eller ikkje. Det er studentane som skal ”utvide sin horisont”, ”sjå faget frå andre synsvinklar” og ”komme tilbake og berike fagmiljøa ved institusjonen”. Ved å sende studentane ut vil ein få moglegheit til å samanlikne sin eigen organisasjon med liknande organisasjonar i utlandet, og med det auke kvaliteten. Spørsmålet er om dette er ein brei nok basis for profesjonalisering.

Profesjonalisering og byråkratisering kan representere to utviklingsretningar, etter skilja mellom gammal og ny internasjonalisering. Men ei slik eksplisering av forholdet mellom gammal og ny ser ikkje ut til å skje i debatten om korleis kvalitet i internasjonaliseringa heng saman med det å bygge ein kvalitetsorganisasjon. Få har gode rutinar for å *evaluere* aktivitetar knytt til internasjonalisering. Ein del nemnar at dei har gjennomført studentevaluering knytt til dei internasjonale studentane, men svært få har til dømes eit evalueringssystem for internasjonalisering av undervisning eller andre utvekslingsaktivitetar. Og vurderingar av korleis ulike former for internasjonalisering former kunnskap, som og vil trekke inn forskarane, ser ut til å vere fråverande. Ein støtter seg difor i hovudsak til ei generell antaking, som og er uttrykt i St.meld. nr.27, om at internasjonal eksponering gir kvalitetsauke.



Vi kan likevel spore ei meir strategisk tenking. Bak denne allmenne grunngevinga for relasjonen mellom kvalitet og internasjonalisering som eit danningsgode, kjem det til syne motiv av meir strategisk karakter. Vi kan sonde mellom tre slike strategiske referansar (som ikkje er gjensidig utelukkande):

- For det første er internasjonalisering noko ein er *pålagt* å gjere. Det er strategisk viktig for organisasjonen å tilpasse seg omgjevnadane, særleg krav og forventningar frå styresmaktene. Dei internasjonalt ansvarlege blir særleg viktige fortolkarar av denne relasjonen.
- Det andre argumentet er at organisasjonen er tent med internasjonalisering for betre å kunne *konkurrere* viser til idear om at internasjonalisering kan vere eit virkemiddel, dvs. ein aktivitet som kan fremme organisasjonen og denne sitt rykte. Dette vil normalt fordre sterkare samspel mellom organisasjonsleiinga og leiinga av det internasjonale kontoret.
- For det tredje er det slik ein set standarar. Ved å samanlikne seg med andre institusjonar, helst i utlandet, vil ein kunne sette *kvalitetsstandarar* ved eigen institusjon. Om desse standardane skal ha legitimitet må dei formast av organisasjonsleiinga i tråd med den allmenne politikken for sektoren.

Eit døme på det første punktet er følgjande uttale frå ein av dei mindre høgskulane:

*På overflata så blir internasjonalisering dels ei spegling av nasjonalt prioriterte mål – politiske mål om høg grad av studentutveksling, som vi jo har ein forplikting til å følge opp. Her er det nok at dei politiske ambisjonane er større enn studentane si reiselyst.*

Ein av dei større utdanningsorganisasjonane har ei grunngeving som illustrerar det andre punktet ovanfor, i tillegg til det første. Denne organisasjonen har ei lang historie som partner i internasjonale nettverk, mellom anna, for å fremme sitt kandidatur som universitet. Vi ser såleis at Kvalitetsreforma representerer ein ny start.

*Grunnen til at internasjonalisering er viktig for oss er vel fordi det er viktig for Kunnskapsdepartementet. Før Kvalitetsreforma var det veldig liten grad av internasjonalisering i utdanningsprogramma. Det var ein god del forskningssamarbeid, men stort sett på personnivå. Men det var veldig lite strategisk og institusjonsbasert internasjonalisering. Interesse for internasjonalisering byrja å auke fordi vi ønskjer å bli universitet, og då innsåg ein at internasjonalisering er ein del av kriteria. I tillegg kom Kvalitetsreforma, som og tvang oss til å gjere meir enn det vi gjorde før. Så vi har ingen lang historie med internasjonalisering, før 2003 var aktiviteten ganske lav.*

Eit av universiteta kan tene som døme på utsegner som viser til det tredje punktet; internasjonale samanlikningar som standardsetting:

*Internasjonalisering er ein naturleg del av det som forgår på universitetet. Å ha et universitet som ikkje jobbar internasjonalt kan ikkje ha høge tankar om seg sjølv. Eg ser på internasjonaliseringsprosessane som integrerte, både forskning, utdanning og andre sider av internasjonalisering.*

Dette gir inntrykk av at det er Kvalitetsreforma si forståing av internasjonalisering og kvalitet som har spreidd seg til sektoren og at dei strategiske vurderingane til dei internasjonalt ansvarlege retter seg meir mot det offentlege for å tilpasse seg krav og forventningar derifrå, enn til dømes frå leiinga av organisasjon. Ei tolkinga kan vere at organisasjonen sine forventningar er at ei slik tilpassing er viktig. Ei anna kan vere at dei

internasjonalt ansvarlege er trena opp, gjennom si gryande profesjonalisering, til i hovudsak å fokusere på desse omgjevnadane.

Internasjonalisering som tilpassing til omgjevnadene er først og fremst som tilpassing til Kvalitetsreforma. Den strategiske orienteringa mot omgjevnadene for å oppnå kvalitet tar form av ei tilpassing til signala frå myndigheitene. Dette gir offentleg autoritet til ”profesjonen”.

## **2.5 Tilhøvet til myndigheitene**

SIU er blitt styrka som koordinator for utvekslingsprogramma etter Kvalitetsreforma, og det noverande SIU er eit produkt av Kvalitetsreforma. Organisasjonen er knytt til Kunnskapsdepartementet (KD) og særskilt avdeling for høgre utdanning. Men gjennom forvaltninga av NUFU-programmet er SIU og kopla til forskarinteresser. SIU er særleg aktiv med arbeidet med det europeiske avtaleverket, men er og, i tråd med intensjonane i den norske politiske diskursen, involvert i ei rekke sør-initiativ. Denne aktiviteten utanfor Europa gjer at SIU også er i kontakt med Utanriksdepartementet.

For dei minste høgskulane var avtalane som var forvalta av SIU ofte årsaka til at arbeidet med internasjonalisering kom i gang etter Kvalitetsreforma. Den nytten dei internasjonalt ansvarlege hevdar dei har av støtta frå SIU, veks omvendt proporsjonalt med storleiken på organisasjonen dei arbeider innanfor.

SIU låg tidlegare under Universitetsrådet, som no er ein del av Universitets- og Høgskolerådet (UHR). Denne organisasjonen betyr no nærast ingenting for organisasjonane sitt internasjonale arbeid, slik dei internasjonalt ansvarlege erfarer det. Det engasjementet UHR hadde er ikkje ført vidare innan den nye interesseorganisasjonen, men tilsynelatande delegert til det nyskapte satsorganet SIU. Sjølv om dette er ei forskyving av innflytelsen over internasjonalisering vekk frå sektoren, framhever likevel myndigheitene, i tråd med innstillingane i St.meld. nr.27, at mykje av ansvaret for internasjonaliseringsarbeidet må ligge hos den enkelte organisasjonen. Dette har vore haldninga sidan debatten på slutten av 1980-talet (NOU: 1989: 13), og pregar og ideane som SIU sjølv lanserte i sitt underlagsarbeid for Mjøsutvalet (SIU 1999).

I relasjonen mellom myndigheitene og sektoren er kontinuiteten at dei enkelte organisasjonane skal mobiliserast for internasjonalisering. Den endringa som Kvalitetsreforma førte med seg er at dette no er ein relasjon mellom eit myndigheitsorgan og den enkelte organisasjonen, og innanfor denne igjen, i hovudsak dei internasjonalt ansvarlege. Denne relasjonen til staten og forvaltninga av eit offentleg autorisert kunnskapsområde er ein viktig føresetnad for profesjonalisering av denne yrkesgruppa.

Sektoren sin interesseorganisasjon har ikkje lenger ei stemme i denne prosessen. Dette står fram som ei svekkinga av både ein sektorpolitikk og av sektorleiinga sin innverknad på

eller interesse for dette feltet. Det blir eit sterkare fokus på det enkelte kontor og den enkelte internasjonalt ansvarlege. Begge deler blir i sterk grad fremma av SIU.

Dette gir inntrykk av at SIU på vegne av det offentlege kan fremme internasjonaliseringssaker i den enkelte organisasjonen gjennom dei internasjonalt ansvarlege, i tråd med offentlig politikk og vedtak, utan at sektoren i særleg grad samla har påverka denne politikken<sup>22</sup>. Autoriteten på dette feltet ligg i det internasjonale kontor og den internasjonalt ansvarlege som agerer overfor dei organisasjonane dei er tilsett i.

Arbeidet til SIU er og forankra i KD. Intervju med KD (24.10.2006)<sup>23</sup> bekreftar det representantane i sektoren gir uttrykk for om rolla til SIU:

*SIU har vi myndighet over, de er "vår forlengede arm". SIU er veldig viktig, som en markedsfører for norsk utdanning på studiesiden, og som tilrettelegger for programmene. De forvalter jo veldig mange viktige programmer, og det er jo viktig for sektoren at det blir gjort på en mest mulig profesjonell måte. Og de er også en veileder og støttespiller for den enkelte institusjon. Og særlig for høyskolene, der det internasjonale arbeidet er mindre og kanskje også kompetansen mindre enn ved universitetene. Her skal også SIU hjelpe og tilrettelegge for gode rutiner, profilere den enkelte høyskole internasjonalt. Så de har et tett samarbeid. Jeg synes SIU er relativt proaktive ovenfor institusjonene slik de er nå og ser ikke at SIU trenger å være enda mer aktive her. Mitt inntrykk er at institusjonene er fornøyd.*

KD har endra seg mykje som følge av internasjonaliseringa og sjølv blitt internasjonalisert. Dette er eit uttrykk for det vi ovanfor har hevda som ein tendens: at internasjonalisering er blitt utdanningspolitikken sitt kjerneområde fordi utdanningspolitikken er blitt internasjonal. Utdanningspolitikken er utanrikspolitikk, men som utanrikspolitikk alt for viktig til å bli overleite til Utanriksdepartementet. KD styrer utdanningssektoren som ein internasjonalisert organisasjon. I 2000 blei det som i dag heiter Avdeling for analyse, internasjonalt arbeid og kompetansepolitikk (AIK) etablert i KD. Denne koordinerande avdelinga har særleg ansvar for å tolke dei utdanningsglobale utviklingstrekk. Men elles, som representantane for departementet sjølv seier, er departementet *gjennomsyra av det internasjonale*. Alle har ansvaret for den internasjonale dimensjonen ved sitt eige arbeid, samstundes som det finst strategigrupper, utval, ad hoc grupper osv. som kontinuerleg arbeider med relasjonane til det internasjonale. Arbeidet med WTO/GATS, i noko grad med UNESCO og i seinare tid arbeidet med Norden som utdanningsregion blir vektlagt. Men samla er det arbeidet med OECD, EU, Bologna, som blir gitt høgast prioritet.

*Innenfor OECD jobber vi veldig mye, der sitter vi i styret og ulike fagnettverk + en rekke fagseminarer og workshops. EU-nettverk, grupper blir også ofte betraktet som relevante. Dette er stort sett ting som vi føler vi må være med på for å se på hva som skjer internasjonalt. Vi må være i fronten for å se hva som skjer*

---

<sup>22</sup> Sjølv om dette, som vi skal sjå, skjer gjennom styringssamtalane mellom departementet og den enkelte organisasjonen.

<sup>23</sup> Intervju av Dankert Vedeler i Avdeling for Analyse, Internasjonalt arbeid og Kompetansepolitikk (AIK) og Ole Jacob Skodvin i Universitets- og Høgskoleavdelingen (UHA).

*på alle mulige fagområder og for å henge med rett og slett. (KD. Intervju 24.10.2006)*

Særleg arbeidet med OECD blir framheva som viktig ettersom mange av styringsverktøya blir utvikla innan denne konteksten, til dømes det pågåande arbeidet med å lage ein PISA indeks for den høgre utdanningssektoren.

*Vi er også ofte deltakere i ulike typer internasjonale komparative OECD undersøkelser – som ofte kan ha stor innflytelse på vår politikktutforming. En kan for eksempel mene hva en vil om PISA-undersøkelsen men den hadde jo stor innflytelse på politikktutforminga på vårt grunnopplæringsområde. Det var opplagt en katalysator og øyeåpner i forhold til svakheter som måtte utbedres innen vår grunnopplæring. At andre kan se oss i korta ser vi på som positivt, så vi er veldig åpne på å delta i slike internasjonale undersøkinger. Vi ser det som positivt at vi kan sammenligne oss med andre, det kan føre til kvalitetsøkning. (Intervju i KD 24.10.2006)*

Til tross for – eller kanskje på grunn av – denne sterke orienteringa mot vesten generelt og Europa spesielt, har departementet, særleg innan AIK orientert seg mot utviklingsland og utviklingsprosjekt. Departementet tilbyr fagleg rådgjeving der utviklingsland spør etter dette, også på det høgre utdanningsområdet, gjennom ei rammeavtale med Norad.

Utdanningspolitikken si internasjonalisering pregar måten internasjonaliserings spørsmål blir vurdert på styringsmøta mellom KD og sektoren, der dei mål for internasjonalisering forma ut av UFD si interdepartementale komité i 2002 (UFD 2002) framleis er retningsgjevande for samtalanene. ”Vi har oppe alle disse målene på etatsstyremøtene med institusjonene, og alle har jo dette på agendaen” (Intervju i KD 24.10.2006). På desse møta blir det og sett fokus på samarbeidet med sør, eit samarbeid det er erfart at sektoren (framleis) har stor og brei interesse for.

*Når det gjelder samarbeid med utviklingsland ligger prinsippene i styringsdokumentene som vi har. Og der er det St.prop. nr.1 som legger de overordnede styringene. Det blir fulgt opp gjennom etatsstyringsdialogen ved de enkelte institusjonene. Det har vært en konstant oppfordring fra oss at institusjonene skal rette seg mot den 3 verden, og være med i samarbeid og bidra i forhold til utviklingsarbeid. Det er gjort en del evalueringer, blant annet på Lærerutdanningen i forhold til dette. Der har det blitt sett på hva verdien med dette er – hva sitter lærerstudentene igjen med etter utenlandsopphold i 3 verden? Så det er en bevissthet som må skje på institusjonsnivå i forhold til hvordan det går an å gjøre dette på en slik måte at en både kan bidra med noe samtidig som man lærer noe selv. Men norske institusjoner er jo rimelig aktive i forhold til samarbeid med 3 verden. Det ser vi jo også gjennom søkingen til programmene som SIU forvalter, NUFU for eksempel. Der er det en stor oversøking. Og nå kommer det nye programmet, NOMA, og der ser vi også stor interesse. Så programmer som har med utvikling å gjøre har stor interesse i sektoren. Og det har en overraskende bred interesse i sektoren, det er mange universiteter og høyskoler som jobber relativt aktivt i forhold til nord-sør problematikken. (Intervju KD 24.10.2006)*

Departementets ansvar for ”Bologna og den eksterne dimensjonen” til dømes, forsterkar interessa for dette tema, og illustrerer korleis utdanningspolitikken sin utanrikspolitiske karakter får konsekvensar for styringa av sektoren. Det andre punktet det i særleg grad blir fokusert på i styringssamtalanene er talet på studentar som kjem inn, og kvar dei kjem frå, eventuelt korleis rekruttering av studentar, til dømes frå bestemte land eller regionar kan

henge saman med økonomiske og/eller fagpolitiske motiv. Begge desse hovudfokusa er del av kjerneverksemda til dei internasjonale kontora, og forsterkar dei internasjonale kontora som ekspertorgan innan sektoren og den enkelte organisasjonen.

I tillegg til styringa gjennom SIU, er såleis styringa prega av ein *dialog* med sektoren som er stabilisert og gitt retning av dei mål som blei sett av den interdepartementale prosjektgruppa (UFD 2002). Kvantitative målingar og evalueringsformer har vakse ut av forsøk på å konkretisere desse måla, men heile tida i lys av eit stadig større engasjement innan det internasjonale feltet frå departementet si side.

Dei enkelte organisasjonane som er tilstades med sitt leiarskap i denne dialogen med departementet er såleis avhengig av at dei internasjonalt ansvarlege og dei internasjonale kontora fungerer godt, og at dei er i stand til å rapportere og grunngje denne aktiviteten. Dette kan styrke leiinga si evne til å styre og fremme internasjonalt arbeid som ein strategi ved organisasjonen, saman med ei veksande vektlegging på arbeidet til det internasjonale kontoret. I dei påfølgande avsnitta skal vi kome nærare inn på om så er tilfelle.

Den rolla NOKUT har ovanfor sektoren er og del av endringane innan sektoren og iverksettinga av Kvalitetsreforma. Den internasjonale orienteringa til NOKUT som overordna kvalitetsvurderande organisasjon kjem i dag klarast til syne gjennom dei avtalane Noreg har forplikta seg til innan Bologna-prosessen. Dei felles kvalitetssikingskriteria vedtekne her er og del av den europeiske standardiseringa av kvalitetsnormer. I følgje intervju med Oddvar Haugland 19.10.06:

*I Lov om universitet og høgskeolar av 01.04. 2005, § 1-1, går det fram at føremålet er å leggje til rette for at universitet og høgskeolar tilbyr høgre utdanning på høgt internasjonalt nivå. Dette føremålet må også NOKUT ta omsyn til ved fastsetjing av standardar og kriterium for akkreditering av norske høgre utdanningstilbod. Dei norske standardane og kriteria må reflektere dei internasjonale krava til studietilbod på bachelor- master- og doktorgradsnivå, slike som er utvikla i Bologna-prosessen og i andre land. NOKUT har i stor grad avgrensa si samanlikning til andre land i Europa.*

Desse standarane er no del av NOKUT sitt rammeverk. Når det gjeld det som interesserer oss mest i denne rapporten, arbeidet innan sektoren og den enkelte organisasjonen, ser det ut til at NOKUT i liten grad har eksplisert samanhengen mellom internasjonalisering og kvalitet.

*I NOKUTs standardar og kriterium for akkreditering og evaluering er det ikkje gitt detaljerte kriterium for internasjonalisering. Det er difor institusjonane sjølve som må avgrense kva dei oppfattar som internasjonalisering i denne samanheng, og kva for tiltak og samarbeidsformer som blir nytta. Vår haldning er at dersom det blir utarbeida detaljerte kriterium kan det innskrenke rommet for det som kan vere gode internasjonale samarbeidstiltak. (Intervju med Haugland 19.10.2006).*

Generelt kan vi hevde at NOKUT ikkje har gjort kvalitet og internasjonalisering til eit tema i den grad Kvalitetsreforma har gjort det, sjølv om nokre krav er framheva, til dømes krav om kvaliteten på dei nettverka organisasjonen inngår i. Her kan til dømes

akkrediteringskomitear måtte vege samarbeid med sør mot samarbeid med partnarar som i større grad kan bidra til heving av nivået til organisasjonen under vurdering.

Men det generelle inntrykket er, som Haugland uttrykker det: ” Vi har ikkje i nokon stor grad gjort vurderingar av om internasjonalisering fører til auka kvalitet på utdanningane”. (Intervju 19.10.2006).

Derimot kan vi hevde at NOKUT, som er eit produkt av utdanningspolitikken internasjonalisering, og internasjonal normsetting som dei no formidlar gjennom Bologna/EU rammeverket, sjølv blir stadig meir internasjonalisert. Men dette er først og fremst ei internasjonalisering gjennom deltaking i samarbeid i Norden og i Europa, berre unntaksvis ut over grensene til Europa. Denne internasjonaliseringa ser likevel ikkje ut til å vere bunden av Europa og tendensen innan denne regionen mot standardisering<sup>24</sup>. NOKUT-ideologien har heller variasjon som underliggande verdi, jamfør intervju med Haugland (19.10.2006):

*For NOKUT er det ikkje berre standardane og kriteria som er av interesse, men også korleis desse varierar og korleis dei blir tolka av dei sakkunnige nasjonale komiteane. Ettersom evalueringane med grunnlag i dei europeiske standardane og retningslinene fastsett i Bolognaprosessen, skal bli gjennomført på nasjonalt nivå, kan det føre til variasjonar. Men det er rimeleg å rekne med at det i praksis vil gå føre seg ei samordning over tid. Ein må også ta omsyn til at det ikkje er ønskjeleg med fullt ut standardiserte utdanningar heller. Å oppretthalde differensierte utdanningstilbod er eit mål i seg sjølv.*

Kort oppsummert kan vi hevde at den politiske styringa er formelt prega av rammestyring. Ei slik styring gir rom for variasjon, og individuelle val. Inntrykket er likevel at det blir satsa mykje på å heve heile sektoren langs nokre dimensjonar, knytt til dei måla skissert ovanfor, framfor å fremme og lønne den individuelle ”kreativiteten”. Det viktige er å løfte sektoren som eit heile, til tross for stor indre variasjon. Dette gir sjølvstilt igjen dei internasjonalt ansvarlege eit sterkt mandat. Evna til strategisk leiing, til dømes for å fremme eit globalt nisjeprodukt, blir mindre viktig. Dei internasjonale kontora blir viktigare for internasjonalisering enn leiinga ved organisasjonane, om denne tolkinga er rett.

## **2.6 Organisering, kvalifikasjonar og tiltak: kontorisering eller profesjonalisering?**

Dei fleste av dei norske utdanningsorganisasjonane har oppretta eit internasjonalt kontor med ein leiar eller har ein internasjonalt ansvarleg. Arbeidsoppgåvene er i første rekke knytt til studentmobilitet. Organiseringa av dei internasjonale kontora understrekar dette, då dei fleste har lagt internasjonalt kontor under studentkontoret. Men nokre av organisasjonane som har hatt internasjonale kontor, har no lagt ned eller reorganisert desse slik at arbeide er blitt integrert i ei studie eller undervisningsavdeling. Og ved om lag ein

---

<sup>24</sup> Slik det til dømes har i UNESCO

fjerdedel av dei intervjua organisasjonane er det ikkje blitt oppretta eit slikt kontor, hovudsakleg gjeld dette dei minste organisasjonane med ein relativt låg aktivitet. Ein del av dei internasjonalt ansvarlege ved desse organisasjonane nemnar at det er planar om å opprette eit eige kontor, men at arbeidet ikkje har kome i gang.

Det er stor variasjon i organiseringa av dei internasjonale kontora, både når det gjeld personale, posisjon i organisasjonsstrukturen og kva makt og innflytelse dei har. I det siste har det vakse fram eit skilje mellom dei store, først og fremst universiteta som ikkje lenger har internasjonale kontor, og dei minste som no strever med å opprette slike. Nedanfor skal vi drøfte kva denne organisatoriske breidda kan bety for innhaldet i det internasjonale arbeidet, særleg for spørsmålet om vi er på veg mot ny internasjonalisering. Det at dei store organisasjonane legg ned internasjonale kontor kan vere døme på at internasjonalisering no er integrert i all aktiviteten ved organisasjonen, og såleis blitt ein del av leiinga sitt daglege arbeid. På den andre sida kan denne utviklinga og føre til at dette arbeidet mister noko av sin profesjonalitet, ettersom kompetansen blir spreidd, og relasjonane til motoren i denne profesjonaliseringa, SIU, blir mindre fokusert.

Organiseringa og arbeidet til dei internasjonalt ansvarlege og deira kontor speglar og hierarkiet i utdanningssystemet. Ressursane til dei internasjonalt ansvarlege og deira kontor varierer relativt mykje. Spørsmålet er om manglande ressursar til å drive internasjonaliseringsarbeid vil forsterke skilja i sektoren, eller om den støtta som det offentlege gir, til dømes gjennom SIU kan vere med å jamne ut desse ulikskapane. Dei fleste internasjonale leiarane er til dømes deltakar i SIU sitt skoleringsarbeid og kursverksemd, deltek på SIU konferansar, samt på SIU sine Europeiske søsterorganisasjonar sine arrangement.

### **2.6.1 Dei internasjonalt ansvarlege**

Felles for dei fleste internasjonale kontora er at dei har gått gjennom ei omorganisering etter Kvalitetsreforma. Den stillinga dei internasjonalt ansvarlege no har vart såleis etablert for få år sidan. Felles for universiteta er at dei har hatt internasjonalisering som ein del av deira organisasjon lenger enn høgskulane, og at dei difor hadde tilsette som var meir erfarne. Dei fleste leiarane ved universiteta og dei vitskaplege høgskulane hadde jobba lenge med internasjonalisering, snitt 6-7 år. Dei vitskaplege høgskulane har lange tradisjonar med studentutveksling og eit personale med lang erfaring, medan ein overraskande stor del av dei minste høgskulane hadde eit personale som var nyttilsette.

Men desse variasjonane blir ikkje forsterka av variasjonar i kompetansen til dei tilsette leiarane ved kontora. Alle har høgare utdanning, nesten alle innan samfunnsfag eller språk. Berre sju av dei 37 intervjua har utdanning som er lågare enn hovudfags/master nivå. Nesten alle har erfaring frå internasjonalt arbeid frå før dei starta i den jobben dei har no. Desse kvalitetane ved person formar og posisjon, og dermed også kontora dei arbeider innanfor.

Det ser ut til å vere ei sterk sjølvselektering til desse jobbane, og interesser og prioritatar gjer jobben meir til eit kall enn eit trinn på karrierevegen vidare oppover i organisasjonen. Interesse er knytt til det internasjonale arbeidet, meir enn til tilpassing til leiinga sine karrierefremmande opprykkskriterium. Dei fleste leiarane har også personalansvar og har dermed moglegheit til å påverke rekruttering og kvalifikasjonsbygging, sjølv om dette sjølvsgat heng saman med størrelsen på organisasjonane og det internasjonale kontoret.

Ved enkelte organisasjonar har alt arbeidet med internasjonalisering blitt sentralisert til det internasjonale kontoret. Ved fleire av dei små organisasjonane er arbeidet og fordelt på internasjonale koordinatorar ved dei ulike avdelingane. Arbeidet er i desse tilfella som sagt mest knytt til studentutveksling, i hovudsak Erasmusprogramma.

Generelt kan vi hevde at dei ulike kontora er bekvinna<sup>25</sup> med høg kompetanse og lang erfaring. Dette gir inntrykk av ei potensiell profesjonalisering av dette arbeidet gjennom evne til sjølvstendige vurderingar knytt til ein særeigen kompetanse på feltet. Det gjeld sjølvsgat og for dei universiteta som har integrert det internasjonale arbeidet i undervisningsavdelingane.

### **2.6.2 Plassering av det internasjonale kontoret i organisasjonen**

Ved 29 av dei 37 intervjua organisasjonane er internasjonalt kontor lagt til studieadministrasjonen, og internasjonalt ansvarleg rapporterar direkte til studiedirektøren. Ved 9 av organisasjonane, alle høgskular, rapporterar internasjonalt ansvarleg til rektor/prorektor og har dermed moglegheit til å ta opp internasjonale saker med toppleiinga.

Felles for UiO, UiB, UiS, UMB, NTNU og UiTø er at dei har lagt ned internasjonalt kontor etter Kvalitetsreforma. I staden fortel dei internasjonalt ansvarlege at dei har forsøkt å integrere internasjonalisering som ein del av heile organisasjonen. Dette er gjort ved å fordele arbeidsoppgåvene på ulike seksjonar, til dømes ved å skilje student- og forskarutveksling. Det vil vere interessant for framtida å studere internasjonaliseringa ved desse organisasjonane etter at ansvaret for arbeidet er overført til fleire einingar og aktørar.

Etter å ha lagt ned det internasjonalt kontoret i 2005, var UMB hausten 2006 igjen i gang med omorganisere for å få noko som liknar strukturen av eit internasjonalt kontor. Det ser dermed ut til at konseptet med å implementere internasjonalisering som noko som skal gjennomsyre organisasjonen framleis er i utprøvningsfasa.

### **2.6.3 Rapportering om internasjonalisering i eigen organisasjonen**

I arbeidet med å profilere internasjonalisering innan sin eigen organisasjon har dei internasjonalt ansvarlege ulike strategiar, og moglegheiter, for å nå fram med budskapen.

---

<sup>25</sup> 25 av dei 37 intervjua internasjonalt ansvarlege er kvinner.



For dei fleste avgrensar rapportering om internasjonalisering seg til ein mindre strukturert interaksjon med sine næraste overordna, i dei fleste tilfeller studiesjefen. Dei aller fleste rapporterar fortløypande, anten munnleg eller gjennom e-post og meldingar, og gjennom faste og uregulære møter. Dei fleste rapporterar skriftleg berre gjennom årsrapportar og meldingar, eller når leiinga spør eksplisitt etter noko. Skriftleg rapportering ser ut til å stort sett avgrense seg til tal, særskilt om innreisande og utreisande studentar. Ei tolking av denne rapporteringsforma er at internasjonalt ansvarleg og det internasjonale kontoret arbeider relativt sjølvstendig, og at arbeidet er avhengig av den kompetansen leiaren og dei tilsette der har. Dette gir iallfall eit potensiale for ei profesjonalisering av dette arbeidet, gjerne i tråd med dei ideane som står sterkast mellom dei internasjonalt ansvarlege. Desse ser til å vere knytt til utveksling, særleg av studentar, og til ideen om internasjonalisering som ein verdi i seg sjølv. Dette inntrykket vil bli forsterka av at internasjonalt ansvarleg og internasjonalt kontor klarer å bygge opp autoritet innan organisasjonen rundt sine aktivitetar.

Men kva autoritet dei internasjonalt ansvarleg har ser ut til å variere. Det kan vere alt frå lite eller ingen kontakt med leiinga, til at ein arbeider nært med og i rutinisert kontakt med rektor eller prorektor. Nokre organisasjonar har også eit internasjonalt utval med leiinga representert, ein del av desse utvala har og vedtaksrett<sup>26</sup>. Det er ulike grunnar til at organisasjonane ikkje har eit internasjonalt utval. Ein del organisasjonar gir opp at dei har lagt ned internasjonalt utval fordi det ikkje fungerte som eit bindeledd mellom leiing, internasjonalt kontor og fagmiljøa, slik intensjonen var. Høgskulen i Molde, Høgskulen i Oslo og Universitet i Oslo er mellom andre organisasjonar som har lagt ned sitt internasjonale utval, mellom anna fordi dei ikkje hadde saker å handsame. Andre organisasjonar har vurdert det slik at dei ikkje vil opprette eit internasjonalt utval men heller integrere oppgåvene i heile verksemda, der styret har det overordna ansvaret for internasjonalisering, slik det til dømes er tilfelle ved UMB. Nokre nemner at dei ikkje har funne ein god og effektiv måte å rapportere om internasjonalisering enda.

#### **2.6.4 Prioriteringar i det internasjonale arbeidet**

Ved universiteta brukar dei internasjonalt ansvarleg mest av tida si på oppgåver som er knytt til å sette i verk og utforme avtalar knytt til mobilitet, og i tillegg kontakt med fagmiljøa. For dei større høgskulane fordelar prioriteringane av arbeidsoppgåver seg jamt mellom studentutveksling (innreisande og utreisande), arbeid med mobilitetsavtalar, kontakt med fagmiljøa ved eigen organisasjon, saksførebuing og kontakt med leiinga, og dessutan reiser og nettverksbygging. For dei minste høgskulane er det ein klar overvekt av aktivitetar knytt til studentutveksling for innreise og utreisande studentar. Ein del brukte og tid på avtalar knytt til studentmobilitet, mens ingen nemnde at dei brukte særskilt mykje tid

---

<sup>26</sup> Dei internasjonalt ansvarlege ved UiO, UiS, UiTø, NTNU og UMB fortel at dei ikkje har internasjonalt utval. Heller ikkje Musikkhøgskulen, Veterinærhøgskulen, Politihøgskulen, Arkitekt- og Designhøgskulen, Høgskulen i Hedmark, Høgskulen Gjøvik/Lillehammer, Høgskulen i Sogn og Fjordane, Høgskulen i Sør-Trøndelag og Høgskulen i Bergen har eit internasjonalt utval.

på kontakt med og å førebu saker for leiinga. Dei vitenskaplege høgskulane har og ei klar overvekt av arbeidsoppgåvene sine knytt til studentutvekslinga.

Kva dei einskilde internasjonalt ansvarlege brukar mest tid på i kvardagen er avhengig av måten kontoret er organisert, av kva omfang internasjonaliseringa har ved organisasjonen og kor lenge organisasjonen har drive på med internasjonalisering. Ved dei små kontora, som ofte har berre ein eller to medarbeidarar, brukar leiarane mest av tid på studentar, både innreisande og utreisande. Dette er som regel også tilfelle ved dei organisasjonane der internasjonalisering er eit relativt nytt fenomen. Ved dei større kontora der leiaren har personalansvar er det i regelen eigne personar som har ansvaret for avtalar. Leiaren ved desse kontora nyttar mesteparten av tida si til strategiske arbeidsoppgåver, til dømes saksførebuing og til møter ved internasjonalt kontor. Mange av dei internasjonalt ansvarlege nemner og at dei brukar mykje tid og krefter på forsøk på å integrere internasjonalisering i organisasjonen.

Men alle, uavhengig av størrelse på organisasjonen og omfang av internasjonaliseringa, framhever at studentutvekslinga utgjør hovudtyngda av arbeidet. Innreisande studentar tek meir tid enn utreisande studentar. Dette blir særskilt tydeleg, eller forsterka, ved dei små organisasjonane.

Vi kan såleis summere opp så langt med å hevde at dei internasjonalt ansvarlege og dei internasjonale kontora representerer ein relativt standardisert og delvis profesjonalt ressurs for organisasjonane som i hovudsak er blitt strukturert av arbeidsoppgåvene knytt til studentutveksling. Samstundes er det store variasjonar i måten desse kontora er integrert i organisasjonen på. Hovudinntrykket er at dei strever med å finne sin plass i organisasjonen. Det kan sjå ut som om dei i stor grad er blitt skapt av Kvalitetsreforma, og er blitt til eit ”offentleg kontor” som forvaltar internasjonaliseringsdimensjonen til denne reforma. Likevel – eller kanskje nettopp derfor – har kontora ei fagleg profesjonalisering som framhever gammal internasjonalisering, særleg i tilknytning til utveksling av studentar. Den uklare plasseringa i organisasjonen tyder på at den strategiske dimensjonen, eller ny internasjonalisering, har mindre oppslutning. Om den reorganiseringa – eller nedlegginga av internasjonale kontor – som har funne stad ved nokre av universiteta kan representere ei satsing mot ny internasjonalisering har vi ikkje grunnlag for å drøfte. Det er likevel, paradoksalt nok, slik at dei fleste som uttaler seg om korleis organisasjonsforholda verkar inn på arbeidsoppgåvene ser ut til å meine at denne burde vere slik at den gav større innverknad på leiinga for å styrke den generelle støtta innan organisasjonen til det arbeidet dei utfører som fagkyndige.

Ny internasjonalisering slik vi har drøfta denne innleiingsvis inneheld ei meir overordna strategisk vurdering, til dømes av koplinga mellom forskning og undervising, korleis ein kan arbeide gjennom fagmiljøa, og korleis ein kan nytte seg av potensialet for internasjonalisering heime. Vi skal i det følgjande kome nærare inn på om ei slik utvikling

finn stad, på tross av ei organisering som tilsynelatande framhever det vi har kalla gammal internasjonalisering.

## **2.7 Fag og/eller administrasjon? Forskar og/eller studentutveksling?**

Ikkje berre har arbeidet med studentutveksling tatt mest *tid* i arbeidet med internasjonalisering. Også dialogen mellom internasjonalt kontor og fagmiljøa handlar i hovudsak om studentmobilitet. Kvar fagmiljøa ønskjer å sende studentar, korleis ein skal inngå avtalar og kva avtalar som blir nytta av fagmiljøa, er tilbakevendande tema. Også spørsmål om kva resursar fagmiljøa har til å drive eiga internasjonalisering er ofte tatt opp. Dette er jamt fordelt for alle organisasjonane, både store og små. Dei fleste, uavhengig av kategori, meiner likevel at forskning og studentutveksling *bør* knytast sterkare saman, og at dette til no har skjedd i for liten grad.

Det er universiteta som har den mest organiserte interaksjonen med fagmiljøa, og dei fleste internasjonalt ansvarlege ved universiteta fortel at dei har møter med fagmiljøa minst ein gong i veka. For dei små høgskulane er denne aktiviteten meir sporadisk og knytt opp mot konkrete behov. Mange av høgskulane har berre faste møter med representantar frå fagmiljøa gjennom internasjonalt utval eller gjennom andre forum. Direkte kontakt med fagtilsette utanom instituttleiarar skjer ”etter behov”. Ved dei minste organisasjonane er organisasjonen så oversikteleg at dei ikkje følar behov for å ha faste møter, og formelle møter skjer kanskje i form av eit seminar ein gong i året for å ”oppdatere avdelingane på kva som har skjedd på internasjonaliseringsfeltet sidan sist”. På den andre sida gjer dette også interaksjonen meir sårbar, sidan det ikkje er bygd opp rutinar rundt møtet mellom fagmiljøa og internasjonalt kontor.

Det er då også dei minste høgskulane som er aller mest frustrert over at samarbeidet mellom fagmiljøa og internasjonalt kontor ser ut til å vere så vanskeleg. Det er desse organisasjonane som mest av alt ønskjer seg eit tettare samarbeid for å klare å auke graden av internasjonalisering. Dei store organisasjonane er allereie svært aktivt involvert i internasjonalisering og har ikkje det same behovet for å ”komme i gang” med internasjonaliseringsaktivitetar som dei mindre organisasjonane, som jo har langt kortare erfaring med internasjonalisering.

Det er også interessant å merke seg retorikken som blir brukt av dei internasjonalt ansvarlege når dei omtalar relasjonen dei har til fagmiljøa. Dei internasjonale kontora må jobbe meir med fagmiljøa for ”å få dei til å skjønne kor viktig internasjonalisering er”, og det er fagmiljøa som må ”vakne opp”. Dei aller fleste meinte at dei fagleg tilsette generelt var for passive når det gjeld internasjonalisering. Og alle meinte at deira internasjonale kontor måtte jobbe meir via fagmiljøa for å auke omfanget av internasjonalisering. Dei internasjonalt ansvarlege søker med andre ord å skaffe seg eit diskursivt hegemoni. Som vi skal sjå nedanfor har dette lukkast i svært liten grad. Dei internasjonalt ansvarlege, i den

grad ein strategi for fagleg autonomi og profesjonalisering blir følgd, ser såleis meir ut til å kvile meir på relasjonen til den offentlege politikken enn på ein allianse med det faglege miljøet. I så måte ser vi eit skarpt skilje mellom den organisasjonsutviklinga gjennom fagmiljøa som det ”gamle SIU” søkte å fremme, og den som det nye SIU i dag er del av.

Den manglande interaksjonen, eller skisma, mellom dei faglege og dei administrativt tilsette er eit gjennomgangstema både i intervjua med dei internasjonalt ansvarlege og fagfolka. Til dømes kan lærarutveksling vere vanskeleg å få til, sjølv om det er eitt av mobilitetsmåla med kvalitetsreforma. Følgjande sitat er frå eit av universiteta.

*Det eg har merka meg er at det er veldig vanskeleg å få folk til å reise på lærarutveksling. Vi klarar faktisk ikkje å bruke opp dei små midlane vi får! Og det er jo ikkje fordi folk ikkje veit om det, for det er etter kvart godt annonsert. Dei melder seg på, og så melder dei seg av igjen. For at dette skal kunne gå meir effektivt er vi nøydd til å vite kva kurspakkar partnarane har, og dei må vite kva vi har.*

Det ser ut til å oppstå ein del problem relatert til opphaldet, også svært korte opphald, som det enda ikkje har funne ordningar for på organisasjonane. Til dømes nemner mange at det er eit problem at lærarar som reiser på lærarutveksling ikkje får betalt for dei timane undervisning dei ”reiser i frå” heime. Det blir og ofte for dyrt for organisasjonane å finne ein vikar for vedkommande dei timane det er snakk om.

Lærarutveksling og/eller forskarutveksling ser ikkje ut til å vere diskutert eller gjennomgått systematisk. Dialogen mellom administrasjon og fagmiljøa ser i det heile ut til å vere noko svak når det gjeld spørsmålet om korleis ein skal gå fram i høve til denne delen av Kvalitetsreforma som treffer relasjonen til forskning og fag. Berre ein av dei internasjonalt ansvarlege ved organisasjonar som har doktorgradsutdanning, til dømes, ønskjer at internasjonalisering av denne skal leggst til deira ansvarsområde. Mange grunnjev kvifor dei ikkje vil ha ansvaret for doktorgrad med at dei ikkje har ressursar til å koordinere enda fleire aktivitetar. Dette sitatet er representativt for haldninga til dei fleste internasjonalt ansvarlege vi intervjuar.

*Vi har nok å gjere. Internasjonalisering ved doktorgradsutdanninga går på det som har med faga å gjere, og eg syns at det bør høyre til avdelingane. Det er ikkje vi som skal gjere dette, det er fagmiljøa. Men vi kan godt vere ei støtte for dei.*

Men det kan sjå ut til at internasjonalt ansvarlege også har forståing for dei faglege sin situasjon. Meir ressursar og meir informasjon blei sett på som ei løysing. Dette sitatet er frå eit av universiteta.

*Generelt syns eg at dei fagleg tilsette er passive når det gjeld internasjonalisering, men det treng ikkje vere noko negativt i det i seg sjølv. Dei har nok med sine andre saker, så eg skjønner godt at dei ikkje har tid til å drive internasjonaliseringsprosessen. Det er jo ikkje noko direkte insentiv for dei når det gjeld internasjonalisering.*

Men i begge tilfeller blir det vist til aktivitetar som styrker rolla til det internasjonale kontoret, ikkje i og for seg til aktivitetar som systematiserer og bygger vidare på dei forskarnettverka som alt er der. Men også her finn vi variasjonar etter organisasjonstype. Dei internasjonalt ansvarlege ved høgskulane er først og fremst fokusert på

internasjonalisering som eit middel for å gjere undervisninga betre, og har kontakt med fagmiljøa for betre dette. Mesteparten av kontakten mellom internasjonalt kontor og fagmiljøa ved universitet er derimot om ”tekniske saker”, der utvekslingsavtalar er mest sentrale. Det ser dermed ut til at høgskulane i større grad har lukkast med å etablere ein kontakt med fagmiljøa omkring det som er hovudfokuset i Kvalitetsreforma, ei betring av studiesituasjonen, medan den oppløysinga av internasjonale kontor som skjer ved ei rekke av universiteta kan forståast som eit uttrykk for manglande fagleg kontakt. Det kan og forståast som ei teknifisering av arbeidet, ei kontorisering som har gjort at eit eventuelt profesjonelt leiarskap av dette arbeidet også for dei faglege ikkje blir verdsett. Fleire har no, som sagt, organisert det internasjonale arbeidet slik at student- og forskingsutveksling er skilde frå kvarandre, til dømes med eigne kontor, men der det internasjonale arbeidet er forstått som ”studentkontoret”. Men sjølv på dei kontora der forskning og utdanning ikkje var eksplisitt skilde, hadde ikkje dei internasjonalt ansvarlege ansvar for forskarutveksling.

Mange av dei internasjonalt ansvarlege ville prioritere studentutveksling dersom dei kunne/måtte velje mellom student- og forskingsutveksling, men om dette ikkje vart satt mot kvarandre ville meir enn halvparten prioritere opp kontakten med fagmiljøa, særleg for å kople studentutvekslinga betre til forskarnettverka.

Her er det vi finn det største skiljet, naturleg nok, mellom dei som arbeidde ved dei store forskingsuniversiteta og dei som heldt til ved mindre undervisningstunge høgskulane. Sjølv om kontakt med fagmiljøa har stor plass ved dei mindre organisasjonane, der 8 av 14 svarte at dei ville prioritere dette høgst i framtida, er dette likevel knytt opp til ønsket om å auke studentmobiliteten. Studentmobilitet ser dermed ut til å stå sentralt i informantane sine prioriteringar for internasjonalisering, men meir for dei mindre høgskulane enn for universiteta. Studentmobilitet var det som kjenneteikna internasjonalisering, noko dette sitatet frå ein av dei minste høgskulane kan stå som eit døme på:

*Kven er det vi driv høgskulen for? Det er jo sjølv sagt for forskings- og utviklingsarbeid og kompetansearbeid blant dei tilsette. Men vi er jo her først og fremst for studentane. Så eg syns at det er riktig å fokusere på studentmobiliteten*

Kort oppsummert kan vi såleis hevde at dei internasjonalt ansvarlege vi har intervjuva meinte at studentutveksling bør bli knytt tettare opp til pågåande forskning og forskingsnettverk. Internasjonalt kontor ville gjerne få dette til, men det har vist seg å vere vanskeleg å få med seg fagmiljøa. For å klare dette er det nødvendig for det internasjonale kontoret og internasjonalt ansvarleg å få organisasjonsleiinga interessert i å støtte ei slik utvikling. For å få det til vil dei internasjonale ansvarlege måtte gå ut over argumenta om internasjonalisering som mål i seg sjølv. Ei meir styrt og koordinert internasjonalisering, som fremmer forskarnettverk og studentutveksling innan ein felles strategi, er eitt av dei tiltaka som karakteriserer ”ny internasjonalisering”. Dei internasjonalt ansvarlege kan søke å fremme si rolle for ny internasjonalisering overfor leiinga, med den faren at dei blir offer for sin eigen retorikk. Som vi har sett har ei rekke internasjonale kontor blitt integrert i administrasjonen, mellom anna fordi leiinga har sett på ny internasjonalisering som noko som skal gjennomsyre organisasjonen ”som eit heile”. Spørsmålet er såleis om leiinga vil

fremme internasjonalisering som noko som er absorbert i breidda av aktivitetar, om leiinga vil styrke dei internasjonale kontora sitt arbeid med å integrere forskning, forskarutveksling og studentutveksling, eller om løysinga vil vere å skilje forskarinteressene frå det organiserte og målretta arbeidet med studentutveksling?

## 2.8 Tilhøvet mellom internasjonalt ansvarleg og leiinga

Det ser ut til å vere samanheng mellom dei internasjonale kontora som føler dei har støtte i leiinga ved organisasjonen og korleis dei prioriterar. Dei som ikkje opplever at dei har støtta nyttar heller ikkje mykje av tida si til å ta kontakt med leiinga. Berre 10 av 37 internasjonalt ansvarlege svarte at dei ville prioritere kontakt med leiinga framfør kontakt med fagmiljøa og at dette først og fremst var for å sikre meir studentutveksling. Desse tala ser ut til å vere knytt til størrelsen på organisasjonen: Halvparten av internasjonalt ansvarlege ved universiteta og dei store høgskulane ville prioritere leiinga, mens berre 3 av 14 ved dei mindre høgskulane ville det same. Med andre ord er 70prosent av dei internasjonalt ansvarlege som ønskjer å bruke meir tid på leiinga i spørsmål om internasjonalisering, knytt til universitet, vitskaplege høgskular og store høgskular.

For dei mindre høgskulane ser den mest presserande målsetjinga ut til å vere å auke studentmobiliteten ettersom dette i regelen er det mest fokuserte målet på internasjonalisering. Dette var viktigare enn strategiske vurderingar eller internasjonalisering som eit middel til å fremme organisasjonseigenarten gjennom leiinga. 8 av 14 av dei mindre høgskulane svarte at den viktigaste prioriteringa for framtida er å auke studentutveksling, mens berre 3 av 14 meinte at kontakt med leiinga er viktig.

Berre 2 av 37 internasjonalt ansvarlege seier at leiinga ikkje tek omsyn til deira meiningar, men det er framleis (berre) 19 som seier at leiinga heilt klart tek omsyn til dei tema dei tek opp. 18 informantar seier at leiinga delvis tek omsyn til meiningane deira. Følgjande sitat er frå ein av dei større høgskulane.

*Eg har brukt mykje krefter på å få dei til å forstå konsekvensen av kva det vi driv med har for internasjonalisering. Også det med å få internasjonalisering på dagsorden. Det har vore veldig mykje det at det er eg som må sørge for at det ikkje blir glømt systematisk. Eg syns det har gått litt sakte.*

Dei fleste opplever ei formell støtte frå leiinga, men den reelle opplevinga er ofte ei anna:

*Internasjonalisering var opphavlig eit tema ein måtte argumentere for at var fornuftig å halde på med. I dag treng ein ikkje å argumentere for at internasjonalisering er fornuftig. Og det gjør det nesten litt vanskeligare, fordi viktige leiingsfunksjonar vil då sei "ja det må vi jo berre prøve å få til – å har økt mobilitet av studentar og tilsette". Men sidan alle er einig blir det jo ikkje noko debatt. Og det betyr jo ikkje at det skjer noko. Internasjonalisering har på ein måte blitt ein sånn opplagt ting som er viktig, men så skjer det ikkje så mykje likevel.*

Utvida bruk av engelsk, også for leiinga, blir drege fram som ein av grunnane til skepsisen til internasjonalisering. Mange meiner at arbeidet med internasjonalisering blir hemma av leiinga ikkje sjølve ønskjer å delta i aktivitetar som krev bruk av engelsk. Dette kjem i

tydelegast til uttrykk i intervjuet med internasjonalt ansvarlege ved dei mindre høgskulane, men også ein del av dei større høgskulane nemner dette som eit problem. Felles for desse er at dette er eit tema som ikkje blir teke opp i organisasjonen og er noko mange ”vegrar seg” for å problematisere.

Så sjølv om det er semje om at internasjonalisering er blitt gjort til eit leiaransvar ved organisasjonane, er det meininga til dei internasjonalt ansvarlege, på tvers av dei store variasjonane i sektoren, at internasjonalisering ikkje er blitt prioritert høgt nok. Det kjem særleg til syne vonbrot over at leiinga ikkje tek nok omsyn til internasjonalt kontor. Her rådde det tilfeldig, ofte personlege eigenskapar innan organisasjonsleiinga, som og vist ovanfor når det gjeld variasjon også i organisasjonsform. Enkelte rapporterer at dei får god støtte i leiinga, nok midlar og stort handlingsrom, og at dei følte at dette hadde samanheng med at det er enkeltpersonar i leiinga som var opptatt av internasjonalisering. Andre rapporterte om at leiinga tok lite omsyn til internasjonalisering, og at dette blei ein del av mange saker som måtte prioriterast, men som ikkje blei jobba særskilt med.

Det ser med andre ord ikkje ut til at dei internasjonalt ansvarlege i særleg grad korkje har søkt å formidle til leiinga systematiske løysingar på forventningane om ny internasjonalisering, eller har klart å fange leiing si støtte for eit vidare arbeid langs desse retningslinjene. Medan Kvalitetsreforma har gitt dei internasjonale kontora eit løft og ein fagleg profil, ser posisjonen deira i den organisatoriske arbeidsdelinga framleis ut til å vere uavklart, også i relasjonen til leiinga. Det er iallfall vanskeleg å sjå at ”ny internasjonalisering” har generert ein synergi i sektoren som eit heile (igjen sjølv sagt med unntak) som gjer at dei internasjonale kontora kjem i sentrum for ein leiarstrategi for internasjonalisering som koordinerer heile det ”utanrikspolitiske” feltet.

Nedanfor skal vi utdjupe dette ved å fokusere på eitt kasus som er særleg drøfta som døme på ei utvikling mot ”ny internasjonalisering”: Internasjonalisering heime.

## **2.9 Internasjonalisering heime**

I spørjegranskinga mellom dei internasjonalt ansvarlege vart dei intervjuet bedt om å beskrive internasjonalisering heime og nemne konkrete tiltak som har blitt sett i verk under denne kategorien. Kanskje det mest slåande ved intervjuet er kor stor variasjon det er i definisjonane av internasjonalisering heime. Den varierer mellom norsk kurs på den eine sida til internasjonalisering av pensum og undervisningsformer på den andre. Alle hadde sett i verk tiltak som kan komme under nemninga ”internasjonalisering heime”, men omfang, kvalitet og type aktivitet varierar, og da ikkje berre etter storleiken på organisasjonane.

I gjennomgangen av intervjuet kom det fram at 34 av dei 37 intervjuet organisasjonane har diskutert internasjonalisering heime generelt, mens berre under

halvparten (14 av 37) har ein eigen strategi for internasjonalisering heime. Dei områda som det er satt i verk flest tiltak gjeld:

- Å ha ei mottaks- og fadderordning for dei internasjonale studentane, arrangert og tilrettelagt av norske studentar (32 av 37)
- Integrere norske og internasjonale studentar gjennom sosiale tiltak (18 av 37)
- Å tilby norsk kurs (13 av 37)
- Å integrere dei internasjonale studentane gjennom studentorganisasjonar (10 av 37)

Internasjonalisering heime ser ut til å framleis vere eit omgrep som ikkje alle har sett seg inn i, eller ser potensialet av. Det var likevel berre to av dei intervjuar som ikkje visste kva internasjonalisering heime er. Jo mindre høgskulane blir, jo færre tiltak er sett i gang for internasjonalisering heime, og det ser ut til at dette er noko som framleis er under planlegging ved dei minste organisasjonane.

Variasjon etter størrelse blir særleg synleg når ein tel opp kor mange aktivitetar dei ulike organisasjonane har sett i gang. Medan dei mindre høgskulane har relativt få tiltak som avgrensar seg til å gjelde sosiale aktivitetar, ofte gjennom studentorganisasjonar, har dei større høgskulane sett i gang fleire tiltak for å integrere norske og utanlandske studentar gjennom felles undervisning, å utvikle eit internasjonalt pensum, og å tilby fleire kurs på engelsk. Men dette er ikkje nødvendigvis tiltak som er sett i gang etter Kvalitetsreforma, dette er tiltak som ein har jobba med over fleire år. Vi ser dermed og at internasjonalisering heime kan henge saman med kva resursar organisasjonen hadde til internasjonalisering frå før, sjølv om hovudinntrykket er at variasjonen i hovdesak skuldast vilje til prioritering.

Universiteta utmerka seg ved at dei internasjonalt ansvarlege hadde minst med internasjonalisering heime å gjere av alle spurte. Dette kan kome av at leiaren ikkje er involvert og at dette er ei delegert oppgåve ved universiteta. Men truleg er det eit uttrykk for måten dette tema er forstått eller prioritert på. Ein vanleg kommentar var at kontoret hadde diskutert internasjonalisering heime, men meinte at dette ikkje var veldig relevant for internasjonalt kontor sidan dei berre hadde ansvaret for studentmobilitet. Denne svake vektlegginga av internasjonalisering heime som eit konkret satsingsområde som vi ser ved universiteta er noko dei delte med dei høgskulane som var mest desentralisert, der internasjonalt kontor hadde liten kontakt med fagmiljøa fordi dei ofte er lokalisert i ein annan by. Dermed ser vi og at den moglegheita ein har for å ha kontakt med fagmiljøa og studentane direkte har konsekvensar for kor mykje internasjonalisering heime internasjonalt kontor er involvert i.

Om lag ein fjerdedel av organisasjonane hadde sett i gang tiltak for å internasjonalisere pensum, dei fleste av desse er store høgskular, medan berre eit av universiteta og ein av dei mindre høgskulane hadde sett i gang tiltak på dette. Berre 4 av 37 hadde sett i gang tiltak for å involvere dei *tilsette* i integrasjon av dei internasjonale studentane i fagmiljøa, og berre 4 nemnte at dei hadde sett i gang tiltak for å integrere dei internasjonale studentane i fagmiljøa, ut over å tilby kurs på engelsk.



NHH var den einaste som berre fokuserte på *faglege* aspekt ved internasjonalisering heime i intervjuet. Det er også dei som har halde på med internasjonalisering lengst av alle dei intervjua organisasjonane, og har lang erfaring med internasjonalisering. Fleirtal av dei intervjua fokuserte såleis mest på internasjonalisering heime som noko som hadde med *studentmiljøet* å gjere. Alle organisasjonane hadde sett i gang sosiale tiltak når dei internasjonale studentane kom, som til dømes fadderordning, mottaksveke, internasjonal dag og slike ting. Integrasjon av utanlandske studentar blir med andre ord ofte sett på som eit studentansvar og ikkje eit ansvar for internasjonalt kontor, eller for organisasjonen/leiinga. Nokre antyder og at dei ikkje ønskjer å ha ansvaret for å integrere dei utanlandske studentane, og meiner at dei gjer for lite for å bli integrerte sjølv. Mange meiner det er betre først å lære dei meir om norsk kultur, for at dei skal skjønne kva slags system dei er ein del av, og om lag halvparten av organisasjonane tilbydde norskkurs for dei internasjonale studentane. Berre 4 av 37 av organisasjonane hadde sett i gang tiltak for å gjere meir informasjon tilgjengeleg på engelsk for dei internasjonale studentane.

Ein del, men overraskande få, nemnar at dei syns det er viktig å bruke erfaringane til studentar som har vore på utveksling for å fremje internasjonalisering heime. Mange har lagt ut rapportar på nettsidene der studentar skriv om erfaringane sine. Etter ein gjennomgang av desse rapportane får vi bekrefte vår tese om studentutveksling blir sett på som ei kulturreise. Rapportane minnar meir om reiseskildringar, enn rapportar om studieopplegget og faglege erfaringar frå utvekslingsorganisasjonen. Det er få som nemnar korleis desse rapportane blir brukt i marknadsføringa av internasjonalisering. Det er likevel truleg at dei fungerer som ”lokkemiddel” for på den måten å inspirere til større utreise. Det ser framleis ut til å vere langt igjen før målet om å bruke erfaringar frå utveksling på ein systematisk måte er nådd.

I ein gjennomgang av strategiplanane for internasjonalisering ved organisasjonane kom det for det første fram at om lag halvparten av organisasjonane ikkje hadde nemnt ”internasjonalisering heime” i planane. Det er ein overvekt av dei mindre høgskulane som ikkje har med internasjonalisering heime som eit punkt i ein internasjonal strategi. For det andre kom det fram at det svært sjeldan følgde med konkrete planar for tiltak som skulle settast i gang. Beskrivingane er generelle, som til dømes Høgskulen i Bodø sin strategi for internasjonalisering:

*Bodø University College internationalisation has been a process of integrating an international perspective into the teaching, learning, research and service functions of its institution. This process must continue, with more focus on making Bodø University College an attractive place of teaching, learning and research for both international students and staff, and students and staff wanting to travel abroad as part of their study or work here (Strategy for internationalisation 2005-2008, Høgskulen i Bodø).*

Det blir vidare i strategien opplyst at Høgskulen i Bodø må jobbe mot å auke kurstilbodet på engelsk, at det bør vere ein internasjonal dimensjon i dei kursa som ikkje blir undervist i på engelsk, og at den internasjonale dimensjonen skal vere ein naturleg del av alle

studieprogramma, at det er nødvendig å ha eit internasjonalt pensum for å oppretthalde eit internasjonalt perspektiv (Strategy for internationalisation, Høgskulen i Bodø). Men utover desse generelle måla har strategiplanen ingen konkretisering av korleis ein skal nå desse måla.

Som vi ser frå gjennomgangen av internasjonaliseringsstrategiar og intervjumaterialet, har dei fleste diskutert internasjonalisering heime, men ikkje korleis dette skal operasjoniserast ved organisasjonen. Det kan sjå ut som om det er problematisk at ansvaret med internasjonalisering er lagt til internasjonalt kontor når dei på grunn av si plassering i organisasjon ikkje har noko innflytelse på fagmiljøa. Mange av dei internasjonalt ansvarlege meiner det er vanskeleg å sette i gang tiltak for å skape ein internasjonal dimensjon nettopp fordi internasjonalt kontor ikkje føler dei har eller kan ta ansvar for dette. Dei har ikkje makt til å operasjonisere korleis dette skal gjerast. Og spørsmålet er også om dei er kvalifisert for ei slik utviding av oppgåvene ut over vanleg studentutveksling?

Bruk av *engelsk* er ein føresetnad for internasjonalisering generelt, men særleg for internasjonalisering heime. Mange av dei internasjonalt ansvarleg vi har intervjuar meiner at talet på kurs på engelsk er for lite, og eit fåtal meiner dei har ei tilfredstillande mengde kurs/grader å tilby på engelsk. For få kurs på engelsk skuldast ofte ressursmangel, men til dels også motstand i fagmiljøa. Mange internasjonalt ansvarleg skuldar på uvilje blant fagleg tilsette med tanke på å undervise på engelsk, og visar til at mange forelesarar er bekymra for å undervise på eit språk dei ikkje følar dei beherskar. Elles er kanskje uvilje eller motstand alltid det riktige ordet, jamfør ein respondent frå ein av høgskulane:

*Vi møter jo ikkje motstand mot å bruke engelsk. Vi møter bare ikkje handling.*

Prioriteringane om å bruke engelsk som undervisningsspråk ser og ut til å ha blitt teke opp på leiingsnivå ved fleire organisasjonar. Til dømes er det ved fleire organisasjonar no vedtatt at det skal presiserast i stillingsutlysningar for nytilsettingar at søkjarar må beherske engelsk til bruk i undervisning.

Om lag 1/3 av dei intervjuar internasjonalt ansvarlege fortel at dei har sett i verk eigne tiltak til fagtilsette som må undervise på engelsk. Dei store høgskulane og universiteta opplever det å få tilsette til å undervise på engelsk som eit mindre problem enn det dei små høgskulane gjer. Dette heng også saman med i kva grad forskarar/lærarar har sjølv vore på utveksling, og om dei er vane med å undervise/snakke på engelsk frå andre stadar.

Dei største organisasjonane har nesten utan unnatak eit opplæringstilbod på norsk for utanlandske studentar, mens mindre organisasjonane ofte ikkje har slike, eller har mindre tilbod som til dømes eit kortare norskkurs når studentane kjem. Fleire av dei store organisasjonane som har svært mange internasjonale studentar, ser på obligatorisk norskkurs som utelukka ettersom dei har fleire studentar enn det kan ha norsktillbod til. Andre igjen meiner at norskopplæring ikkje er viktig sidan studentane kan følgje undervisninga på engelsk på mange kurs:

*Norskopplæring blir det ikkje satsa på i nok særleg stor grad. Vi har eit norskkurs, men det er jo mest ein kuriositet. Det er ikkje noko å satse på syns eg.*

Medan andre meiner at norskkurs og kurs for å fremje norsk kultur er svært sentralt for å integrere dei internasjonale studentane. Ein av høgskulane hadde til dømes slått frå seg tanken om å integrere dei mange kinesiske studentane sine i studentmiljøet, fordi det viste seg at desse studentane ikkje først og fremst ønska å bli integrerte, men heller nytte sjansen til å arbeide mykje med studiet. Å gje opplæring i norsk språk og kultur blei derfor sett på som viktigare og meir grunnleggande for å nå fram til desse studentane, enn å prøve å integrere dei gjennom faglege aktivitetar.

Internasjonalisering heime er eit omfattande tema som normalt ville krevje ei langt grundigare gransking enn det vi kan gje i denne rapporten. Inntrykket er likevel at internasjonalisering heime – som ei symbolsak for eit utvikling mot ”ny internasjonalisering” – i liten grad har nådd ut over ideane om studentintegrasjon. Kva internasjonalisering heime betyr for fagutvikling, fagtenking eller for bruk av forskarane sine erfaringar, studentane sine inntrykk osv. er i liten grad sett på dagsorden. I SIU sin rapport til Mjøsutvalet (1999) blir det internasjonale arbeidet grunngjeve med at det var del av ei ny kunnskapsorientering. Det som legitimerte internasjonalisering er i følgje denne rapporten evna til å løyse dei problem vi møter i den globale verda; frå fattigdom til ressursutnytting og øko-krise, til tapet av leiging under den noverande økonomiske orden og som følgje av dei risikoar vår teknologi skaper. Denne internasjonaliseringa har først og fremst forankring heime, ikkje i studentutveksling, men i ei kunnskapsorientering. Denne kunnskapsorienteringa kunne forme relasjonar mellom studentar og forskarar, og organisasjonsleinga innan ny internasjonalisering. Det ser ut til at desse tankane frå debatten rundt Mjøsutvalet har fått lite systematisk oppfølging. Det er igjen den delen av Kvalitetsreforma som fokuserer studentutvekslinga som og gir meining til internasjonalisering heime.

Dette fører oss over til spørsmålet om kva verdiar det er som driv fram dei internasjonaliseringspraksisane vi har drøfta ovanfor?

## **2.10 Haldningar og verdiar**

Den politiske diskursen og måten reformarbeidet er blitt følgd opp på har gjort at studentutvekslinga er mest verdsett. Difor er det og mest verdsett å rekruttere studentar frå dei områda der dette er lettast, der det alt er eit apparat i sving. 23 av 37 intervjuar internasjonalt ansvarlege meinte til dømes at dei ville prioritere studentar frå Europa heller enn rekruttering frå andre verdsdelar. Ingen såg ut til å motsette seg at Europa skulle vere eit prioritert område innanfor internasjonalisering. På eit spørsmål om dei internasjonalt ansvarleg ville velje å sende studentane til USA eller Aust-Afrika svarte 26 av 37 at dei ville prioritere USA. Men det er delte meiningar om påstanden om at USA har dei beste universiteta, sjølv om dette ser ut til å vere teken for gitt av nokre. Ein viser gjerne til at

USA gjer det best på alle rankinglister, men er samstundes tvilsam til kvaliteten på desse rankingane, jamfør denne kommentaren frå eit av intervjua:

*Dette har eg tenkt på nokon gongar, om det faktisk er slik. Kva brukar desse rankingane som kriterium? Eg veit ikkje eg. Det vi ser er jo at det ikkje er lett å få avtalar i USA i heile teke. Men det er i alle fall ei myte som studentane sluttar opp om, fordi dei vil veldig gjerne reise dit. Men eg er ikkje sikker på om USA er dei beste eg, til tross for at dei produserer resultat i form og nobelprisvinnarar og slikt.*

Dette verdivalet for nokre regionar, er komplementært til eit anna og meir dramatisk verdival knytt til vilje til og trua på at ein er i ein *konkurransesituasjon* og må ta del i denne. Rankingsystema, som styrer valet av "dei beste" ein eventuelt kan og vil samarbeide med, er del av dette verdiskiftet. Dette er ein føresetnad for ny internasjonalisering. Konkurransen skaper dei strategiske imperativane som også internasjonalisering må tilpasse seg. I så måte har Kvalitetsreforma iallfall på eit noko generelt verdiplan skapt ei haldning som kan fremme ny internasjonalisering i form av ein *konkurransestrategi*. Om denne konkurransestrategien hemmar eller fremmar kunnskap om globale øko- eller fattigdomsproblem, eller om våpenindustri, eller om den globale kapitalismen osv., må vi igjen sjølvstilt tolke i lys av det samla kunnskapsmiljøet sine prioriteringar. Som drøfta ovanfor, representerer "internasjonalisering heime" ei mogleg eksplisering av slike kunnskapsval og prioriteringar.

Ingen konkurranse er utan komparasjon, der ein samanlikner seg med dei som utviklar kunnskap og nettverk ein ønskjer å vere del av. Det er gjennom samanlikningar ein antyder kven ein vil konkurrere med og korleis. Dei mindre høgskulane framhever at ein ikkje kan vekse seg frå liten til stor utan å samanlikne seg med dei som ligg framfor. Det er særleg gjennom debatten om internasjonalisering at denne konkurranseorienteringa har festa seg. Men det er mogleg denne haldningsendringa ikkje enno er konkretisert som ein leiarstrategi som styrer dei internasjonale kontora. Det ser ikkje ut til å vere særskilt stor interesse for eller kunnskap om kva konkurransefortrinn organisasjonen har i eit komparativt perspektiv. Ein av dei mindre høgskulane framhevar til dømes at:

*Vi må prøve å samarbeide med dei som er betre enn oss for sjølv å bli betre. Men dette gjeld mest i teorien. Det handlar om kven ein kan forvente å få ei avtale med – som ein liten institusjon kan ein liksom ikkje insistere på å få ei avtale med Harvard.*

Spørsmålet om konkurranse og samarbeid med dei som er betre for sjølv å bli betre, og dermed konkurrere betre, reiser spørsmålet om den globale solidariteten som særleg Mjøsutvalet uttrykte. Kva med samarbeidet med dei som er mindre gode, men likevel fagleg og fagpolitisk interessante? Meiningane ser ut til å vere delte.

Få nemnar dei politiske motiva som finns for å drive internasjonalisering i eit samarbeid med organisasjonane i sør. Reaksjonane har meir form av personlege ytringar om rettferd og om at land i sør bør ha moglegheit som andre. Men det blir ikkje tatt opp som eit tema. Likevel hevdar dei fleste at deira organisasjon tek omsyn til utviklingsland eller ville gjort det dersom dei hadde midlar nok. Det er *myndighetene* som ikkje prioriterar dette nok. Det

er dei som må komme med midlane dersom det skal bli noko meir utveksling til land i sør, jamfør denne ytringa frå eit av intervjuaa.

*Det er kanskje ikkje slik at vi her ikkje tar omsyn. Men det er så dyrt for folk i utvekslingsland å komme hit, og vi får så små kvoter og få moglegheiter til å gje dei studielån. Mange av dei må betale alt saman sjølv, og det kostar så enormt mykje pengar for dei at det er heilt uoverkommeleg. Det er ein familiegeskjeft for mange av studentane våre å komme hit – det er familien som må bidra til at dei skal få dei 80000 kr på konto slik at dei kan komme seg hit. Og når Lånekassa berre betaler for 3 kvotestudentar, så seier det seg sjølv at det er ikkje mange som får komme. Det er ein luksus for dei stakkarane som kjem hit. Så viss vi la meir økonomisk til rette for dei, så hadde det blitt annleis.*

Samla sett er det stor interesse i sektoren for samarbeid med sør, men motivet for den typen samarbeid er djupt forankra i gammal internasjonalisering, og den er som kjent ikkje konkurranseorientert. Det er verdien av å lære av dei som er ulike oss som blir framheva når dei internasjonalt ansvarlege skal grunngje kvifor studentar bør reise på utveksling til Asia, Afrika og Sør-Amerika. Å reise til desse verdsdelane vil ha stor grad av *kulturell* læring for studentane, medan dei internasjonalt ansvarlege meiner at studentane ville få meir *fagleg* utbytte av å reise på utveksling til Europa eller nordamerikanske land.

Det er og eit ønske om ”å hjelpe” land i sør, i ønsket om å ta i mot studentar frå utviklingsland. Samarbeid i sør blir sett på som ”ein god måte å gjere bistand på” eller ”eit lite bidrag til dei som treng det mest”. Men det blir ikkje sett på som strategisk *viktig* å inngå samarbeid med land i sør, og det blir heller ikkje sett på som noko som kan vere med å auke kvaliteten ved eigen organisasjon. Det er først og fremst studentane som har utbytte av å reise på utveksling til land i sør, men få reknar med å få noko tilbake til organisasjonen. Graden av altruisme ser dermed ut til å vere relativt sterk i sektoren, men ikkje sterk nok til at denne type samarbeid får ein særleg stor prioritet når avtalar skal inngåast eller innan dei strategiske prioriteringane på lang sikt. Her er eit sitat frå ein av høgskulane:

*Det er jo mange program som kan hjelpe studentar frå utviklingsland til å komme til Noreg for å studere. Men det er jo berre ein dråpe i havet! Det er jo mange eg må sei nei til frå utviklingsland fordi dei ikkje har råd til å betale sjølve, dei er jo heilt avhengig av å få stipend for å reise. På den andre sida er det jo det at mange vil samarbeide med anerkjente universitet for at ein sjølv skal bli betre. Og mange utviklingsland har jo ikkje store og tunge miljø. Eg har kvart år haugevis av søkjarar frå utviklingsland som eg ikkje har nokon moglegheit til å hjelpe.*

Sjølv om departementet understrekar at institusjonane skal ha ein profil mot samarbeid i sør, ser det ut til å bli oppfatta slik at det er enklare og ”meir økonomisk” å sende studentar til Europa enn å sende dei til utviklingsland:

*Det er ikkje så mykje pengar for oss å hente i eksternt finansierte prosjekt til slikt, det er mykje meir pengar å hente på EU og Norden. Så det er vanskeleg for oss å inngå samarbeid med institusjonar i den tredje verden*

Prioriteringane av studentreisene går såleis saman med konkurranseorienteringa, medan samarbeidet mot sør vil vere avhengig av studentanes vilje til kulturreiser, og den andre vegen, av meir offentlege løyvingar. På dette området er forventningane til prioriteringar innan eigen organisasjon små.

I det siste har og verdier knytt til konkurransen om dei beste hovuda endra seg. Her kan vi berre trekke fram noko frå denne internasjonale konkurransen. Når det gjeld diskusjonen om "brain-drain" vs. "brain-gain", deler dei internasjonalt ansvarleg seg i to leirar. Ein del meiner at ein skal få dei beste studentane til Noreg, fordi ein er i ein konkurransesituasjon og ikkje ser seg råd til å ta i mot studentar som har eit dårleg nivå. Andre har dårleg samvit for å gjere dette og meiner at dette ville vere ein slags sosial utnytting å hente fleire studentar til Noreg, og at ein heller burde sende dei beste norske studentar til sør for å bidra positivt i læringsmiljøa der.

Når det gjeld kostnader og inntekt er det ingen internasjonalt ansvarleg som seier at dei tenar pengar på samarbeid med sør. Tvert om bli denne typen samarbeid sett på som ein stor utgiftspost. Det er hovudargumentet for at organisasjonane ikkje kan samarbeide meir med sør enn det ein gjer i dag. Det er Norad og UD som skal sørgje for finansieringa av samarbeidet med sør. I Norad blir dette oppfatta som ansvarsfråskrivning frå sektoren si side, og dei visar til at sektoren er forplikta til å ha ein sør - dimensjon i si internasjonalisering og at dette skal bli finansiert av lokale midlar (Intervju i Norad 19.10.06). At det ikkje ser ut til å vere vilje til å prioritere lokale midlar til samarbeid med sør forsterkar inntrykket om at motoren i internasjonalisering etter Kvalitetsreforma er dei avtalane i Europa som er økonomisk fundert, til dømes Erasmus.

Spørsmålet som melder seg er da om vi og bør eller må vi prioritere Europa meir i framtida? Svært mange meiner at utveksling til Europa må få høg prioritet. Argumentet er å prøve dempe den store straumen av studentar til Australia, og at eit større fokus på Europa vil føre til større mangfald i utvekslinga. Men igjen finn vi nyansar til dømes:

*Nei eg ser det ikkje slik at vi må prioritere Europa, veldig mykje av den utvekslinga vi har går til Europa. Men vi manglar kanskje ein Europa-politikk*

Det er likevel få som nemner land utanfor Europa, Australia eller USA på spørsmål om val av romleg orientering. Og ein slags invers Matteus-effekt gjer seg gjeldande: Jo mindre høgskulane er, jo viktigare blir samarbeidet med dei som er *betre*, for at ein sjølv skal kunne bli *betre*.

Hovudintrykket er likevel at det til tross for nye verdier og konfliktfylte verdival, så har strategisk studentutveksling saman med ei ny konkurranseorientering ikkje prega arbeidet i den grad at vi kan snakke om ei ny orientering, eller eit verdigrunnlag for ei ny internasjonalisering av den meir strategiske forma. Arbeidet er i hovudsak styrt av ideen om at internasjonalisering er eit mål i seg sjølv, noko den sterke interessa for sør viser.

Ein konklusjon på dette avsnittet om verdier og haldningar tyder på at det er dei politiske prioriteringane som feller seg ned som prioriteringar for sektoren. Dei romlege orienteringane samsvarer med dei politiske prioriteringane, og konkurranseorienteringa er del av endringane i den politiske retorikken, meir enn eit resultat av endra praksisar.

## 2.11 Oppsummering

Den generelle inntrykket er at Kvalitetsreforma har endra haldninga til internasjonalisering dramatisk. Kvalitetsreforma representerar slik eit kvalitativt og kvantitativt sprang. Mange av våre respondentar fortel at organisasjonane deira etter Kvalitetsreforma endeleg var villig til å opprette nye stillingar knytt til internasjonalisering, og mange organisasjonar har oppretta internasjonale kontor og ein internasjonalt ansvarleg som ein direkte konsekvens av auka satsing etter innføringa av Kvalitetsreforma.

Dei internasjonalt ansvarlege sin kompetanse har blitt bygd opp gjennom deira tidlegare posisjonar, oftast innan administrasjon i eigen organisasjon. Dei fleste internasjonalt ansvarleg har høg kompetanse og lang utdanning. Det ser ut til å vere ei sterk sjølvselektering til desse jobbane, og drivkrafta ser overraskande ofte ut til å vere personleg interesse heller enn eit ”karriereval”. Mange av dei internasjonalt ansvarleg hadde og personalansvar, sjølv om dette sjølv sagt varierar etter størrelse på organisasjonen, og har dermed moglegheit til å rekruttere og bygge opp ein kompetanse omkring internasjonalisering i organisasjonen.

Dei internasjonalt ansvarlege ser myndigheitene som svært viktig i sitt arbeid. Myndigheitene kontrollerar organisasjonane på årleg basis, gjennom å følgje progresjonen i internasjonalisering, og særskilt gjennom kvantitativt målingar av studentmobilitet. Vidare ser dei internasjonalt ansvarlege på SIU som svært viktig for eige arbeid med internasjonalisering, særskilt gjer dei mindre organisasjonane seg avhengig av kontakt med SIU i internasjonaliseringsarbeidet. Dei internasjonalt ansvarleg hadde ofte meir kontakt med SIU enn med eiga leiing, og denne kontakten blei og ofte sett på som viktigare for det daglege arbeidet med internasjonalisering. Dei internasjonalt ansvarlege såg også på NOKUT som eit viktig organ, og var tilfreds med at internasjonalisering etter Kvalitetsreforma har blitt eit kriterium på kvalitet.

Dei internasjonalt ansvarlege ved dei ulike organisasjonane skapar sine egne regionale nettverk, men er og aktive deltakarar på kompetansebyggande konferansar og seminar i regi av SIU på nasjonalt nivå. Men dei var også aktive deltakarar på konferansar og liknande i egne rekker, som til dømes den årlege EAIE konferansen og ACA konferansar.

Studentmobilitet er ein målbar aktivitet som gradvis har blitt perfeksjonert, men som og reiser generelle spørsmål, som kvar skal ein sende studentane, kva kvalitet skal samarbeidsorganisasjonane ha, og kven skal styre studentmobiliteten – om den skal styrast i heile teke? På dette området er det få eksplisitte styringar frå myndigheitene, og desse vurderingane er dermed opp til kva enkelt organisasjon, og oftast dermed den internasjonalt ansvarlege, å ta stilling til. Det er ingen retningslinjer i debatten om globalisering, eller regionalisering for den saks skuld, sjølv om det sterke fokuset på samarbeid med sør kan kallast eit særnorsk fenomen, og dermed også bringe på bana eit mogleg fokus på globalisering som eit sosialt problem.

Det kjem og til syne ein ambivalens i debatten kring kva form arbeidet med internasjonalisering skal ha. Mange av dei internasjonalt ansvarlege meiner at arbeidet bør avgrensast til aktivitetar knytt til studentmobilitet, i alle fall i første omgang, medan andre meiner at ein må satse meir på forskarutveksling for å kunne auke omfanget av internasjonalisering. Men svært få internasjonalt ansvarlege ser si eiga rolle i relasjon til forskning, og ønskjer til dømes ikkje å ha ansvaret for internasjonalisering ved doktorgradsutdanninga. Kontakten med fagmiljøa er først og fremst viktig for å kunne promotere studentmobilitet, og ikkje for å samarbeide om kunnskapsorienterte aktivitetar. Dette blir og reflektert i den låge interessa mellom dei internasjonalt ansvarlege når det kjem til internasjonalisering av pensum og om å utvide debatten om ”internasjonalisering heime” til ein debatt om ein ”internasjonal campus”. Dei internasjonalt ansvarleg ser heller ikkje ut til å ønskje at internasjonalisering skal skje gjennom marknaden, tvert om.

Dei internasjonalt ansvarlege ser ut til å ha eit godt grunnlag for ei profesjonalisering av arbeidet omkring internasjonalisering. Men kunnskapsgrunnlaget for denne ser i hovudsak ut til å vere knytt til det som er kalla gammal internasjonalisering, hovudsakleg knytt til utvekslingsavtalar etc. Dette har gjort ”profesjonen” sin kunnskapsautonomi meir avhengig av den offentlige støttepolitikken enn av samarbeidet med leiinga om å forme gammal internasjonalisering til nye krav, til dømes korleis internasjonalisering skal gå saman med ein kunnskapspolitik for den enkelte organisasjonen. Vi har ovanfor brukt ”internasjonalisering heime”, som var så sterkt framheva i den interdepartementale prosjektgruppa (UFD 2002), som dømte på at ei styrking av kunnskapsgrunnlaget om ”ny internasjonalisering” ikkje i særleg grad har skjedd.

Ei styrking av det internasjonale arbeidet, gjennom dei internasjonale kontora, ser såleis ut til å vere betinga av at gammal internasjonalisering framleis er den dominerande aktiviteten, og at denne har basis i heile sektoren. Såleis kan vi og sjå på tendensen mellom universiteta til å løyse opp dei internasjonale kontora som ein trend som verkar mot profesjonaliseringa av denne yrkesgruppa, mellom anna ved at studentutveksling blir ei spesialisert oppgåve mellom fleire. Denne tendensen blir og underbygd av at ei rekke organisasjonar har skilt studentutveksling og forskarutveksling i ulike kontor.

Vi skal i det neste kapitlet, der vi går inn på dei enkelte aktørane, sjå at dei fagleg tilsette i liten grad tillegger dei internasjonalt ansvarlege og kvalitetsreforma relevans. Dette forsterkar inntrykket av at dei internasjonalt ansvarlege og deira kontor blir identifisert med gammal internasjonalisering. Det antyder og at dei ikkje ser denne ”profesjonen” sitt kunnskapsgrunnlag som relevant for deira internasjonalisering. Dette blir og bekrefta av den måten studentutvekslinga blir styrt på, og av måten studentane sine val pregar utvekslinga.



## 3 Aktørar i sektoren

Vi har ovanfor hevda at kvalitetsreforma har ein verknad på sektoren og måten den blir strukturert. Vi har og påstått at det gjeld særleg måten internasjonalisering blir handtert på ettersom internasjonalisering er blitt kjernetema i utdanningspolitikken. Bolognaprosessen, EU, arbeidet i dei multilaterale organisasjonane på den eine sida og arbeidet til dei internasjonalt ansvarlege på den andre formar om norsk høgre utdanning.

Den internasjonaliserte utdanningspolitikken som vi innleiingsvis har karakterisert som ein debatt om spissing, større hierarki, mindre nasjonalstatleg avhengigheit, som nye former for skilje mellom utdanning og forskning (både arbeidsdeling og spesialisering). Og generelt som ei fristilling aktørane i sektoren på den eine sida og breidde og likskap innan eit nasjonalt system på den andre.

Ny internasjonalisering har vi ovanfor assosiert med ein strategi som søker å styrke den utdanningspolitiske utviklinga. Ny internasjonalisering blir assosiert med styrking av ei strategisk leiing, som ein prosess mot større autonomi og meir variasjon mellom dei enkelte organisasjonen etter graden av konkurransekraft basert på akademiske ære. Derimot ser verdiar knytt til breidde og danning, til dømes, meir ut til å vere assosiert med gammal internasjonalisering.

Ettersom vi hevdar at vi har hatt lite utvikling mot den nye internasjonaliseringa, vil vi og hevde at internasjonaliseringsaktivitetane i Noreg i liten grad til no er blitt eit tiltak for iverksetting av det som i dag blir oppfatta som det dominerande internasjonale hegemoniet innan den internasjonale utdanningspolitikken: spissing, fristilling og konkurranse.

Dette må og ha konsekvensar for aktørane innan sektoren og dei enkelte organisasjonane. Til slutt skal vi difor, med basis i ulike spørjegranskingar og dei 8 kasusstudiane, ta opp nokre trekk ved desse aktørane for å kaste lys over denne påstanden. Vi vil særleg fokusere på *studenten*, som ikkje berre var ein viktig aktør i forminga av Kvalitetsreforma, men som og er blitt det viktigaste fokuset innan internasjonaliseringsfeltet. Og vi vil særleg fokusere på dei *fagleg tilsette*, som i liten grad ser internasjonaliseringa og kvalitetsreforma som relevante. I tillegg fokuserar vi kort på nokre andre aktørar, mellom anna leiarane, som i hovudsak er handsama i andre rapportar i evalueringa av Kvalitetsreforma.

### 3.1 Organisasjon

Organisasjonsformene til den høgre utdanningssektoren er framleis knytt til idear om ein plass, dvs. til ideen om ein campus. Det er heller ikkje uvanleg med ”fleircampus”-institusjonar, eller fjernundervising der studentane ikkje er på campus men får kunnskapen tilført via høvelege media. IKT revolusjonen har gitt ein vekst i denne typen campus internasjonalt. Men i Noreg har få organisasjonar etablert seg med grensekryssande

aktivitetar anten dette er i form av campusetableringar, oppkjøp av etablerte universitet eller etablering av virtuelle undervisingstiltak i andre land<sup>27</sup>. Interessene til organisasjonane retter seg (framleis) i hovudsak mot det offentlege rommet. Organisasjonane, som del av eit nasjonalt, lovstyrt system, er såleis bunde til nasjonalstaten på måtar som ser ut til å hindre ei rekke grensekryssande aktivitetar av organisasjonane sjølve. Men dette systemet ser også ut til å vere det organisasjonane søker å fremme som deira basis for vidare utvikling, med andre ord eit verdigrunnlag som dei enkelte organisasjonane sluttar opp om.

Internasjonaliseringa har såleis ikkje, slik vi har vurdert det, skapt større hierarki gjennom former for samarbeid som underminerer den enkelte organisasjon sin identitet som del av det norske utdanningssystemet. Til tross for appellen til ”individuell handling”, har framleis sektoren som eit heile forrang; tilsynelatande også som strategi innan den enkelte organisasjonen. Det er rett nok rimeleg å påstå at fokuset på Sentre for framifrå forskning (SFF) som ”internasjonale sentra” har forsterka hierarkiet i sektoren, forsterka skiljet mellom forskning og undervising, og også forsterka fokus på spesialisering og spisskompetanse framfor fakultet og fag. Likevel er talet på slike sentra veksande, og talet på forskarar involvert relativt stort. Internasjonalisering vil såleis og bli meir prega av idear om nettverksbygging omkring spesialiserte problemstillingar, dvs. som eit middel til å løyse kunnskapsproblem, enn som organisasjonsstrategi generelt.

Derimot kan SFF-logikken ha gitt bidrag til å fremje skilje innerter i organisasjonane og mellom desse. SFF-sentra driv i hovudsak ikkje undervising på lågare nivå og dette kan i følgje våre informantar ved dei 8 kasusorganisasjonane forsterke skiljet mellom internasjonalisering gjennom forskning (knytt til forskingsrådet) og studentutveksling, som Kvalitetsreforma har fokusert mest på. Vi har gjennom denne ordninga fått eit klarare administrativt skilje mellom forskingsadministrasjon og studieadministrasjon, noko som og er reflektert i at nokre av organisasjonane har todelte internasjonale kontor etter dette mønsteret.

Dei to store tiltaka for internasjonalisering, SFF og Kvalitetsreforma, kan såleis samla ha vore med å drive organisasjonane mot eit klarare skilje også mellom utdanning og forskning. Og i den prosessen gjort internasjonalisering til eit virkemiddel for enno sterkare hierarkisering innan sektoren. EU forskinga har drive prosessen i den same retninga. Dette har svekka grunnlaget for den delen av ny internasjonalisering som søker å fremme koplingar mellom student- og forskarutvekslingar.

## **3.2 Leing**

Leiarskap og administrasjon er vanlegvis sett på som forma av organisasjonane innan universiteta og høgskulane si ”innbaking” i det nasjonalstatlege prosjektet, eller som

---

<sup>27</sup> Eit unntak i gjennomgangen dei 8 kasusa er BI.

uttrykk for historisk kontinuitet. Det norske feltet har i det siste vore prega av sterke konfliktar om leiarskapets organisering, jamfør Ryssdal-utvalet og professor-oppropet. Argumentet, frå byråkratar og politikarar innan den internasjonaliserte utdanningspolitikken, som antyder at professorar berre reformerer sine arbeidsvilkår om dei blir utsett for ytre press, framhevar trongen for ”profesjonelt leiarskap”, helst rekruttert eksternt, og gjerne frå eit ulikt kulturområde og/eller praksisområde. Denne forma for internasjonalisering er omstridd, kanskje nettopp fordi den er forstått av politiske aktørar som føresetnad for ein organisasjonsreform i tråd med den internasjonale utdanningspolitikken meir liberale former. Eit eksempel på tiltak i tråd med denne ideologien er tilsetjinga av Dr. Hood ved Oxford universitetet i England i stillinga som ny ”rektor” (vice chancellor). ”A New Zealander with a strong business background” (Guardian Unlimited Feb 2/2006) med ein ny leiarstil som har provosert sterke reaksjonar frå den 900 år gamle organisasjonen. Planar om å rekruttere fleire leiarar internasjonalt (dvs. The Registrar), har vekt unison protest (Times Online (02/02/06). Sør Afrika er eit døme på eit land som i ein periode rekruttert leiarar frå til dømes USA, med til dels lite vellukka resultat. Men sjølv om det internasjonalt er i ferd med å utvikle seg ein Universitets- og Høgskule leiarskapsmarknad, som ut frå meir universelle kriterium og idear for ”general management ” tilbyr sine tenester, er det ingen antydingar om noko slikt i materialet frå dei 8 kassustudia. Denne utviklinga føreset at demokratisk seleksjon er erstatta av styreseleksjon, og auken i talet på eksterne styrerepresentantar til 4 kan sjølvsagt tolkast som ei moderat utvikling i denne retninga.

Internasjonalisering på dette området føreset såleis til avdemokratisering til fordel for leiarstyring, noko det i følgje Bleiklie et al (2006) er relativt lite oppslutning om. Utviklinga under Kvalitetsreforma i Noreg er såleis tvetydig når det gjeld både internasjonaliseringas innverknad på leiarordningar, og etableringa av norske kundar i den internasjonale leiarmarknaden. Kvalitetsreforma har generelt styrka rektorrolla, som berre i nokre tilfelle er tilsett, men førebels ingen med ”framandkulturell” bakgrunn.

Det er såleis uklart på kva måte internasjonalisering av ”leiarskapet” vil drive organisasjonane mot det som er den internasjonaliserte utdanningspolitikken fremste varemerke; konsentrasjon, klarare prioriteringar av anten kvalitet i utdanninga eller ”excellence” i forskinga, eller i kva grad til dømes forskingsuniversitetet vil søke å promovere klarare hierarkisering innan feltet, mellom anna ved å vise til evne til å legge ned mindre vellukka tiltak – i ein internasjonal komparasjon - til fordel for satsing på andre som har større moglegheit til å lukkast i den internasjonale konkurransen.

### **3.3 Studentar**

Studenten får tilgang til høgre utdanning og rett til støtte fordi ho er ein norsk borgar, eller på visse vilkår, nordisk borgar. Dette er framleis hovudregelen, sjølv om det no blir diskutert at vi også har ein trong for ”brain-gain”, og sjølv om vi er del av eit EU-praksisfelt med stadig meir kryssnasjonale rekrutteringar. Studenten og hennar identitet er

såleis eit produkt av grenser (til skilnad frå forskaren som i følge ideologien tar sin identitet frå eit grenselaust kunnskapsmiljø). Den ofte brukte termen ”internasjonal student” tyder såleis vanlegvis at ein er student innan andre grenser enn dei som konstituerer grensene for borgarrolla. Internasjonale studentar i ordets rette tyding, dvs. studentar som liknar på mellomalderstudenten si *grenselause* vandring, er det få av.

I Noreg er studenten relativt fri til å velje sine internasjonaliseringsstrategiar, også etter iverksettinga av Kvalitetsreforma og forsterka krav om at avtaleregulert utveksling<sup>28</sup>. Til tross for føringane som ligg i ulike avtalar, til dømes Erasmus, kan studentønska også skape nye avtalar, og dei kan velje å få aksept for eigne nettverk (Maassen og Uppstrøm 2004). Gjennom finansieringsordningane til Statens Lånekasse blir dei fleste stilt likt, og kan – gitt visse rammer for godkjenning av utdanningar lokalt – følge individuelle motiv og lyster. Studenten er såleis ikkje ein hierarkiserande aktør, heller ikkje ein som forsterkar spesialisering, eller konsentrasjon utanom eller i forlenging av faga, eller til senter av ulike slag som regel opptatt av ei spissing omkring bestemte problemorientert (grunn)forskingsproblem.

Studentane representerer ei flyktig og skiftande sosial gruppe, men likevel med ein del felles generasjonsstrek. Den studentgenerasjonen som Kvalitetsreforma treffer er forma av eit nytt utanrikspolitisk klima. Dei er prega av det globale (jamfør blokkpolitikken fall) og dei fleirkulturelle møta risikosamfunnet og det mobile vestlege samfunnet har skapt. Nasjonal identitet og global identitet er i dag sterkare vovne saman hos studentane enn til dømes EU-borgarrolla som supplement, eventuelt alternativ til nasjonal rolle.

Her vil vi forsøke å teikne eit bilde av kva variasjonar som finns mellom studentane når det kjem til utveksling. Det ser ut til at studentane har blitt klar over sine rettar til å reise på utanlandsopphald i studiane etter Kvalitetsreforma. Og med tanke på ny internasjonalisering, er det ein samheng mellom studentane sine preferansar og lærestaden sin internasjonaliseringsstrategi?

### **3.3.1 Rett eller plikt til utveksling**

I følge St.meld. nr.27 (2000-2001, kap 7.4) skal alle studentar som har eit ønskje om det, få eit tilbod om utveksling:

*Det bør stilles som et krav at alle høyere utdanningsinstitusjoner skal kunne tilby studenter som ønsker det, et studieopphold i utlandet som en del av et gradsstudium.*

I denne rapporten har det ikkje vore mogleg å gå detaljert inn i ”kvaliteten” på studentutvekslinga. Vi vil likevel peike på ein del implikasjonar av denne retten eller plikta til å sende ut studentar. For det første skapte det ein ny situasjon for dei organisasjonane som ikkje hadde slik utveksling før (sjå kapittel 2), for det andre skapte det eit dilemma mellom kvalitet og kvantitet i utvekslinga, og i samband med det om det skal vere

kvalitetskrav stilt til studentane ein sender ut. Ei haldning om ein skal sende dei beste ut, eller ha eit prinsipp om ”minstekvalitet” ser ut til å måtte vike ved dei fleste organisasjonane. Det kan tyde på at målsetjingane om å auke studentutveksling blir prioritert framfor andre målsetjingar i Kvalitetsreforma. Dette kan ein sjå i samanheng med korleis organisasjonane opplever insitament frå departementet om at studentutveksling først og fremst blir målt kvantitativt, gjennom studentar inn og ut. Når det gjeld den delen av reforma som har fått mest merksemd, studentutvekslinga, kan det såleis oppstå ein diskrepans mellom kva prioriteringar organisasjonane sjølve ønskjer å legge for internasjonaliseringa ved organisasjonen, og prioriteringane myndigheitene ser ut til ha. Spørsmålet om organisasjonane vil sende ut fleire studentar som er fagleg svake når studentutveksling aukar blei tatt opp med departementet av SIU i juni 2005, der SIU ba om ei avklaring av dette spørsmålet. I november 2005 sendte Utdannings- og Forskingsdepartementet svar med følgjande avklaring:

*Intensjonen om at alle gradsstudenter skal få mulighet til et studieopphold i utlandet er [...] vel forankret, og selv om målet ikke er tatt inn i lov eller forskrift, og ikke er omtalt i lovforarbeider, anser departementet at universiteter og høyskoler er forpliktet. Departementet vurderer dette som et pålegg overfor institusjonene, ikke som en juridisk rettighet for den enkelte student. Delstudier i utlandet skal imidlertid som hovedregel være tilbud til alle studenter, uten at det stilles andre formelle krav enn bestått eksamen tilsvarende ett års studium (60 studiepoeng). (UFD 2005)*

Dermed presiserar departementet at studieopphald er ein plikt for organisasjonen, heller enn ein rett for studentane. Samstundes blir det i same brevet presisert at:

*Samtidig har lærestedene et veiledningsansvar overfor studentene. I noen tilfelle vil dette ansvaret måtte innebære at lærestedet gir enkeltstudenter eller grupper av studenter råd om evt. å prioritere konsentrasjon om studier hjemme dersom faglige grunner tilsier det. (UFD 2005)*

Ansvaret for å måle om studentane er skikka til å reise blir framleis lagt til dei einskilde organisasjonen i sektoren.

### **3.3.2 Grad av utveksling**

Rapportering om studentmobilitet kan ved mange organisasjonar vere unøyaktig og fangar ikkje i alle tilfeller opp dei ulike typane utveksling. Det er til dømes vanleg at studentane reiser utanom etablerte avtalar, gjennom private nettverk, og mange organisasjonar har ikkje registreringsverktøy for desse studentane. Vi har difor valt å nytte statistikk frå SSB si Levekårgransking av studentar 2005<sup>29</sup> for å belyse problemstillingane som blei skissert innleiingsvis. Vi vil legge vekt på variasjonar etter kva type lærestad studentane tilhører, størrelse på organisasjonen, kva fagfelt studentane høyrer til når dei reiser, lengda på utanlandsopphaldet, samt alder på studentane når dei reiser. Ettersom tala er basert på eigenrapportering gir denne presentasjonen ein indikasjon, men ikkje eit nøyaktig bilde, av studentmobiliteten etter Kvalitetsreforma.

---

<sup>28</sup> Jamfør finansieringsordninga.

<sup>29</sup> Surveyen er utført av SSB, medan tabellane er tilrettelagt av NIFU-STEP.

Første tabell ser på samanhengen mellom kva type lærestad studentane er tilknytt og om dei ønskjer å reise på utveksling i studiane.

**Tabell 3.1** Har du planar om studieopphald i utlandet?

	Ja, heilt sikkert (prosent)	Ja, kanskje (prosent)	Nei (prosent)
Universitet, lågare grad	23,9	31,0	45,1
Universitet, høgare grad	14,9	25,1	60
Vitskapleg høgskule	28,8	21,2	50,0
Lærarutdanning	9,5	13,4	77,1
Ingeniørutdanning	9,4	15,8	74,9
Helse og sosialfag	8,2	19,2	72,6
Anna høgskuleutd.	13,9	25,3	60,8
Privat høgskule	17,1	17,5	65,4
Total (N=2259)	15 (339)	22 (500)	63 (1420)

Vi ser at ved Lærarutdanninga, Ingeniørutdanninga og Sjukepleiarutdanninga høvesvis 9,5 prosent, 9,4 prosent og 8,2 prosent av studentane som planlegg utanlandsopphald. Det ser dermed ut til at kva lærestad studentane er tilknytt har innverknad på om studentane ønskjer å reise på utveksling. Dette må sjåast i samanheng med moglegheita for innpassing av fag i desse profesjonsutdanningane, som er basert på mindre og praksisretta fag. Dette gjer det ofte vanskeleg å innpasse desse faga i utvekslingsprogram som til dømes Erasmus, der studentane må reise på minimum 3-månadars opphald. Dette blir underbygga av intervju med dei internasjonalt ansvarlege ved fleire av høgskulane, som meiner at dei profesjonsretta høgskulane i praksis ikkje vil kunne auke internasjonaliseringa i vesentleg større grad enn no nettopp fordi utdanningane er profesjonsbaserte og vanskeleg å innpasse med utdanningar i utlandet.

Vi ser og frå tabell 3.1 at 23,9 prosent av studentane ved lågare grad og 14,9 prosent ved høgare grad ved universiteta planlegg studium i utlandet. Dette understrekar at internasjonalisering etter Kvalitetsreforma først og fremst har fremja satsing på batchelornivå, og den største endringa i tala på studentutveksling er også å finne her.

I organisasjonane sitt rapporteringssystem blir oftast berre studiar i utlandet som har varigheit i 3 månadar eller meir teke med i statistikkane. Når vi vidare samanliknar kor mange studentar som har vore på utveksling og lengda på utanlandsopphaldet, ser vi at det faktisk er langt vanlegare å vere på utveksling som er kortare enn 3 månadar enn utveksling lengre enn 3 månadar. Når vi ser alle lærestadar under eitt, er talet på studentar som har vore på utveksling omvent proporsjonalt med kor langt opphaldet er.

**Tabell 3.2 Lengd på opphaldet**

Talet på månadar i utlandet	Talet på studentar (prosent)
0	31,5
1	15,3
2	7,9
3	7,6
4	7,9
5	3,9
6	4,9
6-36	31,0

(N=432)

Når ein samanliknar fag og kor lenge studentane reiser på utveksling, ser vi også ein klar samanheng mellom kvar ein reiser frå og kor lenge ein reiser på utveksling. Her skil studentar frå samfunnsfag seg mest ut ved at 27,4 prosent av studentane reiser på utveksling som varar ein månad. Også Lærarutdanninga og Helse- og sosialfag skil seg ut med sende flest studentar på opphald på ein månad, med høvesvis 19,6 prosent og 16,1 prosent. Dette må relaterast til problematikken presentert ovanfor om at studieprogramma på profesjonsutdanningane ofte ikkje er lagt til rette for at studentane kan reise på lengre opphald utanlands.

Dei internasjonalt ansvarlege ved organisasjonane som har profesjonsutdanningar oppfattar det som problematisk at studiar i utlandet som er under 3 månadar i varigheit ikkje skal rapporterast som utveksling. Dei meiner at dette tek mykje av resursane som er tildelt generelt til utveksling, men sidan ein ikkje får avkastning for studieprogresjon for desse studentane tapar ein pengar på denne type utveksling.

### **3.3.3 Romlege orienteringar**

Dei fleste organisasjonane vi har undersøkt understrekar at Europa er eit område som skal satsast på, og at ein ønskjer å prioritere å lage europeiske samarbeidsavtalar framfør avtalar med engelskspråklege land som Australia, Storbritannia og Nord-Amerika. Dette samsvarar også med den offentlige politikken til Kunnskapsdepartementet, som fremmar Europa som eit satsingsområde for framtida. Ser vi på kollonna til høgre i tabellen nedanfor, ser vi at rekrutteringa til engelskspråklege land framleis stor. Sjølv om den sokalla "Australia-bølge" er dempa dei seinare åra, vel framleis ein stor del av studentane å reiser til Australia, og Storbritannia er framleis eit svært populært land å reiser på utveksling til.

**Tabell 3.3** Utvekslingsland og alder

Land	20 og under (prosent)	21-22 (prosent)	23-24 (prosent)	25-29 (prosent)	30 og over (prosent)	Total (prosent)
Australia	11,5	5,6	5,8	7,5	2,5	6,0
Canada	0	0	0,8	1,5	1,3	0,9
Belgia	0	0	0,8	0,7	0	0,5
Danmark	11,5	5,6	6,6	6,0	8,8	6,9
Frankrike	7,7	5,6	3,3	7,5	2,5	5,1
Irland	0	1,4	1,7	0,7	0	0,9
Italia	0	2,8	2,5	0,7	6,3	2,5
Nederland	3,8	2,8	4,1	3,7	5,0	3,9
New Zealand	0	0	0,8	0	1,3	0,5
Singapore	0	0	0,8	0	0	0,2
Spania	3,8	5,6	5,	5,2	6,3	5,3
Storbritannia(UK)	15,4	7,0	14,0	11,9	17,5	13,0
Sveits	0	0	0	2,2	1,3	0,9
Sverige	3,8	2,8	2,5	3,7	5,0	3,5
Tsjekkia	3,8	2,8	1,7	2,2	1,3	2,1
Tyskland	3,8	2,8	4,1	6,	5,0	4,6
Ungarn	0	0	0,8	0	1,3	0,5
Usa	3,8	4,2	7,4	10,4	3,8	6,9
Østerrike	0	0	1,7	0,7	0	0,7
Anna land	30,8	50,7	35,5	29,1	31,3	35,0
	100	100	100	100	100	100
Total	(26)	(71)	(121)	(134)	(80)	(432)

Når ein vidare ser på variasjonen i alder og kvar studentane reiser på utveksling, ser vi at medan dei yngste studentane helst reiser til nordisk- eller engelskspråklege land, i hovudsak Australia, Storbritannia og Danmark, reiser dei eldre studentane i større grad til europeiske land som Tyskland, Italia, Frankrike og Spania.

Variasjonen mellom dei yngste og dei eldste studentane etter kvar dei reiser på utveksling må sjåast i samanheng med lengda på utdanninga dei har tatt og kva moglegheiter for språkopplæring utdanninga gir. Det er sannsynleg at dei studentane som i 2005 var mellom 25-30 år har tatt delar av utdanninga si før Kvalitetsreforma, og dermed følgjer ordninga med ein 4-årig cand.mag grad i staden for den 3-årige bachelor graden. Dette kan gje seg utslag i at dei eldre studentane har hatt betre tid til å ta språkopplæring som ein del av studiane enn dei yngre, og dermed er meir språkleg rusta til å reise på utveksling i eit ikkje-engelskspråkleg land.

Dette blir også underbygga av intervjuet med dei internasjonalt ansvarlege, som rapporterar om at det er vanskeleg å innfri myndigheitene si satsing på europeisk samarbeid fordi moglegheitene for språkopplæring i studiane studentane tek er små. Dette kjem og til uttrykk i statistikken når vi undersøker kva fag studentane kjem frå når dei reiser på utveksling, som vist i tabellen under:



**Tabell 3.4 Utanlandsopphald og fagfelt**

Studiets fagfelt	Har vore på utanlandsopphald (prosent)	Har ikkje vore på utanlandsopphald (prosent)
Humanistiske og estetiske fag	29,5	70,5
Lærerutdanningar og utdanningar i pedagogikk	14,3	85,7
Samfunnsfag og juridiske fag	24,8	75,2
Økonomiske og administrative fag	16,2	83,8
Naturvitskapelege fag, handverksfag og tekniske fag	14,7	85,3
Helse og sosialfag	15,4	84,6
Total (N=2262)	19,1 (432)	80,9 (1830)

Som vi ser, er det dei humanistiske faga, og blant desse språkfaga, som sender flest studentar på utveksling med heile 29,5 prosent. Til samanlikning har 24,8 prosent av samfunnsfagsstudentane vore på utveksling, medan 16,2 prosent av studentane på Økonomiske og administrative fag og 14,7 prosent på Naturvitskapelege fag som har vore på utveksling som ein del av studiane.

Det kan dermed sjå ut til at satsinga på europeisk samarbeid ikkje gjev seg like store utslag i statistikken som ein kunne forvente. Studentane har andre romlege orienteringar enn Europa, og vel seg helst til engelskspråklege eller nordiske land innan Europa.

Når vi i tabellen nedanfor undersøker for kvar studentane reiser og kva type utdanningsinstitusjon dei kjem frå, ser vi at universiteta skil seg ut ved at dei sender langt fleire studentar til Frankrike, Italia og Tyskland enn dei vitskapelege, statlege og private høgskulane.

**Tabell 3.5** Utdvekslingsland og institusjonstype

Land	Universitet	Vitskapeleg høgskule	Statleg høgskule	Privat høgskule	Total
Australia	4,9	6,1	6,7	6,6	6,0
Canada	0,7	6,1	0,5	0,0	0,9
Belgia	0,0	0,0	1,0	0,0	0,5
Danmark	4,9	12,1	9,7	0,0	6,9
Frankrike	11,2	3,0	2,6	0,0	5,1
Irland	0,7	0,0	1,5	0,0	0,9
Italia	5,6	0,0	1,5	0,0	2,5
Nederland	2,8	0,0	6,7	0,0	3,9
New Zealand	0,0	0,0	0,5	1,6	0,5
Singapore	0,7	0,0	0,0	0,0	0,2
Spania	5,6	9,1	6,2	0,0	5,3
Storbritania (UK)	9,8	6,1	18,5	6,6	13,0
Sveits	0,7	6,1	0,5	0,0	0,9
Sverige	2,1	9,1	4,1	1,6	3,5
Tsjekkia	1,4	3,0	2,6	1,6	2,1
Tyskland	5,6	0,0	5,1	3,3	4,6
Ungarn	0,7	0,0	0,5	0,0	0,5
Usa	4,9	15,2	5,6	11,5	6,9
Østerrike	0,0	3,0	1,0	0,0	0,7
Annet land	37,8	21,2	25,1	67,2	35,0
<b>Total</b>	<b>100 (143)</b>	<b>100 (33)</b>	<b>100 (195)</b>	<b>100 (61)</b>	<b>100 (432)</b>

Det kan tenkast at dette er eit uttrykk for at dei mange private forskarnettverka dei tilsette ved universiteta deltek i også får ringverknadar for studentane sitt utreisemønster. Høgskulane har færre tilsette og dermed også færre nettverk å knytte studentar til, noko som kan gje seg utslag i at talet på studentar som reiser gjennom private nettverk ved høgskulane er mindre.

Det kan og tenkast at dette har samanheng med talet på språkfag ved universiteta. Som vist ovanfor, når ein undersøker for fagfelt og kvar studentane reiser på utveksling, ser vi at dei humanistiske faga sender fleire studentar til Europa enn til dømes naturvitskapelege utdanningar og profesjonsutdanningar.

### 3.3.4 Finansiering

Eit noko overraskande funn er at så mange studentar finansierer utveksling ved hjelp av eigne midlar. Heile 54,9 prosent seier dei brukar pengar dei har spart opp frå tidlegare arbeid når dei reiser på utveksling, og 37,3 prosent finansierer reisa med støtte frå familien.

**Tabell 3.6 Finansiering av utanlandsopphald**

	Finansiert opphald med inntekt frå tidlegare arbeidsforhold (prosent)	Finansiert opphald med bidrag frå familie (prosent)
Ja	54,9	37,3
Nei	45,1	62,7
Total (N= 432)	100	100

Av studentane som får støtte frå familien er det ein klar overrepresentasjon av studentar ved private høgskular (49,2 prosent). Til samanlikning er talet på studentar ved universitet og statleg høgskule som får støtte frå familien høvesvis 34,3 prosent og 30,3 prosent. Det er studentar ved økonomiske og administrative fag som får mest støtte frå familie (48 prosent) når ein samanliknar fagområde.

Dersom ein ser desse faktorane samla bekreftar dette at sosial bakgrunn har innverknad på studieval, og gir oss grunnlag for å hevde at sosial bakgrunn vil påverke om ein student reiser på utveksling til utlandet eller ikkje. Sidan så mange av studentane finansierer utvekslinga av eigne midlar kan ein anta at dette er fordi studentane oppfattar stipendordninga som utilstrekkeleg. Ein implikasjon av dette kan vere at enkelte grupper av studentar blir sett i ein sårbar situasjon, i alle høve så lenge studentmobilitet blir prioritert høgare som internasjonaliseringsaktivitet enn eit ”internasjonalt campus”.

Vidare ser vi at 57,4 prosent av studentane har blitt finansiert av Lånekassa. Det er variasjonar i kva alder desse studentane har, der dei eldste studentane får storparten av støtta frå andre stadar.

**Tabell 3.7 Finansiert opphald med støtte frå Lånekassa**

Alder	Ja (prosent)	Nei (prosent)
20 og under	61,5	38,5
21 – 22	54,9	45,1
23 – 24	63,6	36,4
25 – 29	53,4	36,6
30 og over	38,8	61,3
Total	57,4	42,6

Vidare blir 15 prosent finansiert gjennom andre norske stipend, 4,6 prosent blir finansiert gjennom europeisk stipend (det er ingen variasjon på alder, lærestad eller geografi her bortsett frå dei humanistiske faga har litt høgare tal her (8,9 prosent mot ca 7 prosent)). 5,1 prosent blir finansiert med stipend frå vertslandet.

### 3.3.5 Program og avtalar

Det er overraskande få studentar som har vore på utanlandsopphald som seier dei har reist gjennom utvekslingsprogram. Berre 21,1 prosent av studentane reiste gjennom program,

og dei fleste av desse var studentar mellom 23 og 29 år (26,6 prosent). Berre 7,7 prosent av studentar under 20 år reiser gjennom program. Når ein ser studentane under eitt er det også stor variasjon når det kjem til type lærestad.

**Tabell 3.8** *Uttekslingsprogram og institusjonstype*

Institusjonstype	Har hatt utanlandsopphald som ein del av utvekslingsprogram (prosent)	Har ikkje hatt utanlandsopphald som ein del av utvekslingsprogram (prosent)
Universitet	23,8	76,2
Vitskap.høgskule	27,3	72,7
Statlig høgskule	23,1	76,9
Privat høgskule	4,9	95,1
Total (N= 432)	21,1	78,9

Som vi ser, der nesten ingen studentar frå private høgskular reiser gjennom program, reiser ein forholdsvis stor del av studentane frå universiteta gjennom etablerte program. Av dei studentane som reiser gjennom program er det framleis Erasmus som sender flest studentar.

**Tabell 3.9** *Uttekslingsprogram*

Erasmus	30
Sokrates	5,6
Andre EU-finansierte utvekslingsprogram	2,2
Andre utvekslingsprogram	62,2
Total	100,0

Medan tidlegare generasjonar søkte utdanning i utlandet for å kompensere for manglar heime, eventuelt for å overkomme stengsle, vil korttidsmodellen som no blir framheva, kunne bygge på denne globale identiteten, noko studentsurveyen viser at det gjer i stor grad. Men dette tyder sjølvstakt ikkje at ikkje studentutveksling og vil kunne trekkast inn i kombinert forskings- og utdanningspolitikken internasjonalisering og (gjennom det) ha utanrikspolitiske konsekvensar som skil seg frå dei som konglomeratet av studentaktivitetar elles ville skapt. Denne nye forma for internasjonalisering er ikkje del av studentane medvit slik vi har kunna kartlegge det. Studenten vel ikkje nødvendigvis strategisk når det skal velje utvekslingsland, slik variasjonen i alder etter utvekslingsland syner. Dette står i kontrast til organisasjonane sine internasjonaliseringsstrategiar, som framhevar at utveksling skal vere av nytte også for utsendarinstitusjonen, i form av kvalitetsheving gjennom samanlikning. I intervjuet med dei internasjonalt ansvarlege kom det og fram at x av 37 meinte ein burde satse meir på europeisk samarbeid. Mange av dei internasjonalt ansvarlege poengterte at det var vanskeleg å ”få studentane til å reise” til Europa, og bekreftar dermed at studentane sine val ikkje nødvendigvis samsvarar med dei institusjonelle og nasjonale internasjonaliseringsstrategiane.

### 3.4 Forskarar og fagfolk

Forskaren eller dei fagleg tilsette er som regel framleis norske. Men dette har og endra seg i det siste, i tråd med Kvalitetsreforma sitt ønske om å rekruttere fleire frå utlandet. På kva måte og i kva grad har vi ikkje kartlagt i denne granskinga. Ønskje om å internasjonalisere faggruppene botnar i ideen om at kunnskapen er universell (sjølv om organisasjonane er del av nasjonalstatsprosjektet), og forskarar kan tre inn i rolla si nærast uavhengig av kulturell bakgrunn. Motivet er likskap i kunnskapstype, meir enn eit ønske om å fremme læring gjennom kulturell variasjon. Dette er og motivet for å sende ut forskarar. Dei skal tileigne seg den beste kunnskapen som kanskje fins andre stader enn i Noreg, og den er positivt gitt uavhengig av den kulturelle konteksten den er gitt innafor, slik vi tolkar kunnskapssynet til Kvalitetsreforma. I høve til studentane er såleis motivet for internasjonalisering snudd på hovudet. Fagleg læring fordrar at ein klarer å nøytralisere eller sjå bort frå kunnskapens særeigne produksjonsvilkår. Ei studentutveksling, derimot, kan vere vellukka sjølv om ho berre lærer om kulturskilje (eller likskapar), men lite om fag. Professorane er såleis potensielt disponert for forskingsseleksjon, spissing og for konsentrasjon av ressursar omkring ”store satsingar” som no per definisjon oftast er kryssnasjonale, men kulturellnøytrale.

Men, om vi går inn i dei enkelte kasus, ser vi at den faglege autonomien har skapt og halde ved like eit ulike arta mønster via kontaktar over grensene, til alle deler av verda, og ut frå andre kriterium enn dei som blir nytta til å definere ”forskingsfronten”, eller den ”fronten som er positivt gitt” og eit grunnlag for strategisk orientering. Det intellektuelle mangfaldet set med andre ord grenser for leiinga, det strategiske blir redusert til å fremme dette mangfaldet i eit uavgrensa internasjonalt rom.

Ein av dei lengste debattane i utdanningsforskinga handlar om korleis utdanningsorganisasjonane ganske snart vart perforert av disiplin- og profesjonsorganisasjonar (USA) eller må forståast som ei samling av fakultet (Tyskland). Generelt går disiplin og profesjonsorganisasjonar langt tilbake i tid<sup>30</sup>. Dei er reproduisert av forskingsfinansierande organisasjonar og fremmer fakultetsinndelinga (eller tilsvarande) ved organisasjonane. Denne styringsforma er særleg sterk for profesjonane, kanskje mindre for dei såkalla ”frie” utdanningane, som nettopp er frie fordi dei utviklar kunnskapen meir ut frå kunnskapsinteresser skapt innan organisasjonen enn i relasjon til yrke. Dei har stor grad av autonomi i høve til organisasjonane, og representerer difor ”bøygen” når reformer grunngeve i den internasjonaliserte utdanningspolitikken – som til dømes Kvalitetsreforma – blir søkt gjennomført. Disiplinane, og profesjonane, vil i dei fleste høve også vere internasjonalt organisert, og uttrykke seg internasjonalt gjennom konferansar, tidskrift, problemorientering og verdsetting av framifrå forskarar og publikasjonar. Disiplinane si internasjonalisering verkar utjamnande på kunnskapsmakt – og fordeling

innan dei enkelte nasjonale felta, fremmer kopling mellom elitisme og masse, og evna til kreativ forskingsbasert undervising (og i nokre tilfelle også det motsette). Dersom hierarkisering og spissing, konsentrasjon og store program føreset tverrfagleg samarbeid vil sterke disiplinane innan organisasjonane motvirke ei slik utvikling. På den andre sida er det rimeleg å tru at disiplinane og profesjonsorganisasjonane verkar ”oppdragande” på medlemmer, dvs. som ”folkeopplysande” organisasjonar som sikrar breidda i kunnskapssamfunnet.

Universitets- og Høgskulesektoren i Noreg er i stor grad basert på fakulteta, disiplinane, men samstundes er forskingsideologien (SFF og konsentrasjon gjennom tverrfaglig problemorientert (grunn)forsking) monomant promovert av forskingsrådet. Universitets- og Høgskulesektoren vil såleis kunne røre seg i begge retningane – bredde og elitisme – samstundes som og internasjonalisering vil fremme det eine eller det andre avhengig av styrkeforholdet internt i organisasjonen.

Debatten om ”ny internasjonalisering” er og ein diskusjon om korleis organisasjonen, forskaren og disiplin (eller profesjon) skal møtast i strategiar for internasjonalisering. Her viser kasusa våre at spørsmål om språk, pensum og nettverk for fagleg utvikling også står på spel. Her er lite rom for strategisk leiarintervensjon om ikkje dei faglege interessene er med i prosessen. Og desse interessene varierer etter fagas eigenart.

Internasjonalisering ved organisasjonane slik det er forstått og formidla av leiarane ved dei internasjonale kontora, er prega av måten denne aktiviteten blir integrert i fagmiljøet. Sjølv om desse kontora i hovudsak er lagt til studieavdelingar, og stort sett er avgrensa til studentutveksling, blir internasjonalisering i samarbeid med og gjennom fagmiljøa forstått som viktig, særleg om det og kan føre til betre og meir studentutveksling. Dette gjeld særleg viss vi skal bevege sektoren mot den nye internasjonaliseringa, og igjen innan denne for dei organisasjonane som legg vekt på forskning.

Som vi har sett ovanfor er det store variasjonar i måten det faglege miljøet vil involverast, og i måten organisasjonsleiinga søker å fremme studentutveksling og forskarinteresser. Vi har så langt forklart dette delvis med Kvalitetsreforma sitt sterke fokus på studentutveksling, måten dei internasjonale kontora er organisert på, og kva slags kvalifikasjonar dei internasjonalt ansvarlege har. Deira skolering via SIU til dømes har i hovudsak vore orientert mot handtering av generelle avtalar om studentutveksling.

Men noko av forklaringa må vi og hente inn frå haldningar innan fagflokket, og da særleg innan den forskingsorienterte delen. Nedanfor skal vi trekke fram nokre haldningar til internasjonalisering slik desse kjem til uttrykk mellom dei fagleg tilsette innan sektoren. Generelt ser det ut til at respondentane har reflektert over internasjonalisering i lys av Kvalitetsreforma som ein ”studiereform”. Den breiare samanhengen som Kvalitetsreforma

---

<sup>30</sup> Jamfør til dømes Kants ”Drei Fakulteten”

går inn i og som kjem til uttrykk til dømes i St.meld. nr.27 sin diskusjon om ”ny internasjonalisering” ser i mindre grad ut til å prege haldningane til dei fagleg tilsette. Innan den nye strategien for internasjonalisering, ligg det ei forventning om at dei ulike grensekryssande aktivitetane heng saman. Dei utgjer ressursar for kvarandre og går inn i organisasjonen sin sjølvhevdingsstrategi. Om det er rett å snakke om ei ny kontrakt mellom sektoren og staten som legg vekt på den nye konkurransesituasjonen mellom enkeltorganisasjonane innan sektoren, vil nettopp denne nye internasjonaliseringsstrategien vere eit viktig virkemiddel. Ei rekke høgskular har alt lagt vekt på korleis internasjonale nettverk har gjeve fagleg og organisatorisk oppgradering. Om grensa mellom den norske sektoren og sektoren i andre land blir meir viska ut enn det som er tilfelle i dag, til dømes gjennom integrasjonen i EU, eller fordi ein etter kvart vil konkurrere om studentane både nasjonalt og internasjonalt, vil plassen i eit overnasjonalt nettverk og bli viktigare.

Tabell 3.10 viser at forskarane i liten grad har tru på at studentutvekslinga i seg sjølv vil gjere kvaliteten på undervisninga betre. Kva dette tyder isolert sett kan vere ope for mange tolkingar. Når vi ser dette svaret i lys av dei alternativa som er skissert, ser vi at vi får ei klar polarisering mellom gammal og ny internasjonalisering. Der er anten forskarutveksling eller betre institusjonssamarbeid som vil fremme kvaliteten på utdanninga. Innan svarkategorien ”institusjonssamarbeid” vil forskarutveksling og studentutveksling kunne vere samanknytte i ein felles strategi. Når svaret er ”forskarutveksling” kan det gamle argumentet ”ein god forskar vil og vere ein god undervisar” ha vore nærliggande. Likevel må vi kunne hevde at tilhøvet til studentmassane ikkje ser ut til å påverke haldningane mellom forskarane.

**Tabell 3.10 Internasjonalisering og kvalitet**

Kva internasjonaliseringstiltak vil etter di meining bidra mest til å fremme kvaliteten på undervisninga? (prosent)	
Forskarutveksling	40
Institusjonssamarbeid	37
Studentutveksling	13
Ingen av desse	10
Sterkare marknadskonkurranse	1
Totalt	101 (N=1969)

Data viser at det er eit klart skilje mellom høgskule og universitet etter kva grad dei legg vekt på institusjonssamarbeid eller forskarutveksling. Ein kunne dermed tru at det var eit skilje mellom ny og gammal strategi etter type utdanningsinstitusjon. Men det er ikkje tilfelle. Om vi ser på prioriteringane til den enkelte utdanningskategorien (tabell 3.11), ser vi at alle som har såkalla forskarstillingar (førsteamanuensis/professor) gir størst prioritet til forskarutveksling. (Og det er sterkare prioritert av førsteamanuensar ved høgskular enn ved universitet). Dette tyder på at skiljet går mellom profesjonsstudiane ved høgskulane og andre. Det er Høgskulelektorane som prioriterer institusjonssamarbeid. Denne prioriteringa kan ha mange årsaker. Det er nærliggande å tru at internasjonalisering for desse utanningane er vanskelegare å få til enn for såkalla frie studiar. Mellom anna kan ein tenke

seg at heile klasser eller kull må ha eit tilpassa opplegg i bestemte semester og med bestemte partnarar i utlandet. Ein annan årsak er gjerne at dei er nærare knytt til studentane og mindre til forskning eller krav om forskning. Det er rimeleg å tru at vi finn noko av den same effekten for profesjonsstudiane ved universiteta.

Men, like lite som førsteamanuensar og professorar har dei tru på at studentutveksling i seg sjølv kan gje kvalitet på undervisinga. Ingen har med andre ord tru på at det verkemidlet som har fått størst merksemd innan Kvalitetsreforma, den sterke satsinga på studentutveksling, har relevans for *kvalitet* ved eigen institusjon eller fag.

**Tabell 3.11 Internasjonaliseringstiltak og kvalitet, etter stilling**

Kva internasjonaliseringstiltak vil etter di meining bidra mest til å fremme kvaliteten på undervisinga? (prosent)	Prof. Unive rsitet	F.aman. Universi tet	Prof/ f.aman Høgskule	Førstel/ h.lektor/ Høgskule	Totalt
Forskarutveksling	47	46	54	20	40
Institusjonssamarbeid	28	31	27	56	37
Studentutveksling	13	9	8	16	12
Sterkare marknadskonkurranse	2	1	2	1	1
Ingen av desse	11	11	10	7	10
Totalt	100	100	100	100	100

Vi kan difor så langt konkludere med at dei fagleg tilsette i sektoren i liten grad er prega av *ny internasjonalisering*. Dei ser korkje studentutvekslinga eller institusjonssamarbeid som så relevant at vi kan snakke om ein ny strategisk orientering. Om den utviklingsretninga som er skissert frå St.meld. nr.27 har tatt feste i sektoren, til dømes i leiinga eller hos dei som administrerer dei internasjonale kontora, er det ikkje grunnlag for å drøfte her. Men om så er tilfelle har slike meir organisasjonsstrategiske omsyn i liten grad felt seg ned i forskarverda. Det samla inntrykket er at Kvalitetsreforma har lite relevans for denne internasjonaliseringa slik den blir tolka av forskarane.

Når Kvalitetsreforma blir oppfatta som irrelevant for denne utviklinga, er det mellom anna eit uttrykk for det vi alt har drøfta som eit skilje mellom forskning, undervising og studenten. Dette hindrar forskarane frå å identifisere seg med ein ”ny” og dermed meir heilskapleg organisasjonsstrategi for internasjonalisering, eller med Kvalitetsreforma som relevant for denne typen aktivitetar. Dette vil vi utdjupe, men og problematisere i det følgjande.

### 3.4.1 Studentutvekslinga og den akademiske fridomen

Kvalitetsreforma si sterke fokusering på studentutveksling, både utsending og mottak av studentar, har som vi har sett, ført til ei satsing ved alle høgskular og universitet på slike aktivitet innan dei internasjonale kontora. Spørsmålet er på kva måte denne satsinga på studentane heng saman med dei andre tiltaka som er skissert i St.meld. nr.27, og som vi har knytt til ein mogleg organisasjonsstrategi for ”ny” internasjonalisering. Til no er inntrykket



at forskarane i liten grad ser på studentutvekslinga som integrert i deira eiga forståing av internasjonalisering. Det ser ut til å vere ein aktivitet som ”går av seg sjølv”, administrert av internasjonalt kontor. Svara på spørsmåla i tabell 3.12 er i tråd med haldningane mellom dei fagleg tilsette skissert ovanfor. Berre om lag 12 prosent ser på avtalane for uteveksling av studentar (med fokus på Europa) som særskilt viktige. Vi vel å tolke ”litt viktig” som ei form for uforpliktande attributt, som eit uttrykk for medvit om studentutvekslingane som går føre seg. Det samla inntrykket av haldningane til dei fagleg tilsette er såleis at dei meiner at studentutvekslinga lever sitt eige liv. Den er lite integrert i ein strategi for internasjonalisering som og er felles for fagmiljøa. Det kan vere rimeleg å hevde at Kvalitetsreforma, som studiereform, gjenskaper eit skilje mellom studentaktivitet og forskaraktivitetar i det internasjonale rommet, meir enn å føre desse saman. Studentutvekslinga har utan tvil vorte ein sterkare del av den strategiske planlegginga til organisasjonen. Men gitt vår tolking av haldningane mellom dei fagleg tilsette, utan at denne meir organiserte aktiviteten har ført oss over mot ”ny” internasjonalisering.

**Tabell 3.12 Relevansen av studentutveksling**

Er Erasmus eller andre slike avtalar viktige for ditt arbeid ved din eigen institusjon? (prosent)	
Ja, svært viktige	12
Ja, litt viktige	32
Nei, ikkje særlig viktige	39
Nei, ikkje viktige i det heile tatt	17
Totalt	100 (N=2027)

I tabell 3.13 ser vi då og at dei internasjonale kontora (truleg i tråd med intensjonane) først og fremst er kontor for studentutveksling. Sjølv om 19 prosent *også* er i kontakt med kontora om eiga forskning, er inntrykket at det er undervisning eller studentutveksling som er det viktige.

**Tabell 3.13 Har hatt kontakt med internasjonalt kontor**

Dei fleste høgare utdanningsinstitusjonar har eit eige internasjonalt kontor eller internasjonalt ansvarleg. Har du sjølv hatt kontakt med dette kontoret?	
I samanheng med studentutveksling	44
I samanheng med eiga forskning	19
I samanheng med undervisning	17
Nei, ingen kontakt	40
Totalt	120

No kan det innvendast mot dette at vi ikkje fangar inn dei prosessane som er på gang. Etter kvart som internasjonaliseringa blir del av ein organisasjonsstrategi, vil avtalar ein går inn i med andre høgskular og universitet kombinere forskar – og studentutvekslinga. Og frå andre kjelder veit vi at talet på avtalar er aukande. Etableringa av Internasjonalt kontor kan vi, på same måten som etableringa av SIU på nasjonal plan, sjå på som eit minimum for systematisk internasjonaliseringsarbeid, og som starten på ei integrering av dette tema i

organisasjonen som eit heile. Dette arbeidet har gått føre seg i om lag 15 år (NOU: 1989: 13), men som sagt, vart først eit større satsingsområde ved iverksettinga av Kvalitetsreforma. Det er difor grenser for kva endringar det er rimeleg å forvente innan internasjonaliseringfeltet.

Det er likevel ikkje noko i dette datamaterialet som tyder på at denne utviklinga har felt seg ned i medvitet til forskarane enno. Som vi ser er det ein stor del som ikkje har kontakt med internasjonalt kontor. Kanskje kan det støtte påstanden om at mange avtalar blir laga, men få får verknad for den konkrete strategien, det er framleis forskaraktivitetane i det grensekryssande feltet som er avgjerande. Og den skjer kanskje like godt utan for mange formelle organisasjonsavtalar, dvs. i tråd med dei ”gamle” formene for grensekryssande nettverk?

Gammal internasjonalisering med feste i den frie forskaren ser såleis ut til å vere den gjengse haldninga. I det etterfølgjande skal vi likevel halde fram nokre tilhøve som kan modifisere dette inntrykket.

### **3.4.2 Internasjonalisering ute og heime**

Internasjonalisering heime tyder at ein gjer seg nytte av student-, forskar-, og institusjonsnettverk til å utvikle ein internasjonal profil på aktivitetane innan eigen ”campus”. Vi har i kapittel 2 framheva korleis internasjonalisering heime ser ut til å presse fram eit sterkare fokus på nye former for internasjonalisering. Den set organisasjonen sin samla aktivitet på dagsorden. Men internasjonalisering heime påverkar og korleis vi reflekterer over internasjonalisering ute, dvs. kva den samla ”utanrikspolitiske effekten” er av dei mange forskar nettverk som kryssar grenser, anten på individuell basis eller innan større program.

St.meld. nr.27 framhevar som sagt ei rekke tiltak vil styrke ”internasjonalisering heime”. I stortingsmeldinga er dette uttrykt som ei prioritering av arbeidet med å få fleire studentar til å kome til Noreg, iverksetting av særlege tiltak for å sikre studenttilstrøyminga frå fattige land, og ikkje minst at det er eit mål å få fleire vitskapleg tilsette frå utlandet<sup>31</sup>.

Særleg viktig for internasjonaliseringa heime er at gjestestudentane og forskarane blir integrert i livet på universitet og høgskulen, at dei blir del av den faglege og kulturelle utviklinga. Erfaringane frå ”det internasjonale møtet heime” kan få tyding for alt frå haldningar og verdier hjå den enkelte, via pensum og undervisning til leing på alle plan. I tabellen nedanfor ser vi at Kvalitetsreforma i liten grad blir av fagfolka sjølve blir sett på som eit instrument for internasjonalisering heime. Til tross for intensjonane i St.meld. nr.27, blir Kvalitetsreforma i tråd med det vi har hevda tidlegare, også i denne samanhengen sett på som ein studiereform. Vi kan slå fast at den ikkje gjer det vanskelegare å ta i mot gjesteforskarar, men gitt målsetinga frå stortingsmeldinga kan vi

hevde at Kvalitetsreforma har liten relevans for det som forskarane ser på som sers viktig for internasjonaliseringa av kunnskapsmiljøa i Noreg.

**Tabell 3.14 Gjesteforskarar**

Vil Kvalitetsreforma gjere det lettare eller vanskeligare å ta i mot gjesteforskarar ved din eigen institusjon? (prosent)	
Lettare	10
Ingen vesentlig endring	82
Vanskeligare	8
Totalt	100prosent(1954)

Diskusjonen om internasjonalisering heime har kome opp først og fremst i samband med studentutvekslinga og dei verdiar og kulturelle variasjonar dei fører inn i eit frå før relativt homogent universitets- og høgskulemiljø. Studentorganisasjonane tar og no dette alvorleg. I samband med ”internasjonalisering heime” som studentflokkene frå utlandet aktualiserer, vil truleg og erfaringane til dei forskarane som har vore ute bli trekt inn i debatten om internasjonalisering av fag, undervising og forskning<sup>32</sup>.

Tabell 3.15 gir likevel ikkje noko sterkt inntrykk av at betre kontakt med, eller integrering, av studentane blir sett på som viktig for internasjonalisering heime. Hovudfokuset ligg på større innsats for å bli del av internasjonale fagnettverk. Gitt drøftinga ovanfor, er det ikkje uventa at det er ”fagnettverk” som får den største merksemda.

**Tabell 3.15 Viktige aktivitetar for internasjonalisering**

Kva er etter di meining det viktigaste enkelttiltaket for ”internasjonalisering heime”? (prosent)	
Utforming av pensum med meir internasjonal profil	12
Integrering av utanlandske studentar	24
Fleire utanlandsopphald for eigne tilsette	18
Større innsats for å bli ein del av internasjonale fagnettverk	40
Meir forskning på internasjonale tema	6
Totalt	100 (1883)

Medan internasjonalisering ute skjer gjennom forskarane sine reiser og utanlandsopphald, er internasjonalisering heime knytt til nettverk forskaren kan gå inn i. Det er altså eit visst samsvar mellom heime og ute. Begge set fokus på forskaren og begge har manglande omtanke for studentane eller tru på dei virkemiddel St.meld. nr.27 gjer framlegg om. Likevel vil vi hevde at internasjonalisering heime har ein tendens til å presse fram ”ny”

<sup>31</sup> Sjå Stmeld 27 2000-2001, pkt.7.4: Oppsummering

<sup>32</sup> I norsk samanheng kan vi tenke oss mange interessante konstallasjonar ettersom store studentgrupper er frå utviklingsland, medan dei fleste forskarane søker til kulturelt likesinna, eller til land som har produsert symbola på suksess (USA, England, Tyskland, etc.)

internasjonalisering. For å skape og oppretthalde forskarnettverk er organisasjonen viktigare. Nettverk som skal haldast ved like treng ofte ressursar ut over det forskarane sjølve klarer å tilføre.

Innan ”ny” internasjonalisering vil vi og forvente at det som skjer ute er relatert til det som skjer heime. Med andre ord; internasjonalisering heime kan føre til nye refleksjonar omkring organisasjonen si rolle, kanskje og om bruken av ressursane på den studentutvekslinga som skjer etter studentane sine frie val. Dette vil truleg og påverke prioriteringane vi gjer ”ute”, som igjen kan gje ei samlande interesse for korleis organisasjonen plasserer seg i det internasjonale arbeidet og i internasjonale nettverk.

Tabell 3.15 seier ikkje noko om kor viktig dei fagtilsette meiner ”internasjonalisering heime” er. Inntrykket frå drøftinga ovanfor er som sagt at forskarane sine eigne strategiar for kunnskapsutvikling i eit ope system basert på eigne val pregar tenkinga, og at dette retter fokuset mot internasjonalisering ute. Men debatten om internasjonalisering heime skifter fokus frå individuelle val til nettverk og til relasjonar mellom fagmiljø. Ein blir gjort merksam på den samlande effekten for organisasjonen og såleis på organisasjonen sine utanrikspolitiske strategiar.

Det er heller ikkje i desse tabellane avdekka haldningar til kor viktig det er for den enkelte forskaren å ta del i arbeidet med å etablere ein fleirkulturell universitets- og høgskuleplass, sjølv om merksemda mot dei utanlandske studentane tyder på eit vist engasjement. Her vil truleg endringane i samfunnet rundt – både heime og ute – styrke interessa. Endringane ute fordi dei nettverk ein bygger opp også vil aktivisere debatten om kunnskapens kopling til politiske og kulturelle verdiar. Heime fordi vi framleis har eit segregert samfunn og arbeidsliv. Når vi formelt hevdar at vi ønskjer å bli eit fleirkulturelt land, vil vi forvente at kunnskapsinstitusjonen vil gå i spissen for å fremme ei slik utvikling. Dette fokuset på fagnettverk som ”internasjonalisering heime” heng truleg og saman med den sterkare fokuseringa på EU-forskinga. Denne er i stor grad nettverksorientert. Om vi avgrensar internasjonalisering ute til å gjelde EU-regionaliseringa som det er eit sterkt press på norske forskarar om å ta del i, finn vi såleis at det er ei kopling mellom ute og heime.

Sjølv om forskarane ser ut til å legge vekta på internasjonalisering ute, og eigne reiser/forskningsopphald, har til dømes EU-forskinga skapt ein nye situasjon med større program, med fokus på nettverk og på forskargruppene sin storleik. Mykje av dette har skjedd i ein allianse mellom forskarane og forskingsrådet, men og dei enkelte organisasjonane er meir involvert i prioriteringane av denne typen forskning. Som tabell 3.16 viser, er mange av forskarane no aktive i søkinga etter prosjektmidlar innan EU.

**Tabell 3.16 Finansiering av forskning**

Har du deltatt i ein søknadsprosess for å få forskingsmidlar frå EU? (prosent)	
Ja	38
Nei	62
Totalt	100 (2045)

Her finn vi sjølvsagt skilje mellom fag. Medan nesten 70 prosent av real- og ingeniørfagfolk er aktive EU søkjarar (som og haldninga til bruk av engelsk indikerer), er prosenten for andre fag mindre (frå Utdanningsvitenskaplege fag over 50 prosent, SV fag med omlag 40 prosent, til Juridisk med om lag 22 prosent ). Skiljet går heller ikkje mellom universitet og høgskular, og heller ikkje etter størrelse. Mange høgskular er meir aktive enn universitet, og den største høgskulen er ein av dei minst aktive med berre om lag 8 prosent. Vi kan difor snakke om ein generell aktivitet på dette området, men at nokre organisasjonar meir enn andre har gjort dette til del av ein strategi for internasjonalisering og bygging av forskarnettverk.

Dette viser korleis internasjonalisering er med på å skape skilje innan sektoren etter evne og vilje til strategisk satsing. Ny internasjonalisering vil såleis vere måten organisasjonane i det norske systemet endrar status og posisjon i høve til kvarandre, og det på tross av dei vanlege kriteria på "akademisk elitisme" som Hjellbrekke viser til<sup>33</sup>, og som har feste i gammal internasjonalisering.

Det ser altså ut til at førestellinga om den frie forskarutvekslinga ikkje kolliderer med forskarstyrte program som EU inviterer til. I allfall kan vi hevde dette om realfaga og ingeniørfaga der fleirtalet ser ut til å ha eit tilhøve til denne typen forskning. I så måte ser det ut til at forskarane er i ferd med å aktivisere seg innanfor den nye modellen for internasjonalisering. I tråd med det vi har sagt ovanfor er det difor og mykje som tyder på at meir "internasjonalisering heime" med sterkare involvering av fagfolka og studentane, også kan bli viktig for ein overgang mellom det nye og det gamle. I så måte er og dei tiltaka Kvalitetsreforma viser til viktige for korleis den enkelte organisasjonen posisjonerer seg i tilhøve til nye evalueringssystem, belønningssystem og kvalitetskriterium.

Vi ser og at talet på forskarar som har teke del i EU søknader er noko større enn talet på forskarar som har førelest ved utanlandske organisasjonar.

---

<sup>33</sup> Sjå mellom anna Hjellbrekke 2006.

**Tabell 3.17** Har førelest ved utanlandsk institusjon

Har du førelest ved utanlandsk universitet? (prosent)	
Ja, enkelståande gjesteforelesingar, seminar og/eller kursinnlegg	48
Ja, både førelest på ordinære kurs, halde gjesteforelesingar o.l.	17
Ja, eg har førelest på ordinære kurs	3
Nei	32
<b>Totalt</b>	<b>100 (2034)</b>

Det er likevel uklårt om den enkelte forskar vil prioriterer strategisk nettverksbygging om ikkje belønningssmidlar og ytre press er sterkt. Vi veit heller ikkje mykje om haldningane til studentutvekslinga. Dersom internasjonalisering heime skal lukkast, er forventningane at student- og forskarutveksling blir del av ein felles strategi. Om vi no tolkar tabell 3.18 meir snevert i lys av Kvalitetsreforma som ein studiereform, ser vi at denne reforma i liten grad blir sett på som relevant for det forskarane vil prioritere av internasjonaliseringstiltak, slik vi og argumenterte innleiingsvis.

**Tabell 3.18** Gjesteforskar i utlandet

Vil Kvalitetsreforma gjere det lettare eller vanskeligare for deg å være gjesteforskar ved ein institusjon i utlandet? (prosent)	
Lettare	9
Ingen vesentlig endring	79
Vanskeligare	12
<b>Totalt</b>	<b>100 (1964)</b>

Tabell 3.18 viser at forskarsamfunnet ikkje ser på Kvalitetsreforma som relevant for forskingsopphald i utlandet. Det er kanskje heller slik at den blir sett på som ei forverring. Lengre semester, meir spreidd undervising gjennom heile semesteret og meir arbeid med eksamensavvikling, er antyda som forklaring andre stader (Michelsen og Aamodt 2006). Det viktige i denne omgang er likevel ikkje forklaringar på eventuell negativ reaksjon på Kvalitetsreforma, men at det store fleirtalet ser på den som utan tyding for forskarane si internasjonalisering, parallelt til drøftinga vår av tabell 10 som viser at studentutvekslinga blei oppfatta som lite relevant for den enkelte forskaren.

Om vi ser bort frå trekk ved forskarsamfunnet og universitet og høgskular si deltaking i regionaliseringa, ser forskarane ut til framleis å vere innan det ”gamle” paradigmet. Dei breiare strategisk vurderingane som kom til uttrykk i St.meld. nr.27 som peiker mot ny internasjonalisering har lite feste i hopen. Truleg er internasjonalisering som ein aktivitet først og fremst knytt til forskarane sine eigne kunnskapsstrategiar og nettverk. Den sterkare deltakinga i store program og EU forskinga – og presset i sektoren om at forskinga skal bli meir konsentrert i sentra – ser ikkje ut til å ha påverka denne haldninga mellom

respondentane når det gjeld haldningar til studentutvekslinga eller til viktige sider ved ”internasjonalisering heime”. I så måte er det og lite samanheng mellom Bolognaprosessen og EU-prosessen.

### 3.4.3 Inga internasjonalisering utan engelsk?

I St.meld. nr.27 seier departementet at

*det er viktig at de norske universitetene- og høyskolene fortsetter å bygge opp fagtilbud på engelsk. For en ytterligere internasjonalisering av studietilbudene og studentmiljøene bør disse studietilbudene være åpne for utenlandske og norske studenter og kunne inngå som en del av en norsk grad. Institusjonene bør selv velge ut hvilke tilbud de vil legge til rette for andre språk. Det er samtidig viktig at institusjonene fortsatt legger vekt på å ivareta rollen som norske kulturinstitusjoner (§ 7.3 Oppsummering).*

Det går fram av tabellen nedanfor (tabell 3.19) at engelsk er det språket som det er viktigast å publisere på. Det er i tråd med forventningane skapt av det nyare premieringssystemet for vitenskaplege publikasjonar. Men den sterke satsinga på engelsk har røter lenger tilbake i tid. Målet om at heile sektoren skal ta del i, og sjølv bli internasjonalisert, er såleis klart tilstades. Utan engelsk går det ikkje, spørsmålet er vel heller kva rolle dette språket skal spele i høve til eige kulturspråk og i høve til andre internasjonale språk.

**Tabell 3.19** Publisert på andre språk

Kva språk er viktigast for deg å publisere på? (prosent)	
Norsk	28
Engelsk	69
Anna europeisk språk	3
Anna språk	0
Totalt	100 (2012)

Engelsk er sjølv sagt inngangen til ei form for internasjonalisering. Andre former, til dømes gjennom det andre europeiske språk som fransk, blir lagt vekt på av berre 3 prosent<sup>34</sup>.

Det er ikkje utan grunn at det innan det norske akademiske rommet er bekymring for om vi klarer å ta oss av eigen kulturarv (som det blir oppfordra til i St.meld. nr.27), når engelsk no ser ut til å bli det dominerande akademiske språket. Sjølv om mindre enn 40 prosent av forskarane ser det slik at dei er avhengige av engelsk for å fremje sine forskarinteresser eller formidle kunnskapen sin, er engelsk likevel mykje meir brukt. Engelsk er eit val som den enkelte gjer også uavhengig av forskarposisjon eller styring. Det positive er då at engelsk er vel integrert i forskarsamfunnet. Språkkunnskapen gir eit godt grunnlag for deltaking i det globale kunnskapsamfunnet, og for å bli del i internasjonale

<sup>34</sup> Innan FN systemet er fransk eit mykje brukt språk og ei einseitig fokusering på engelsk kan til dømes sette våre akademikarar utanfor slike viktige tospråklege samanhengar.

kunnskapsnettverk. Den gjer at ein kan etablere kurs på engelsk som er gode nok til at utanlandske studentar kan akseptere det.

Men bruken av engelsk reiser og spørsmålet om kvalitet, særleg i den skriftlege framstillinga. Veksten i bruk av engelsk har utan tvil redusert kvaliteten i både munnleg og skriftleg framstillingsform. For forskarane kan alternativet til å bruke mykje tid å på å lære engelsk vere omsetjingar, jamfør tyske og franske tradisjonar. Dette vil og ta vare på kravet om utvikling av nasjonalt og nordisk fagspråk. Men i undervisinga er dette ikkje eit alternativ.

Skal vi verkeleg utvikle ein tospråkleg organisasjon, må vi rekne med store opprustningskostnader. Om ikkje vil bruk av engelsk representere ei svekking av kvaliteten. Presisjonsnivå og formidlingsevne vil bli skadelidande, samstundes som den individuelle kreativiteten knytt til det å uttrykke seg på primærspråket blir redusert. Det norske akademiske språket kan i verste fall bli utradert. Dette vil svekke grunnlaget for å ta vare på den felles kulturarven vi framleis er pålagt å skjøtte. Vi vil og svekke evna til å hevde norske og nordiske kulturelle verdiar i det internasjonale og globale samarbeidet om vi i for stor grad blir ”anglifisert”. Inntrykket er at den ”nordiske modellen” er etterspurt i ulike regionar av verda<sup>35</sup>. Men samstundes med denne auka interessa for vårt kulturområde, underminerer vi kanskje grunnlaget for å formidle respekt for og innsikter frå dette. Det reiser og spørsmålet om kor internasjonalisert eller fristilt det nasjonale høgre utdanningssystemet skal vere frå det nasjonalstatlege prosjektet, eit tema vi kjem tilbake til i neste kapitlet.

**Tabell 3.20 Undervisning på engelsk**

Er undervisinga på nokre av dine eigne kurs på engelsk? (prosent)	
Ja	42
Nei	58
Totalt	100prosent (2016)

Som tabell 3.20 syner, er vi om lag tospråklege – eller parallellspråklege – i undervisinga allereie. Andre data frå spørjegranskinga syner at mest 100 prosent av respondentane innan realfaga og ingeniørfaga vil skrive og publisere på engelsk. Sjølv innanfor dei tradisjonelle kulturfaga vil meir enn 50 prosent bruke engelsk som sitt fagspråk, og innan juss, som er rekna som mindre orientert mot forskning og nært knytt til nasjonalstaten, der vil ca. 22 prosent bruke engelsk. Det avgjerande er likevel at meir enn 70 prosent av respondentane såg det som ønskeleg at deira organisasjon vart tospråkleg i undervisinga.

<sup>35</sup> Til dømes gjennom Nordic Centre i Kina og i India, og no gjennom det om er i ferd med å bli etablert ved University of the Western Cape: Nordic-Southern Africa Centre for Higher Education and Research Collaboration.



### 3.5 Marknaden og det nye kontraktstilhøvet?

Innleiingsvis viste vi til at staten vil ha meir internasjonalisering både ut og heime, men og at den nasjonale kulturarven skal takast vare på. Staten sitt eigarskap til organisasjonane innan sektoren, og grunnløyvingane, legitimerer ei slik oppmoding, kanskje gjer også deler av insentivsystema det. Sjølv om den nye lova for universitet og høgskuler skaper nye former for likebehandling mellom private og offentlege, blir det gamle tilhøvet mellom stat og sektor fornya og sektoren er framleis ein heilskap med kulturelle plikter. Tabell 10, drøfta ovanfor, viser og at det er få fagleg tilsette som trur at marknaden er viktig for å fremme eigen kvalitet, og dermed konkurransekraft. Medan marknaden er ei drivkraft for stadig fleire universitet og høgskular i ulike deler av verda, viser gransking vår at det berre er 10prosent av forskarane som i synleg grad har tru på marknaden. 10 prosent er likevel lite, gitt at denne er karakterisert som halvprivat, og alt er etablert i utlandet med søsterinstitusjonar. Konkurransen har såleis framleis sine grenser innan det nasjonale systemet, slik forskarane ser det. Difor er det og truleg grenser for kor langt organisasjonen kan gå i å strategisk styre forskarane si internasjonalisering. Når ære og kunnskap framleis er viktig for nettverksbygging, må og den frie forskaren og hennar val langt på veg styre prosessen. Det er sjølv sagt likevel uklart i kva grad marknaden vil gjere seg gjeldande i framtida og korleis den vil påverke formene for internasjonalisering (Mathisen 2005, Roberts 2005). For forskarane er ei slik eventuell framtid bortanfor horisonten. Marknaden blir førebels ikkje sett som del av eit eventuelt nytt kontraktstilhøve mellom staten og sektoren. Det nye er at den enkelte organisasjonen innan sektoren skaper si eiga framtid i konkurranse med andre, der internasjonalisering er eit stadig viktigare konkurranseføremøn innan nettverk som baserer seg på strategisk samarbeid.

### 3.6 Kvalitet

Framveksten av kvalitetssikringsorgan også i land som har eit utdanningssystem styrt av staten, som Noreg, er i seg sjølv eit uttrykk for internasjonal spreing av organisasjonsmodellar. Også Bolognaprosessen legg til grunn at deltakarane i denne skal etablere kvalitetssikringsorgan. I dag er europeiske kvalitetssikringskriterium del av NOKUT sitt regelverk som vi har drøfta ovanfor om styring. I ”statssentrerte” land veks dei nye kvalitetssikringsorganisasjonar ut av den offentlege politikken og er knytt til statleg styring og regulering. I land der utdanningssektoren i større grad har vakse ut av det sivile samfunnet, er desse gjerne også private. Debatten i dag dreier seg om korleis kvalitetskriterium både skal fremme internasjonalisering, men og ta vare på nasjonal eigenart. Spørsmålet som er reist, mellom anna av EU, er om ikkje også kvalitetssikringsorganane må frigjerast frå den offentlege politikken i større grad (til dømes privatiserast). Ikkje berre utvikling av felles standardar, men og avnasjonalisering av tolkinga av desse er ein føresetnad for at dei enkelte organisasjonane blir aktørar som blir verdsett for deira evne til å konkurrere i ein kryssnasjonal kontekst. NOKUT ser ut til i sterk grad å reprodusere nasjonale verdimønster og lokale prioriteringar, difor mangfald meir enn spissing, med vekt på allmenne kriterium for undervisningskvalitet. I

datamaterialet frå dei 8 kasusa finn vi ikkje at aktørane ser dei kriterium dei blir vurdert etter som del av ein prosess som fristillar dei frå sektoren, men som ei enno sterkare binding til fellesstandardar for den nasjonale sektoren.

### 3.7 Symbolproduksjon, ære, rykte og rankingar

Symbolproduksjonen som er ein føresetnad for verdsetting har vakse fram og blitt prega av feltet si kopling til nasjonal staten. I dag er denne symbolproduksjonen overnasjonal, i form av rangeringar, orientert mot å skape konkurranse mellom ulike nasjonale system, men kanskje meir mellom enkeltorganisasjonar nærast uavhengig av kva tilhøyre desse har det offentlege og staten. Rangering skaper grunnlag for godt rykte, ære og dermed for verdsetting. Og den enkelte organisasjon vil sjølvsgt tilpasse seg denne forma for internasjonalisering, på same måten som politikken for feltet vil bli retta inn mot dei same verdsettingskriteria. Desse vil påverke balansen mellom sektoren og staten, mellom anna har dei konsekvensar for utforming av belønningssystem og dei prioriteringar som leiarane gjer, og for kva strategiske mål ein set ut frå ønske om å kome med på ulike rankinglister.

Det er likevel slik at desse rankinglistene har lite tak på den norske sektoren. Verdsetting skjer framleis innan nasjonalt skapte førestellingar om kva som er god kunnskap, og i tilknytning til idear om at denne kunnskapen kan fordele seg i rommet og finne talent sjølv om sektoren ikkje er sterkt hierarkisk og spissa, eller konsentrert om store prosjekt.

### 3.8 Oppsummering

Kvalitetsreforma og St.meld. nr.27 formidla idear både om internasjonalisering i sektoren, og ein sterkare autonomi innan sektoren for dei enkelte organisasjonane. Det inntrykket vi har etter kort å ha diskutert aktørar i og i tilknytning til sektoren er at det først og fremst er snakk om internasjonalisering *i sektoren*, og at den gamle internasjonaliseringa knytt til relativt autonome student og forskarval på den eine sida, og på den andre nasjonalt forankra verdsettingsmønster på den andre styrer prosessen. Leiarskap, haldningar til ranking, nasjonale verdiar i kvalitetssystemet underbygger systemkarakteren, meir enn å fremme organisasjonane individuelle strategiske konkurranseorientering. I eit slikt system er det framleis gammal internasjonalisering som gir mest meining, slik og arbeidet til dei internasjonale kontora bekreftar.

Kvalitetsreforma legg vekt på at internasjonaliseringa skal gjere sitt til at kvaliteten vert styrka. Det er gjennom samarbeid med dei som er betre at ein sjølv skal bli betre. Denne internasjonaliseringa skal, som og St.meld. nr.27 hevdar, vere eit organisasjonsansvar i samarbeid med forskarane. Kjernen i denne nye kontrakten er konkurranse mellom dei enkelte organisasjonane. Styringa av denne kappestriden er i liten grad marknaden, men kanskje heller dei såkalla objektiverte insentiva og NOKUT sine reglar og praksis. Spørsmålet er kor viktig det insentivet er som ligg i det internasjonale samarbeidet, *særleg*

*ny internasjonalisering*, dvs. internasjonalisering som ein kombinasjon av ei rekke aktivitetar for å fremme organisasjonen sin status. Gjennom internasjonale nettverk kan ein skaffe forskingsressursar, rekruttere dyktige fagfolk, fange opp framifrå studentar, og heve standarden ved eigen organisasjon ved generelt å samanlikne med dei som er betre. Det er og gjennom slike nettverk ein kan lære seg dei kriteria som dei ulike rangeringsindeksane er bygd opp omkring (og her er kvaliteten på internasjonaliseringa ofte sjølv eit kriterium).

Om det er slik at fagfolka i hovudsak ser på Kvalitetsreforma som lite relevant for internasjonaliseringa, er det truleg og fordi dei (framleis) legg hovudvekta på internasjonalisering som summen av forskarane sine handlingar, og det strategiske ligg eventuelt i ei synleggjering av denne aktiviteten. Men konkurransen i seg sjølv vil over tid skape eit sterkare fokus på internasjonalisering av *ny* type, og dermed eit press på forskarane om å kombinere "eigeninteressene" med organisasjonsinteressene. Nye strategiske omsyn hentar inn gamle praksisar, og det som skjer ute må få meining for internasjonalisering heime.

## 4 Nokre hovudtrekk

Vi skal her oppsummere nokre av dei meir spesielle tendensane slik vi tolkar dei i spenninga mellom forventningar skapt av Kvalitetsreforma og det sektoren sjølv har prioritert av aktivitetar. Hovudinstrykket er at Kvalitetsreforma har hatt mykje å seie for framveksten av internasjonalt arbeid, men mest i form av ”gammal” internasjonalisering. Det tyder igjen at internasjonaliseringa innan Kvalitetsreforma har hatt relativt liten innverknad på organisasjonanes endring mot å bli meir strategiske prega av idealet om ”entrepreneurial management”. Den viktige rolla til internasjonalt ansvarlege og dei internasjonale kontora framhever heller koplinga mellom politikk og styring av aktivitetane ved organisasjonane, enn organisatorisk variasjon som følgje av individuelle prioriteringar.

Til grunn for den vidare diskusjonen nedanfor kan vi framheve følgjande hovudfunn:

- Studentmobilitet og avtalar som fremmer denne, blir framleis sett på som det mest sentrale elementet i internasjonaliseringa
- Internasjonalisering har blitt gjort til eit leiaransvar, men blir i praksis i stor grad overlete til internasjonale kontor
- Internasjonalisering er i liten grad eit produkt av strategisk tenking ved organisasjonane
- Internasjonalisering heime har i liten grad blitt etablert som ein del internasjonaliseringsaktivitet ved organisasjonane. Det tydar på at internasjonalisering heime framleis er eit produkt av internasjonalisering ute, og blir i liten grad sett på som noko som skal integrerast i undervisning og læringsmiljø
- Forskarane ser på sine internasjonale aktivitetar som del av den faglege utviklinga, ikkje som del av ein strategi for internasjonalisering
- Ny internasjonalisering som noko meir enn ”internasjonalt samarbeid” blir hemma av ein mangelfull dialog mellom administrativ internasjonal leiing og fagmiljøa
- Det er usemje mellom leiing, internasjonalt kontor og fagmiljøa om internasjonalisering skal nyttast som eit virkemiddel i konkurransen mellom utdanningsorganisasjonane
- Samanhengen mellom internasjonalisering og kvalitetssikring er framleis lite innarbeidd ved organisasjonane
- Det er stor vilje til å bruke engelsk, men relativt lite refleksjon over korleis bruk av engelsk påverkar kvalitet i undervisninga eller fagmiljøet generelt

### 4.1 Studentutveksling og avtalar

Studentutveksling og avtalar blir av alle dei evaluerte gruppene sett på som det mest sentrale i kvalitetsreforma. Det store gjennombrøtet for EUs utdanningspolitikk var avtalen på slutten av 1980-talet om studentutveksling, dvs. Erasmus. Ambisiøse mål blei sett, og Noreg har delteke for fullt. Men merksemda om denne og liknande avtalar mellom dei fagleg tilsette og leiarnivået ved fag og fakultet ser ut til å vere liten. Det at så få fagleg tilsette ser på desse avtalane som viktige bekreftar at satsingsområdet innan EU, student og

fagpersonalutveksling, blir forstått som noko utvendig ”studentaktig”. Det kan og tolkast slik at dei fagleg tilsette ikkje vil la seg fange av EU rommet, til tross for den store satsinga og pengebruken knytt til EU avtalane. Dei vil heller ikkje tilpasse seg den styringa som ligg i slike avtalar ved den enkelte organisasjonen. Det globale rommet ser ut til å vere primært, sjølv i forhold til ny regionalisering, og forskarnettverka forsterkar denne overordna eller globale romlege identiteten. Det er lite som tydar på at problemet er mangel på informasjon, ein relativt stor del av fagfolka har kunnskap om og kontakt med det internasjonale kontoret, både om studentutveksling, og overraskande nok, om eiga forskning.

Studentundersøkjinga viser at studentane i stor grad er blitt klar over sine moglege ”rettar” til å reise ut. Dei internasjonale kontora har arbeidd opp eit klientell (med rettighetsorientering), men og ein studentmasse med interesse for denne forma for læring. Erasmusutveksling er framleis lettaste å få til, og difor prioritert av dei internasjonale kontora, men er ikkje den som vekker mest interesse. Studentane søker breitt, og vert såleis kanskje like avhengig av gode bilaterale avtalar som dei store fellesavtalane, mellom anna forvalta av SIU. Men her er det store variasjonar mellom organisasjonane, særleg etter størrelse. Samstundes som mange opplever at det enno ikkje er tilrettelagt for utreise (jamfør kapittel 2), er det mange internasjonale kontor som hevdar det er vanskeleg å få studentane til å flytte på seg. Spørsmålet er og kva krav til engelsk kompetanse og/eller karakter som skal stillast. Mottakarinstusjonane vegrar seg mot studentar dårlegare enn C, medan haldninga ved dei norske internasjonale kontora er at vi ikkje skal bruke karaktergrenser. Det er framleis store administrative problem med innpassing av utanlandske kurs, særleg på profesjonsfaga, og nokre studentar reiser spørsmål om kvifor dei skal reise ut når dei beste tilboda er her i landet, til dømes på realfaga.

Sjølv om talet på studentar som nyttar desse avtalane er aukande, kan vi hevde at ideen om å fremme det europeiske rommet, både som eit politisk/økonomisk og som eit symbolsk/kulturelt fellesskap er lite påakta. Det ser i og for seg ikkje ut til å ha forma ei sterkare romleg strategisk orientering. Europa appellerer ikkje, eller iallfall ikkje meir enn andre moglege romlege orienteringar, til dømes mot sør eller generelt i det globale rommet. Og dette til tross for at internasjonalt ansvarleg oftast først vart skapt som ”Erasmuskontakt”. I så måte kan vi og hevde at Bolognaprosessen (the soft method of coordination, dvs. også gjennom dei politiske sektorrepresentantane) har hatt større suksess enn EU når det gjeld å forme vårt utdanningssystem som internasjonalt og europeisk.

Inntrykket av intervjuet med fakultetsnivået og fagfolk er at internasjonalisering har støtte, men som ”gammal” internasjonalisering. Dei ”mange” utvekslingsavtalane blir til tider sett på som ei bær som kjem i tillegg, og ikkje – som målet var – som noko som gjennomsyrrer heile organisasjonen. Dermed ser det ut til at dei internasjonale kontora sine ønskjer om å integrere forskarutveksling og studentutveksling møter motstand i fagmiljøa, og fagmiljøa ser ut til å ønske at dei internasjonale kontora skal avlaste dei bœra med desse avtalane. Men som vi har sett, kontakten med fag og forskarar er i hovudsak av dei internasjonalt

ansvarlege motivert av kva bidrag desse kan gje til vidare auke i talet på utvekslingsstudentar.

## **4.2 Leiaransvar**

Internasjonalisering er blitt akseptert som eit leiaransvar ved dei fleste av organisasjonane i sektoren. Ansvar er nedfelt i organisasjonane sine strategiar, og nokre organisasjonar har til dømes etablert eit ”internasjonalt utval” med vedtaksrett. Men internasjonal aktivitet blir bygd opp som i hovudsak ein administrasjon av studentutveksling – anten dette skjer gjennom store program eller gjennom eigne bilaterale avtalar. Men kor langt leiaransvaret strekker seg kan det vere vanskeleg å generalisere om. Inntrykket er at SIU ofte spelar ei viktigare rolle for den enkelte organisasjon sin internasjonaliseringsaktivitet enn leiinga ved den enkelte organisasjonen. Dei prioriteringar som den internasjonalt ansvarlege gjer, i samråd med SIU, er ofte viktigare enn dei prioriteringar leiinga ved organisasjonen gjer. Dette tyder på at vi har ei utvikling av kontor ved organisasjonen som fungerer relativt autonomt med på basis av ein kompetanse om utveksling som leiinga gjer seg nytte av, men som den ikkje sjølv definerer målsettingane for.

Dette inntrykket er forsterka av ei rekke rapportar om at relasjonen mellom leiinga av organisasjonen og det internasjonale kontoret er personavhengig. I staden for å vere eit kontor i ein organisasjon, er dei internasjonale kontora ein stad der ekspertar på internasjonalisering held til. Tilhøvet til leiinga forsterkar såleis inntrykket av ei profesjonalisering av denne yrkesrolla, til tross for at denne profesjonaliseringa har eit tilsynelatande relativt snevert fagleg innhald avgrensa til mobilitet, eller det vi har karakterisert som gammal internasjonalisering.

## **4.3 Dei internasjonalt ansvarlege**

Internasjonalt kontor og internasjonalt ansvarleg si plassering innan organisasjonane påverkar kva for ein internasjonaliseringspraksis som faktisk utviklar seg, og det påverkar måten dei blir byråkratisert på, eventuelt og om dei utviklar ein meir autonom kunnskapsbasis. Organisasjonsleiinga og fagfolka ser framleis ut til å vere relativt fråverande når det gjeld å forme innhaldet til desse kontora, og dei ansvarlege hentar impulsane for arbeidet sitt frå omgjevnadane.

Særleg den manglande interessa for studentane mellom fagfolka indikerer at medvitet om ein strategi som søker å samordne aktørane innan organisasjonen har kome kort. Sjølv om dette er i tråd med gammal internasjonalisering, dvs. det kjende argumentet om at kunnskapen og difor dei fagleg tilsette så vel som studentane er frie til å søke kunnskap der dei vil, kan det tyde på at dei internasjonalt ansvarlege er overlata oppgåva med å implementere Kvalitetsreforma. Dette gjer dei med eit sterkt mandat frå staten, men med

mindre legitimitet innan organisasjonen, og med liten interesse frå viktige aktørar for anna enn måltal på utvekslingsgraden slik den er lagt til rette for innan ulike avtalar.

Dei internasjonalt ansvarlege er med ande ord oppatt av å fremme og styrke den kompetansen dei alt har utvikla, mellom anna i relasjonen til SIU, meir enn å søke å utvide sitt mandat innetter i den enkelte organisasjonen, til dømes mot tema som ”internasjonalisering heime” reiser. Strategien ser ut til å vere å kople studentutvekslinga til forskarnettverka for å styrke studentutvekslinga. Dette antyder eit sterkare strategisk fokus innetter i organisasjonen, men då med basis i kompetansen til dei internasjonale kontora.

#### **4.4 Tilhøvet mellom fagleg og administrativt tilsette**

I spørjegranskinga mellom dei fagleg tilsette finn vi for det første at Kvalitetsreforma blir sett på som ein reform for meir studentmobilitet. Dei fagleg tilsette ser såleis Kvalitetsreforma som ei vidareføring av gammal internasjonalisering. Vi får heller ikkje inntrykk av at gammal og ny internasjonalisering blir tenkt i samanheng. Kvalitetsreforma er og blir ein studentreform, med liten relevans for forskaren eller bygging av forskarnettverk, eller som støtte tilinnreisande og utreisande forskarar, eller på andre måtar. Forskarane ser såleis ut til å meine at Kvalitetsreforma ikkje er relevant for dei. Det ser heller ikkje ut til at studentmobiliteten, som dei oppfattar synonymt med Kvalitetsreforma, er av særleg fagleg interesse.

Det ser såleis ut til å vere ei diskrepans mellom dei fagleg tilsette og den sentraliserte eininga for internasjonaliseringssaker. Dette skiljet blei av mange av dei internasjonalt ansvarleg framheva som hovudproblemet med å få internasjonalisering til å bli ”noko meir” enn studentmobilitet. Sjølv om nokre av dei internasjonalt ansvarlege meinte at internasjonalisering er synonymt studentutveksling og bør vere avgrensa til dette, var de fleste opptekne av kopling mellom undervising og forskning også på dette området. Som vist ovanfor; relasjonen til forskarane er viktig ettersom den vil kunne styre studentstraumen på ein kvalitativt god måte.

Likevel har leiinga ofte skild student og forskarutvekslinga frå kvarandre innan organisasjonane. Dette forsterkar skiljet mellom forskning og studentutveksling, og gjer det vanskeleg å bruke internasjonalisering til å integrere forskning og undervising, eller å bruke studentutveksling som grunnlag for fagleg kontakt.

#### **4.5 Internasjonalisering heime**

Internasjonalisering heime er som vi har sett ikkje det mest diskuterte tema innan norsk internasjonaliseringsdebatt, sjølv om mykje av initiativet til denne debatten har sitt opphav i nabolandet Sverige (Teekens 2004). Vi har likevel sett at dei fleste har ei intuitiv

forståing av kva dette tyder. Ikkje alle kan reise ut, så kva med det store fleirtalet av studentar og fagleg tilsette som ikkje kryssar grenser? Internasjonalisering kan ikkje berre vere det som skjer der ute. Det må og gjelde samspelet mellom dei vi inviterer inn og dei regulære gruppene av studentar og tilsette. Framveksten av det fleirkulturelle Noreg er og ei grunngeving for internasjonisering heime. Studentar treng ikkje lenger reise ut for å møte og lære å meistre framande kulturar, dei er alt tilstades i vårt pluralistiske samfunn, om enn i mindre grad på universitet og høgskolar enn ønskeleg.

Globalisering utfordrar og ideane om ”nasjonale utdanningssystem”. Dei globale problema treng seg på innanifrå som kunnskaps- og forskingsspørsmål. Både det fleirkulturelle og det globale formar premisser for internasjonisering heime, og det fokus denne internasjoniseringa set på endringar i pensum, på integrasjon av utanlandske studentar og på måten ein former forskarproblem og bygger nettverk. Resultata frå granskingane våre antyder, i tråd med hovudtendensen elles, at internasjonisering heime blir oppfatta som eit produkt av internasjonisering ute – dvs. utveksling. Forskarar og fagleg tilsette har lite tru på at pensumendingar er viktig. Heller ikkje at forskinga skal bli meir ”global” eller fokusere på internasjonale tema. Og berre kvar 5 fagleg tilsett ser på betre integrasjon av studentane som nyttig, medan derimot nærare 40prosent har tru på nettverksbygging mellom forskarane omkring felles tema.

Dei fleste internasjonale kontora ved organisasjonane har diskutert internasjonisering heime, men få organisasjonar har, som vi har drøfta tidlegare, ein eigen strategi for internasjonisering heime. Og enda færre har sett i gang konkrete tiltak som går ut over tiltak som er retta mot innkomande utvekslingsstudentar. Internasjonisering ser ut til å bli sett på som eit sosialt spørsmål og i mindre grad eit spørsmål om fagleg forankring. Eit døme er at dei aller fleste tiltak som er sett i verk er meir knytt til studentaktivitetar som fadderordningar, internasjonale dag og integrasjon av utanlandske studentar gjennom sosiale aktivitetar, enn undervisning på engelsk, eit internasjonalt pensum og fagleg integrering mellom utanlandske og norske studentar.

Om vi skulle antyde ein hovudtendens må det vere at dei fleste ser problematikken ”internasjonisering heime” i lys av det nasjonalstatelege kulturfellesskapet og den symbolverda som der er skapt. Det blir i liten grad tenkt som ein del av ein organisasjonsstrategi, eller for å styrke organisasjonen sin eigenart, mellom anna som organisasjonens bidrag til eit fleirkulturelt samfunn.

## **4.6 Marknaden**

Til tross for Mjøsutvalet sin introduksjon av marknadslignande retorikk i (deler av) diskusjonane om internasjonisering, eller påstandar om dreining av motivet mot dei økonomiske (Maassen og Uppstrøm 2004), ser denne utviklinga, om den har funne stad, i liten grad ut til å forme internasjoniseringa ved organisasjonane. Dei fagleg tilsette og i enno sterkare grad det lågare leiarnivået har lite tru på eller ønske om at



internasjonalisering kan drivast fram gjennom marknaden. Internasjonalisering kan skje gjennom "samarbeid" og nettverksbygging, og gjerne gjennom konkurranse om merksemd og forskingsmidlar basert på søknadar, men ikkje konkurranse gjennom marknaden. Desse synspunkta burde ikkje overraske ettersom der er "lovfesta" at internasjonalisering skal skje gjennom samarbeid<sup>36</sup>. Det er gode kontaktar som tel, samt avtalar om student- og forskarutveksling. Det brennande spørsmålet er i kva grad avtalane skal styre prosessen.

Spørsmålet er likevel om dette er ei form for naivisme. Sjølv om det er svært få som vil at vi skal trekkast inn i utdanningsmarknaden, ser vi og ein vekst i talet på etter- og vidareutdanningsstudentar eller vekst i talet på "eksterne" betalingsstudentar. Utviklinga i England og Tyskland viser at betalingsstudenten er på veg inn i Europa, i tråd med politikken til EU om at "samfunnsbidrag" til høgre utdanning skal auke. OECD bygger opp statistikk for å måle verdien av grensekryssande aktivitetar, og WTO søker å fremme vilkåra for slike økonomiske transaksjonar ved å arbeide mot nasjonale reguleringar (Mathisen 2006). Dette føreset at utdanningssystemet blir organisert med ein "brannmur" mot det offentlege (jamfør regelverket til WTO), noko vi har avvist. UNESCO/OECD har i fellesskap – med god hjelp av norske tenestemenn - utvikla retningslinjer for kvalitetsvurderingar for myndigheiter og utdanningsorganisasjonar som skal sikre at "degreemills" og andre ukvalifiserte aktørar blir haldne borte frå marknaden (Roberts 2005). Men dette arbeidet kan og tolkast som eit forsøk på å bygge ned mistilliten til marknaden.

EU framhever at ein tredjedel av inntektene bør kome frå "samfunnet" (studentbetaling og andre kjelder). I USA er den offentlege støtta til høgre utdanning langt under 50prosent. Sett frå i hovudsak den engelsktalande verda, er utdanning ein veksande industri, og utvida til "kunnskapsbransje" ein av dei raskast veksande. I 2025 vil det kunne vere 263 millionar studentar. Talet på "internasjonale studentar" (betalingsstudentar) vil og auke, opp mot 10 millionar. Meir enn 50 prosent av etterspørselen er i dag frå vekstområda Kina og India (Hyam 2004), som nyttar seg av mange tilbod i land som Australia, men som og etterspør utdanningstenester i Noreg.

Men til tross for dette globale spelet om kontroll, regulering og tilgang til utdanningsmarknaden som formidlar av utdanningstenester, ser altså så godt som ingen av dei fagleg tilsette dette som ein "mekanisme" i internasjonaliseringa. I så måte ser vi ein diskrepans mellom det myndigheitene i Noreg gjer, og det fagfolka trur.

Berre nokre få fagleg tilsette ved organisasjonane framhever at ei "systematisering av internasjonaliseringa" er "nødvendig tilpassing til det nye konkurransesamfunnet", og "opphald i utlandet blir sett på som god marknadsføring", eller at konkurransen fordrar strategi og lokale prioriteringar for å møte ein marknad. På den andre sida ser dei internasjonale kontora det som ei av sine viktige oppgåver å informere fagmiljøa om

---

<sup>36</sup> Jamfør Universitetslova av 2005

moglegheitene som finns til å bruke internasjonalisering som eit konkurransefortrinn innan den komparative logikken. Spørsmålet er då korleis avtalane skal bli brukt: av studentar berre, eller også av forskarar, og kva kompetanse dei internasjonale kontora har til å gje råd om eller legge til rette for ein slik fagleg basert komparativ strategi. Det er og eit spørsmål om kva grad desse avtalane fremmer profesjonaliseringa av dei internasjonale kontora, og deira faglege autonomi.

Om marknaden skulle vekse i tyding, er det rimeleg å tenke seg at dei internasjonale kontora vil bli viktige som salsavdelingar, reklameavdelingar eller studentrekrutteringseksperter. Men så langt er konklusjonen at dei fagleg tilsette og deira leiarar ikkje er forma av omsynet til økonomisk inntening. Det er eventuelt den globale symbolverda skapt av komparasjon, meir enn den økonomiske, som styrer oss.

Dette fråværet av marknaden framhever og verdien av gammal internasjonalisering, eller internasjonalisering som eit mål for den enkelte si utvikling. Marknaden tvinger ofte fram ei sterkare strategisk orientering innan organisasjonen, og er i mange land det dominerande motivet for ny internasjonalisering. I Noreg er dette motivet i hovudsak fråverande. Mobilitet, både som kulturvekking, altruisme, men og nasjonal utanrikspolitikkk står framleis sterkt om motivasjonar for internasjonalisering.

## 4.7 Språk

I debatten om kvalitet og internasjonalisering er vurderingane av bruken av engelsk prega av eit dilemma. På den eine sida er engelsk ein føresetnad for internasjonalisering, på den andre sida fører undervisning på engelsk i regelen til eit kvalitetsfall. Det er derfor overraskande, gitt dette dilemmaet, kor ”engelskvennlege”, sjølv innan dei humanistiske faga, den norske fagflokken er. Også viljen til å bli tospråkleg er stor. Bruk av engelsk sameiner både undervisningsinteresser, omsynet til utanlandske studentar, og publiseringskrava, men gjer og forskarane mobile og til kandidatar som partnerar i nettverk. Norske forskarar vil generelt ta del i dei romma som opnar seg om ein skriv eller forskar på engelsk. Den tilsynelatande mangelen på interesser for andre språk er og overraskande.

Den sterke viljen til å bruke engelsk kan vi sjå på som eit resultat av dei nettverk som forskarane inngår i og har arbeidd opp over lengre tid, der USA alltid har vore viktig. Det er og truleg at krav om å publisere i såkalla internasjonale tidsskrift – dvs. i hovudsak amerikanske eller engelske tidsskrift som rangert høgt av fagmiljøa eller forskingsorganisasjonar i desse landa – fremmer interessa for engelsk. Her ser vi også store ulikskapar i sektoren. Ved dei små organisasjonane der ein relativt liten del av personalet driv med internasjonal forskning vil nivået, og ikkje minst terskelen for å bruke engelsk i undervisninga, vere langt lågare enn ved universiteta.

Det nye finansierings- og avlønningssystemet forsterkar ulikskapane bruken av engelsk skapar gjennom måten det sluttar opp om det angloamerikanske rankingsystemet og publiseringsformene. Det er ei publiseringsform som er vanlegast innan realfag og medisin; korte artiklar, etc., med stort innslag av engelskspråklege standardar. Realfaga er då og i all hovudsak ”engelske”, medan dei humanistiske faga er det i noko mindre grad. I staden for at viktige arbeid blir omsett, må forskarane sjølve skrive på engelsk, og marknadsføre seg i engelske forum. Såleis kan særleg samfunnsfag, humanistiske fag og juss miste den språklege bearbeidinga av den kulturen dei er ein del av. Gjennomgangane av datamaterialet viser då og at det har spreidd seg ei uvisse mellom forskarane om kva som vil skje med norsk fagspråk, særleg mellom realistar som kjenner ansvar for utdanning til vidaregåande skular, eller hos dei som har ansvar for norsk kunnskap som ikkje let seg omsette til engelsk, til dømes på juridiske fag.

Igjen ser vi ein diskrepans mellom fagmiljøa og dei internasjonale kontora. Dei internasjonale kontora rapporterer om at dei syns det er for få kurs på engelsk ved organisasjonane, og at det er eit problem få mange nok fordi det faglege personalet prioriterer norsk. Mange rapporterar og om at dei kursa organisasjonane har på engelsk, oftast blir fylgt utelukkande av utanlandske studentar og ikkje norske, slik at det blir vanskeleg å integrere dei utanlandske studentane i det elles norske fagmiljøet.

## **4.8 Strategiar og prioriteringar i rommet**

Strategiske val vil som regel gje prioritet til nokre nettverk framfor andre, og dermed rom som ein rettar sine internasjoniseringsframstøyt mot. Inntrykket så langt er at det ikkje har festa seg nokre særlege rom som den norske fagleg flokken vil knyte seg til, iallfall ikkje geografisk. Dei mange avtalane som er blitt laga ser framleis ut til å følgje forskarnettverka, anten desse er i nord eller sør. Sjølv om ein veksande deltaking i nettverk (ala Coimbra, WUN, Santander), er det samla inntrykket at det i liten grad har utvikla seg ein strategi for utdanningssystemet (Beerens 2004). Dette kan tyde på at det heller ikkje er sterke strategiske føringar på forskarane. Den såkalla nye internasjoniseringa; utviklinga av strategiske mål for samarbeid gjennom nettverk og avtalar ser såleis ut til, om vi held oss til fagflokken, framleis å vere i emning, eller framleis ”forskarstyrt” framfor leiarstyrt.

Internasjonalt samarbeid skal skje med organisasjonar av høg internasjonal kvalitet, i følgje forarbeida til reforma. Om vi skal følgje gjeldande ”rankinglistar” vil det seie at ein samarbeider primært i det europeiske og amerikanske rommet. Men inntrykket er altså at det ikkje er eitt eller nokre særlege rom som organisasjonane vil knyte seg til. Om ein søker til høgstatusuniversitet i USA eller universitet med låg status i Afrika eller Latin-Amerika, ser ikkje ut til å ha blitt stilt opp som strategisk viktige val eller alternativ. Avtalar som blir inngått speglar den variasjonen som er i sektoren. Samla antyder dette at medvitet om ein strategi som søker å samordne aktørane innan organisasjonen har kome til kort, til tross for Kvalitetsreforma.

Dei internasjonalt kontora nemner også at dei nasjonale strategiane som prioriterar Europa blir eit problem i forhold til å rekruttere studentar frå utviklingsland. Som vi har drøfta i kapittel 2, blir samarbeidet med sør sett på som viktig, men avgrensa av offentlege ressursar. Men også den romlege orienteringa slik den har nedfelt seg i nasjonal politikk kan vere ei avgrensing på den globale orienteringa. Det ser ut til å vere eit stort engasjement i sektoren for å rekruttere studentar frå og sende studentar til Asia, Afrika og Aust-Europa, men på grunn av stipendordningane innan Europa er studentar frå Sør-Europa framleis den dominerande gruppa. Kvalitetsreforma ser dermed ikkje ut til å skape ein ”global identitet” som er ei av målsettingane til internasjonalisering slik til dømes Mjøsutvalet sterkt framheva.

## 4.9 Gammal og ny internasjonalisering?

Kvalitetsreforma er i mange av sine intensjonar, og i måten den blei konkretisert på av myndighetene, uttrykk for eit ønske om å ta vare på og vidareutvikle ”gammal” internasjonalisering, men søkte og å trekke den gamle internasjonaliseringa inn i ”ny” internasjonalisering. Den nye internasjonaliseringa legg, som vi har drøfta innleiingsvis, vekt på at internasjonaliseringa skal gjennomsyre organisasjonen, og at student- og forskarmobilitet skal strukturast gjennom organisasjonen sine utviklingsstrategiar, dermed og vurderast i høve til kvarandre.

Men som mykje av diskusjonen om gammal og ny internasjonalisering er også Kvalitetsreforma tvetydig. Kvalitetsreforma ser ut til å ha fokusert mest på å lukkast med studentutveksling, dvs. ei vidareføring av ideen om internasjonalisering som eit mål i seg sjølv, og eit tiltak for den enkelte sin vekst. Medan studentutvekslinga før Erasmus-avtalane kom i gang for alvor på 1990-talet var prega av spreidde og tilfeldige tiltak, har ein no arbeid inn, som ein potensiell del av studiet, eit kortare utanlandsopphald. Alle studentar skal ha eit tilbod om å reise ut på utanlandsopphald.

Samla sett kan vi hevde at utviklinga så langt i liten grad har preg av ny internasjonalisering (om vi ser bort frå endringane i departementet sjølv, som ikkje er tema her). Det er framleis ”den gamle” i tydinga av utveksling som pregar bildet. Det er denne som gir mening til arbeidet innan dei internasjonale kontora. Og det ser og ut til at det er rapportering om denne aktiviteten til departementet via styringssamtalane som er viktig.

Dei fagleg tilsette sine haldningar forsterkar dette inntrykket. For dei er forskinga internasjonal og val av orientering i det internasjonale rommet følgjer deira forskarinteresser og deira forskarfridom, ikkje ein strategi for organisasjonen anna enn den som gir seg av marknadsføringa av dei aktivitetane dei alt driv på med. Det er også delte interesser mellom dei faglege når det gjeld å kople studentutvekslinga til forskinga. På same måten som forskaren, skal også studenten ha fridom til å velje si danningsreise.

Internasjonalisering står ikkje fram som eit område som marker ein organisasjon sin autonomi og eigenart, eller som eit strategisk middel for å nå andre mål, til dømes betre kvalitet og høgre status i kunnskapshierarkiet. Det som blir kalla for ny internasjonalisering ovanfor er nettopp knytt til denne strategiske orienteringa som ei leiing kan søke å fremme. Men sjølv om ei rekke av våre utdanningsinstitusjonar har formuleringar om kva dei meiner bør vere deira eigenart, jamfør strategiske planar, er det få strategiske val innan leiinga knytt til internasjonalisering. Ettersom politikken fremmer internasjonalisering for heile sektoren, heng variasjon innan sektoren meir saman med ressursituasjonen og prioritering av ein generell politikk enn evna til å gjere seg nytte av det handlingsrommet denne autonomien skaper. I så måte har Kvalitetsreforma ikkje lukkast med sine intensjonar på dette området.

Sett frå den autonome organisasjonen kan internasjonalisering både vere eit middel til å styrke autonomien delegert frå staten, og ein måte til å oppnå større eigenart, gjerne som ein node i eit nettverk som kryssar fleire land. World Wide University Network er eit slikt tiltak, der både UiB og UiO deltek. Men hovudintrykket er at få slike prioriteringar med konsekvensar for forskar, student – eller institusjonsnettverk er gjort. Dette er i tråd med samtidige funn. Nicoline Frølich, som har gjort studiar på organisasjonsnivå (Frølich 2005a, 2005b) held fast på tesen om at internasjonalisering framleis er akademisk og nasjonal; dvs. styrt av forskarane lokalt og av statlege organ sentralt. Og som vi har vist ovanfor er internasjonalisering i den store flokken av undervisarar og forskarar i liten grad sett på som noko Kvalitetsreforma har påverka. Kvalitetsreforma blir (også) av fagflokken oppfatta som ein student - og studiereform, og difor internasjonalisering som studentutveksling innan denne. Ressursane tildelt i samband med iverksettinga har då og i hovudsak dryppa på dei internasjonale kontora, kanskje meir, forma som motpart til SIU og difor som forvaltning av studieprogramma, enn som eit reiskap for forskarsamfunnet internt. Dette fører igjen fokuset tilbake til dei ansvarlege for internasjonalisering ved dei enkelte organisasjonane sin internasjonaliseringskontor.

Det er dei internasjonale kontora som utviklar og forvaltar det som ser ut til å vere av strategiske verktøy. Samarbeidsavtaler er forsterka som styringsverktøyet som, i tillegg til deltaking i organisasjonsnettverk, gir grunnlag for klarare prioriteringar. Slike avtalar gjer det mogleg å kombinere forskar og studentutvekslinga. Avtalar ser likevel i liten grad ut til å vere eit gjennomtenkt forhandlingsverktøy mellom ulike partar eller aktørar i organisasjonen. Sjølv om dei opnar for avvegingar mellom kva leiinga vil og kva forskarane gjer ut frå sine meir eller mindre tilfeldige nettverk, er dei fleste avtalane del av nasjonale prioriteringar og skapt av fokuset på studentutvekslinga. Dei kan avspegle skiftande prioriteringar av støtte innan det offentlege, til dømes studentar som ”free movers”, som brukarar av dei mange EU (og nordiske) avtalar, i tillegg til studentutveksling innan dei avtalar som er inngått på organisasjonsnivå. Men avtalane har kanskje i mindre grad enn forventa fremma strategiar for organisasjonane.

## 4.10 Sluttord

Tidlegare forskning har vore oppteken av korleis utdanning, arbeidsliv og utdanningspolitiske aktørar formar mønstre innan nasjonal- (eller føderal-) statar. Desse mønstra gav særigne formasjonar, som det har vore mange diskusjonar om kvaliteten til. Vi er enno ikkje ferdig med debatten om det amerikanske versus det tyske, eller krisa til den japanske modellen.

Nasjonale modellar har vore stilt opp mot kvarandre, og førestellingane om læring av andre er knytt til systemplanet og difor det politiske nivået. Yrkesidentitetar, sertifiseringsordningar, forhandlings- og konfliktløysingsmekanismar, forvaltningsordningar, fag- og profesjonsidentitetar, heng saman på måtar som gjer at ein vanskeleg kan endre eitt element utan at det får konsekvensar for andre. Og vi finn då og klare variasjonar innan kryssnasjonale samanlikande analyser som viser at det er relasjonen mellom utdanning, arbeidsliv og styring som er stabile innan sine historisk skapte kulturar.

Den nye internasjonaliseringa fører – eller kan føre – til at mange av desse nasjonale systema er i rørsle mot større fristilling. Utdanningspolitikken si internasjonalisering søker å fremme styringsordningar som støtter opp om denne fristillinga. Internasjonalisering blir sett på både som eit symptom og ein årsak til dei endringane i rommet som omformer relasjonar mellom utdanning, samfunn og politikk. Fokuset flytter seg såleis og frå systemtrekk til organisasjonsautonomi, og den ”nye” internasjonaliseringa blir del av ein brei utdanningspolitikk som søker å skape større autonomi og entreprenørskap innan sektoren. Der staten gir frå seg innflytelse kan utdanningsorganisasjonane søke innpass. Eit språk om nettverk og nodar på tross av og på tvers av grenser erstattar det nasjonalstatskulturelle systemspråket, og kvalitet og kvalitetskontroll blir innan denne internasjonaliserte utdanningspolitikken kanskje meir forma av mistillit enn tillit (Sursøck 2005, Haakstad 2005). Kva som blir forstått som kvalitet vil såleis også endre seg. Kvalitetskriteria flytter seg frå ”systemet” til den enkelte organisasjon og aktørane innan denne, men paradoksalt nok, eller kanskje på grunn av mistillit – innanfor eit veksande byråkrati av regelsetting, rettleiing og kontroll, tilsynelatande særleg når det gjeld internasjonalisering.

Denne studien viser likevel, på tross av forventningar skapt av Kvalitetsreforma og den internasjonaliserte utdanningspolitikken den reflekterer, at internasjonalisering er del av og forsterkar ein nasjonal politikk for sektoren. Den fremmer ei internasjonalisering som forsterkar relasjonen mellom staten og internasjonalt ansvarlege i sektoren sine organisasjonar, meir enn å fremme ein meir eller mindre samordna strategi mellom aktørane innan den enkelte organisasjonen. Måten det internasjonale arbeidet er organisert på, haldningane til dei faglege tilsette og også måten studentane orienterer seg i rommet på, viser at det framleis i hovudsak er gammal internasjonalisering som blir fremma. Dette forsterkar inntrykket av at det er den faglege kyndigheita til dei internasjonalt ansvarlege, og dei mål dei arbeider etter når det gjeld utveksling, som er drivkrafta i prosessen. Dermed er det og forholdet til sektoren, i stor grad definert av SIU, og dei tiltak som løfter

i breidda som blir fokusert og støtta, eller som det blir bygd kompetanse omkring og som det offentlege apparatet søker å vidareføre gjennom dei ulike avtalar og tiltak dei forvaltar. Dei internasjonaliseringstiltak og den kompetanse den bygger på, og den autoritet den blir utøvd med, knyter sektoren nærare til staten, og går såleis mot den internasjonale utdanningspolitikken sine kjerneverdier, uttrykt som sterkare fristilling. Den verkar utjamnande mellom dei enkelte organisasjonane, til tross for den store variasjonen som historia har skapt innan sektoren.

Kvalitetsreforma har skapt eit viktig og avgjerande grunnlag for internasjonalisering i sektoren. Men internasjonalisering har i mindre grad fremma variasjon og spissing, eller gjort internasjonalisering til eit konkurransefortrinn som fremmer dei beste i det internasjonale rommet. Den har ikkje prioritert forskingsuniversitetet framfor andre, eller dei beste studentane. Målet er at alle skal kunne reise ut, og når ein ser sektoren under eitt, ser dette ut til å ha ført til eit fokus mot breidde, der det internasjonale kontoret har rolla som tilretteleggar. Og alle dei internasjonalt ansvarlege ser ut til å vere underkasta den same skoloring, den same profesjonalisering, til tross for store variasjonar i sektoren. Internasjonalisering ser ut til å ha reproduisert det nasjonale utdanningssystemet, meir enn å skape former for diversifisering innan dette. Dette har og gjort arbeidet med å utvikle den globale solidariteten, som kanskje kunne vere truga av ”ny internasjonalisering”, til eit prioritert område for aktørar innan heile sektoren. I så måte er viktige intensjonar i Mjøsutvalet tekne vare på, medan andre, slik dei har felt seg ned i Kvalitetsreforma, er tekne vare på i mindre grad.

## Litteraturliste

- Beerens, H.J.J.G (2004). *Global opportunities and Institutional Embeddedness*. Higher Educations Consortia in European and Southeast Asia. CEPS/UT. [www.cheps.utwente.nl](http://www.cheps.utwente.nl).
- Bleiklie, Ivar (2000). "Kvalitet og fristilling". I Norgesnettrådets rapporter nr. 1/2000 fra Norgesnettkonferansen 2000. Konferansens tema: Utvalget for høgre utdanning: Frihet med ansvar. Norgesnettrådet. Oslo.
- Bleiklie, Ivar (2006). "Managing knowledge production – national and institutional strategies for Norwegian Universities". Department of Administration and Organisation theory. University of Bergen. Paper EGOS conference July 2006. Bergen
- Frølich, Nicoline (2005a). Internationalization policies and international practises in higher education institutions. Working Paper 23/2005. NIFU-STEP.
- Frølich, Nicoline (2005b). Still academic and national – Internationalisation in Norwegian research and higher education. Higher Education 2005. Springer.
- Gornitzka, Åse, Magnus Guldbrandsen and Jarle Trondal (eds) (2003). *Internationalisation of research and higher education. Emerging patterns of transformation*. NIFU. Rapport 2/2003.
- Gornitzka, Åse and Bjørn Stensaker (2004). "Norway". In: Huisman, Jeropnen and Marijk van der Wende(eds) (2004). *On cooperation and competition. National and European Policies for the Internationalisation of Higher Education*. ACA Papers on International Cooperation in Education. Lemmers Verlag & Mediengesellschaft.
- Haakstad, Jon (2005). Essay fra kontrolltårnet: Kvalitet i kvalitetsreformens tid. UNIPED nr.2/2005.
- Halvorsen, Tor, Gigliola Mathisen and Tom Skauge (2005). Identity Formation and Knowledge Shopping. Education and research in the new globality. SIU Report Series. Bergen.
- Halvorsen, Tor and Atle Nyhagen (2005). The Bologna Process and the Shaping of the Future Knowledge Societies. Conference report from the Third Conference on Knowledge and Politics. The University of Bergen. Bergen.
- Haugland, Oddvar (2006). "The quality assurance system in higher education in Norway." Særtrykk av artikkel i "Handbuch Qualität in Studium und Lehre". [www.nokut.no](http://www.nokut.no).
- Hjellbrekke, Johs (2006). "Strukturelle skillelinjer og haldningar i Kvalitetsreforma". I: Michelsen, Svein og Per Olav Aamodt (red.)(2006). *Kvalitetsreformen møter virkeligheten*. Evaluering av Kvalitetsreformen, Delrapport 1. Norges Forskningsråd, Rokkansenteret, NIFU STEP. Oslo-Bergen



- Hyam, L. (2004). "Internationalisation as seen from "downunder"". In Wächter, Bernd (Ed): *Higher Education in a Changing Environment: Internationalisation of higher education policy in Europe*. ACA Papers on International Cooperation in Education, Bonn.
- Maassen, Peter, og Therese Marie Uppstrøm (2004). "Internationalisation of higher education institutions in Northern Europe in the light of Bologna – Rethinking Nordic cooperation in higher education" NIFU STEP Rapport 8/2004
- Mathisen, Gigliola (2005). WTO and UNESCO. How will they link? In: Halvorsen, Tor and Atle Nyhagen (2005). *The Bologna Process and the Shaping of the Future Knowledge Societies*. Conference report form the Third Conference on Knowledge and Politics. The University of Bergen. Bergen.
- Mathisen, Gigliola (2006). *Alienation of higher education? Investigating Norwegian Initiatives on the General Agreement on Trade in Services*. Master thesis. Department of administration and Organisation theory. University of Bergen.
- Michelsen, Svein og Per Olav Aamodt (red.)(2006). *Kvalitetsreformen møter virkeligheten*. Evaluering av Kvalitetsreformen, Delrapport 1. Norges Forskningsråd, Rokkansenteret, NIFU STEP. Oslo-Bergen
- Nybom, Torstein (2005). "Creative Intellectual Destruction or Destructive Political Creativity? Critical Reflections on the Future of European "Knowledge Production". I Halvorsen og Nyhagen (2005) *The Bologna Process and the Shaping of the Future Knowledge Societies*. Conference report form the Third Conference on Knowledge and Politics. The University of Bergen. Bergen.
- Plewhe, Dieter et al. (2006). *Neoliberal Hegemony. A global critique*. Routledge.
- Roberts, Cecilia (2005). "UNESCO and global quality assurance". In: Halvorsen, Tor and Atle Nyhagen (2005). *The Bologna Process and the Shaping of the Future Knowledge Societies*. Conference report form the Third Conference on Knowledge and Politics. The University of Bergen. Bergen.
- Rosnes, Åge (2006). "Høyere utdanning etter kvalitetsreformen: Status quo eller nye grep?" Innlegg på UNIOs konferanse om høyere utdanning i utvikling, 04.04.06, Oslo
- Schöllner, Oliver and Olaf Groh-Samberg (2006). "The education of neoliberalism". In: Dieter Plewhe et al. *Neoliberal Hegemony. A global critique*. Routledge.
- SIU (1999). *Internasjonalisering av høyere utdanning og forskning*. Rapport til Mjøsutvalet Senter for Internasjonalt Universitetssamarbeid. Bergen.
- SIU(1999). *Kunnskapsproduksjon mellom globalisering og lokal identitet*. Rapport til Mjøsutvalget utarbeidet av Trude Rikstad og Ulf Lie. SIU.
- SIU (2001). Internationalisation of Higher Education and Research. Report presented to the Norwegian Government Commission on the Higher Education After 2000. Abbreviated Draft/English version by Ingebjørg Birkeland after report prepared by Trude Rikstad and Ulf Lie.
- SIU (2005). *Handbok i Internasjonalisering*. SIU. Bergen

Sursock, Andrée (2005). "Assuring Quality Across Borders: a European Perspective". In International Association of Universities Newsletter series. Vol.11, No. 3, October, 2005.

Teekens, Hanne (2004). "Internationalisation at home". In: Wächter, Bernd (2004). *Higher Education in a changing environment. Internationalisation of Higher Education Policy in Europe*. ACA papers on International Cooperation in Education. Lemmers Verlags- & Mediengesellschaft.

UFD (2005). Studenters rett til delstudium i utlandet. Brev til SIU, november 2005.

Wächter, Bernd (eds) (2004). *Higher Education in a changing environment. Internationalisation of Higher Education Policy in Europe*. ACA papers on International Cooperation in Education. Lemmers Verlags- & Mediengesellschaft.

### **Offentlege dokument**

NOU 1989: 13. *Grenseløs læring*. Oslo

NOU 2000: 14. *Frihet med ansvar. Om høgre utdanning og forskning i Norge*. (Mjøsutvalget). Oslo.

NOU 2006: 19. *Akademisk frihet. Individuelle rettigheter og institusjonelle styringsbehov*. UFD. Oslo

Ot.prp. nr.79 (2003-2004). *Om lov om universiteter og høyskoler*. KUF. Oslo

Ot.prp. nr.48 (2004-2005). *Om lov om utdanningsstøtte*. KUF. Oslo.

St.meld. nr.27 (2000 -2001). *Gjør din plikt – Krev din rett: Kvalitetsreform av høyere utdanning*. KUF. Oslo.

St.meld. nr.19 (2002-2003). *En verden av muligheter - globaliseringens tidsalder og dens utfordringer*. UD. Oslo

St.prp. nr.62 (1990 -91). *Om samtykke til inngåelse av en avtale, i det vesentlige i overensstemmelse med et fremlagt utkast, mellom Norge og Det europeiske økonomiske fellesskap om å etablere et samarbeid for høgre utdanning innenfor rammen av ERASMUS-programmet*. UD. Oslo

St.prp. nr.1 (2005 -2006). Programkategori 07.60: "Høgre utdanning og fagskoleutdanning". UFD. Oslo.

St.prp. nr.1 (2006-2007). Vedlegg 2: "Nøkkeltal for universitet og høyskolar".

UFD (2002). *Internasjonaliseringsstrategi for høyere utdanning – rapport fra prosjektgruppen*. Interdepartemental prosjektgruppe. UFD. Oslo



# Vedlegg 1: Kategorisering av institusjonane

## *Universitet:*

Noregs Teknisk-Naturvitskaplege Universitet  
Universitetet i Bergen  
Universitet for Miljø- og biovitskap  
Universitetet i Oslo  
Universitetet i Stavanger  
Universitetet i Tromsø

## *Store høgskular* (4000 + studentar):

Høgskulen i Agder  
Høgskulen i Akershus  
Høgskulen i Bergen  
Høgskulen i Bodø  
Høgskulen i Hedmark  
Høgskulen i Nord-Trøndelag  
Høgskulen i Oslo  
Høgskulen i Telemark  
Høgskulen i Tromsø  
Høgskulen i Sør-Trøndelag  
Høgskulen i Østfold

## *Mindre høgskular* (1000-3000 studentar):

Diakonhjemmet høgskule  
Høgskulen i Buskerud  
Høgskulen i Finnmark  
Høgskulen i Gjøvik/ Lillehammer  
Høgskulen i Harstad  
Høgskulen i Molde  
Høgskulen i Narvik  
Høgskulen i Nesna  
Høgskulen i Sogn-Fjordane  
Høgskulen i Stord/ Haugesund  
Høgskulen i Vestfold  
Høgskulen i Volda  
Høgskulen i Ålesund  
Politihøgskulen

## *Vitskaplege høgskular:*

Arkitektur- og Designhøgskulen i Oslo  
Det Teologiske Menighetsfakultet

Noregs Idrettshøgskule  
Noregs Musikkhøgskule  
Noregs Handelshøgskule  
Noregs Veterinærhøgskule

# Vedlegg 2: Intervjuguide for internasjonalt ansvarleg

## 1. Bakgrunnsdata og biografiske data

### a. Utdanningsnivå:

- Fag ved universitet eller høyskule
- Cand. Mag. eller tilsvarande
- Hovudfag eller tilsvarande
- Dr.grad
- Anna

### b. Faglig bakgrunn/ retning

- Hovudsakleg samfunnsfag
- Hovudsakleg naturfag/realfag
- Hovudsakleg juss
- Hovudsakleg humanistiske fag
- anna

### c. Kva stillingstittel har du:

- Leder for internasjonalt kontor
  - Direktør/underdirektør for internasjonalt kontor
  - Kontorsjef for internasjonalt kontor
  - Internasjonalt ansvarlig
  - Andre måtar å organisere internasjonalt arbeid på
- d. I kor mange år har du hatt di noverande stilling
- e. I kor mange år har du arbeidet med internasjonale saker
- f. Kor arbeida du før du starta i den stillinga du har no:
- Ved same høyskule eller universitet
  - Ved annan arbeidsplass

## 2. Opplysningar om det internasjonale kontoret som du arbeider ved.

- a. *Dersom relevant:* kor lenge har det vore eit internasjonalt kontor ved din organisasjon?
- b. *Dersom det ikkje er eit internasjonalt kontor:* korleis er internasjonalisering organisert
- c. Kor mange meiner du jobbar med internasjonale saker ved din høyskule eller universitet.
- d. Kor mange fulle stillingar meiner du det utgjør:
- e. Kor mange er tilsett ved ditt kontor/avdeling:
- f. Har din høyskule/ditt universitet eit internasjonalt utval.
- Kor ofte deltar du i møter i dette utvalet i løpet av et år.
  - Kor mange personar sitter i dette utvalet.
  - Viss nei: er det planar om å opprette et slikt uval
- g. Kven er dine nærmaste overordna.
- h. Korleis rapporterer du til dine overordna
- for eksempel: Leverer du rapport kvart år til dine overordna om det internasjonale arbeidet.

i. Synes du at de tema du tar opp med dine overordna - eller i det internasjonale utvalet - blir tatt omsyn til av leiinga.

### **3. Tidsbruk fordelt på arbeidsområde:**

a. Kva av følgjande arbeidsoppgåver bruker du mest tid på i løpet av fire veker:

- Studentutveksling; innreisande studentar
- Studentutveksling; utreisande studentar
- Utforme og iverksette avtaler relatert til mobilitet (av studentar, men også forskarar eller anna personale).
- Kontakt med fagmiljø ved egen høgskule eller universitet
- Kontakt om forskning (enkeltforskere, prosjekt, NUFU avtaler, eller anna)
- Saksforberedelse for leiinga
- Reiser og nettverksbygging, møter utanom egen organisasjon, etc.
- Møter internt innan det internasjonale kontoret

b. Kva av følgjande arbeidsoppgåver ville du prioritere sterkare i framtida, dersom du kunne velje

- Studentutveksling
- Kontakt med fagmiljøa
- Kontakt med leiinga

c. Kor mange konferansar eller liknande av *kompetansebyggande karakter* deltok du på i 2005:

- Kor mange av disse var innan Noreg
- Kor mange var organisert av SIU
- Kor mange i Europa
- Av desse EAIE (European Association for international Education)
- Av desse ACA (Academic Cooperation Association)
- Kor mange utanfor Europa
- Kva då?

### **4. Bakgrunn for internasjonaliseringsarbeid ved din utdanningsorganisasjon og korleis internasjonalisering kan påverke kvaliteten ved din organisasjon.**

a. Generelt: Kvifor er internasjonalisering viktig for ditt universitet eller høgskule? Og korleis meiner du internasjonalisering kan bidra til kvalitetsheving?

b. Kan du ta stilling til følgjande påstandar:

- Det blir hevda at det USA har de beste (forsknings) universiteta i verden. Er du einig i denne påstanden?
- Det blir ofte hevda at universitet og høgskolar må prøve å samarbeide med dei som er betre for dermed sjølv å bli betre. Er du einig i dette?
- Det blir hevda at internasjonalisering er for mykje fokusert på studentutveksling og studentmobilitet. Er du einig i dette?
- Det blir hevda at internasjonalisering i for liten grad tar omsyn til utviklingsland. Er du einig i dette?

- Det blir hevda at interessa for utveksling innan Europa er for liten og at vi i større grad må prioritere Europa. Er du einig i dette?

c. Dersom du sto overfor følgjande dilemma, kva vil du da velje:

- 1) Prioritere forskarutveksling eller studentutveksling?
- 2) Sende studentar til USA eller til Aust-Afrika
- 3) Rekruttere studentar frå Europa eller frå andre verdsdelar?

d. Korleis meiner du Kvalitetsreforma har styrka ditt arbeid for internasjonalisering ved din organisasjon?

## **5. Forholdet mellom myndigheiter og sektoren.**

Departementet, NOKUT og SIU er blant anna viktige offentlige organisasjonar som er med å styre utdanningssektoren og påverkar deira rom for internasjonalisering. Statens Låneklasse spelar og ei rolle gjennom sin låne- og stipendpolitikk.

a. Bør myndigheitene gi klarere signal om korleis internasjonalisering skal drives?

*eller:* Setter myndigheitene for snevre grenser for internasjonaliseringsaktivitetane ved din organisasjon?

b. Kva er dine meiningar om følgjande:

- Bør reglene for Statens Låneklasse endrast slik at det blir lettare for din institusjon å styre studentstrømmen.

- Bør studentutveksling berre skje innanfor avtaler eller program som er inngått på førehand

- Bør myndigheitene i større grad enn no koordinere organisasjonanes mange bilaterale avtaler

- Bør studentutveksling og forskarutveksling skillast sterkare frå kvarandre

- Bør NOKUT utvikle klarere kriterium for kva som er kvalitet i internasjonaliseringsarbeidet.

- Kjenner du til nokre slike kriterium for kvalitet i dag som har hatt betydning for ditt arbeid?

- Bør NOKUT pålegge dei enkelte organisasjonane å utvikle klarere kvalitetskriterium for eige internasjonaliseringsarbeid

- Bør NOKUT haldast utanfor internasjonaliseringsarbeidet

- Bør SIU, som skal fremme norsk internasjonalisering, styrkes som myndigheitsorgan

c. SIU har ei rekke oppgåver ovanfor utdanningssektoren. Nemn dei to viktigaste oppgåvene for deg og ditt kontor.

d. Kva kan SIU gjøre annleis enn i dag for å gje betre støtte til ditt internasjonale kontor?

e. Har du lest SIU dokumentet "Strategi 2005-2010"?

f. Har du lest "Handbok i internasjonalisering"?

g. Bør SIU støtte arbeidet med internasjonalisering av forskinga i større grad i framtida

h. Kor ofte hadde du kontakt med tilsette i Kunnskapsdepartementet i løpet av 2005 om saker som omhandlar internasjonalisering (eit overslag). Kva har vært de viktigaste temaa?

i. Kor ofte hadde du kontakt med NOKUT i løpet av 2005. Kva har vært viktigaste tema.

j. Kor ofte hadde du kontakt med SIU i løpet av 2005 (dvs. alt frå brev, e-post - og telefonkontakt). Kva har vært viktigaste tema.



k. Meinar du at det trengs ein sterkare nasjonal politikk for å sikre at internasjonalisering styrker kvalitet i utdanninga på nokre av følgjande områder:

- Studentutvekslinga
- Etableringa av avtaler
- I arbeidet med å fremme internasjonaliseringa som eit leiingsansvar for den einkilde - utdanningsorganisasjon
- Ta i mot og koordinere besøk/delegasjonar frå utlandet.
- Marknadsføring av norske utdanningar i utlandet
- Ta kontakt med og ta del i nasjonale og internasjonale fora, utdanningsmesser, ol.
- I utarbeiding av skriftlig informasjonsmateriale
- I arbeidet med å finne gode samarbeidspartnarar
- Anna

l. Universitets- og Høgskolerådet (UHR) er interesseorganisasjonen til sektoren i Noreg. Kunne du tenke deg at UHR viste eit sterkare engasjement på vegne av sine medlemmer på eit eller fleire områder som angår internasjonalisering?

## **6. Om arbeidet i organisasjonen**

Nedanfor vil vi vite noko om kor godt du føler du kjenner fagmiljøa og korleis du arbeider i organisasjonen for å fremme kvalitet gjennom internasjonalisering.

a. Kor ofte har du eller nokon ved ditt kontor møter med institutt, fagseksjonar eller andre grunnmiljø innanfor høgskulen eller universitetet

b. Kva syns du er viktigast å formidle til grunnmiljøa av følgjande:

- Generell informasjon om viktigheita av internasjonalisering
- Om bruken av avtalar
- Om erfaringar frå studentane som er eller som har vore ute
- Om mulige koplingar mellom forskning- og studentutveksling
- Om korleis internasjonalisering kan styrke høgskulen eller universitetet i konkurransen med andre
- Om korleis pensum og undervisning kan leggest opp med ein internasjonal dimensjon
- Eller andre ting?

c. Har du informasjon/ erfaringar frå fagmiljøa om:

- Kva ressursar dei sjølv har til å drive med internasjonalisering
- Kor dei føretrekker å sende studentar
- Om bilaterale avtaler dei gjerne vil inngå
- Om korleis avtaler blir brukt
- Om korleis internasjonale studentar blir integrert i fagmiljøet
- Om korleis internasjonalisering er del av undervisning og forskning
- Om korleis bruken av engelsk i undervisninga verker inn på undervisninga

d. Undervisningstiltak på engelsk er ein føresetnad for internasjonalisering.

- Kor mange kurs er det på engelsk ved din institusjon
- Kva planar har de for framtidige engelskspråklig undervisning
- Har de møtt motstand mot vidareutvikling av engelskspråklig undervisning
- I kva grad blir det satsa på norskopplæring for utanlandske studentar

- e. Syns du dei faglig tilsette generelt er for passive når det gjeld internasjonalisering
- f. Syns du ditt kontor bør arbeide meir gjennom fagmiljøa
- g. Syns du ditt kontor bør arbeide meir via leiinga
- h. Bør studentutvekslinga knytast nærmare til pågåande forskning og forskarnettverk
- i. Bør internasjonalt kontor få meir ansvar for internasjonalisering ved doktorgradsutdanninga

### **7. Økonomi og leiing:**

- a. Kor stor del av det samla budsjettet til ditt universitet eller høgskule vil du sei, ut frå dine berekningar, går til internasjonaliseringstiltak og drift av slike tiltak
- b. Bør det løyvast meir pengar til internasjonaliseringstiltak? Kvifor?
- c. Har de egne strategiske planar for internasjonalisering ved din institusjon som vedtatt av institusjonen sitt styre?
- d. Har internasjonalisering blitt eit leiingsansvar ved din organisasjon
- e. Blir internasjonalisering etter din meining prioritert høgt nok av leiinga ved din organisasjon

### **8 Grenser for internasjonalisering.**

Nedanfor er vi interessert i å kartlegge om du syns det er nokre grenser for internasjonalisering.

- a. Bør det være ei karaktergrense for studentar som blir sendt ut
- b. Bør vi i større grad enn no anstrenge oss for at de beste studentane reiser ut til universitet som er gode
- c. Ser du ein fare for, eller ein tendens til, at studentar med dårlige karakterar har vanskelig for å finne utvekslingsuniversitet.
- d. Bør avtalene innehalde karaktergrense
- e. Er det ein tendens til at dårlige studentar hamner på det som internasjonalt er rangert som et tilsynelatande dårligare universitet
- f. Syns du dei innkomande studentane er godt nok kvalifisert
- g. Kor kommer de dårlige studenten frå
- h. Fins det grenser for bruk av engelsk som undervisningsspråk
- i. Har de opplærings tiltak for de tilsette som skal/må undervise på engelsk
- j. Kva meiner du er grensa for kor mange studentar frå utlandet din institusjon kan ta i mot

### **9 Internasjonalisering heime**

Her vil gjerne vite noko om dei aktivitetane som vi kan knytte til internasjonalisering heime. Internasjonalisering heime viser til tiltak satt i verk for å fremme ein internasjonal profil og ein internasjonal dimensjon ved de aktivitetane som føregår ved eigen organisasjon. Det er mindre vekt på ”mobilitet”, meir vekt på aktivitet, og kan også inkludere strategiar for betre å integrere våre nye landsmenn/kvinner.

- a. Har ditt kontor diskutert internasjonalisering heime som et eige tiltaksområde
- b. Har de ein egen strategi for internasjonalisering heime
- c. Kan du nemne nokre konkrete tiltak som angår internasjonalisering heime.

**10. Nokre generelle spørsmål som vi ønskjer svar på ut frå kva du trur, veit eller syns:**

- a. Har internasjonalisering bidratt til å styrke deltakinga til din organisasjon i gode nettverk av utdanningsorganisasjonar
- b. Har internasjonalisering bidratt til styrka forskingsnettverka som forskarane har delteke i
- c. Har internasjonalisering bidratt til heva organisasjonens relative anseelse i Noreg
- d. Har internasjonalisering bidratt til fremma nokre fagmiljø ut over det som elles hadde vore mogleg
- e. Har internasjonalisering styrka dei norske myndigheitenes inntrykk av din organisasjon
- f. Er internasjonalisering ein del av kvalitetsvurderingane (kvalitetssikringssystemet) ved din institusjon?
- g. Har internasjonalt kontor bidratt til å utvikle eigne kvalitetsmål for internasjonalisering
- h. Føler du at du har god nok innsikt i fagmiljøa til å drive fram internasjonaliseringa i tråd med dei planane som er lagt
- i. Kva meir vil du sei om dei ulike forhold vi har diskutert som kan vere med å styrke det internasjonale kontoret sitt arbeid og din rolle som internasjonal leiar

**11. Til slutt har vi nokre målsettingar for internasjonalisering som vi vil at du skal sei deg einig eller ueinig i. Vil internasjonalisering:**

- Heve studentanes kulturelle kompetanse
- Betre studentanes faglige kunnskapar
- Styrke studentanes framtidige arbeidsmoglegheiter og karriere
- Styrke samarbeid med andre utdannings- og forskingsorganisasjonar
- Styrke forskarnettverka
- Styrke økonomien til din utdanningsorganisasjon
- Styrke det norske utdanningssystemet
- Styrke ryktet til din utdanningsorganisasjon.
- Styrke konkurranseevna til din utdanningsorganisasjon
- Styrke den europeiske identiteten til den enkelte student
- Styrke forskarane si deltaking i europeiske forskingsprogram
- Styrke din organisasjon som ein europeisk utdanningsorganisasjon
- Styrke Europa som utdanningsunion
- Skape betre innsikt i globale spørsmål
- Fremme ein global identitet
- Styrke kunnskapen om fattige lands vilkår
- Bidra til at fattige land blir utvikla til kunnskapssamfunn
- Bidra til å styrke politiske forbindelsar mellom vårt land og land i sør
- Fremme Noreg i den internasjonale kunnskapskonkurransen
- Styrke evna til å utvikle ein kunnskapsøkonomi
- Styrke de norske utdanningsorganisasjonanes evne til å konkurrere om internasjonale studentar
- Skape betre forskingsorganisasjonar som kan konkurrere med USA